







NVE

ÅRSRAPPORT FOR NVE 2025

Mai 2026



NVE Rapport nr. 14/2026
Årsrapport for NVE 2025

Utgeve av: Noregs vassdrags- og energidirektorat
Omslag: Simon Oldani

Med bidrag frå alle avdelingar.

ISBN: 978-82-410-2550-1
ISSN: 2704-0305
Saksnummer: 202602283

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Telefon: 22 95 95 95
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Mai 2026

Innhald

1	DEL I MELDING FRÅ LEIAREN	5
2	DEL II INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	7
2.1	OMTALE AV NVE OG SAMFUNNSOPPDRAGET	7
2.2	UTVALDE VOLUMTAL OG NØKKELTAL	9
3	DEL III AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2025	10
3.1	HOVUDMÅL 1 NVE SKAL BIDRA TIL EI SAMLA OG MILJØVENNLEG FORVALTNING AV VASSDRAGA....	10
3.1.1	<i>Delmål 1.1 Ha god oversikt over hydrologi og vassressursar i Noreg og gjere hydrologiske data og analysar lett tilgjengelege</i>	<i>11</i>
3.1.2	<i>Delmål 1.2 Ha god kunnskap om konsekvensane inngrep, andre fysiske påverknader og klimaendringar har for vassressursar og miljø.....</i>	<i>11</i>
3.1.3	<i>Delmål 1.3 Vege interessene for miljø og brukarar mot kvarandre når nye tiltak og endringar i eksisterande tiltak blir behandla</i>	<i>12</i>
3.1.4	<i>Delmål 1.4 Sjå til at miljø- og sikkerheitskrav som blir stilte til nye og beståande vassdragsanlegg, blir oppfylte</i>	<i>12</i>
3.1.5	<i>Delmål 1.5 Bidra til god forvaltning av vassdragsvernet</i>	<i>14</i>
3.1.6	<i>Delmål 1.6 Bidra til gjennomføring av vassforskrifta med særleg omsyn til vasskraftproduksjon og ei sikker energiforsyning.....</i>	<i>15</i>
3.1.7	<i>Delmål 1.7 Bidra til å ta vare på og formidle kulturmiljø i sektoren og norsk vassdrags- og energihistorie</i>	<i>15</i>
3.2	HOVUDMÅL 2 NVE SKAL FREMJE SAMFUNNSØKONOMISK PRODUKSJON, OVERFØRING OG BRUK AV ENERGI	17
3.2.1	<i>Delmål 2.1 Ha god kunnskap om ressursgrunnlag, utvikling i kostnader og lønnsemd og miljøeffektar for aktuelle energiteknologiar</i>	<i>19</i>
3.2.2	<i>Delmål 2.2 Ha god kunnskap om kostnader, verknader av klimaendringar, kraftforbruk, produksjon og forsyningsikkerheit i kraftsystemet</i>	<i>19</i>
3.2.3	<i>Delmål 2.3 Ha god kunnskap om utviklinga i energibruken for ulike energiberarar og formål og kva faktorar som påverkar utviklinga</i>	<i>20</i>
3.2.4	<i>Delmål 2.4 Ha god oversikt over dei relevante utviklingstrekk i det europeiske energisystemet og politikk- og regelverksutviklinga i EU og korleis utviklinga påverkar Noreg</i>	<i>21</i>
3.2.5	<i>Delmål 2.5 Bidra til samfunnsøkonomisk rett ressursutnytting gjennom konsesjonsbehandling av anlegg for produksjon og overføring av energi.....</i>	<i>22</i>
3.2.6	<i>Delmål 2.6 Sjå til at vilkår i løyve til utbygging og drift av anlegg for produksjon og overføring av energi blir følgde opp.....</i>	<i>23</i>
3.2.7	<i>Delmål 2.7 Bidra til effektiv energibruk og effektiv utvikling av kraftnettet og produksjonsressursane, medrekna lokal energiproduksjon og fjernvarme</i>	<i>23</i>
3.2.8	<i>Delmål 2.8 Støtte departementet med å legge rammene for utvikling av havvind.....</i>	<i>25</i>
3.3	HOVUDMÅL 3 NVE SKAL FREMJE EI SIKKER KRAFTFORSYNING	26
3.3.1	<i>Delmål 3.1 Overvake og analysere utviklinga i kraft- og effektbalansane på kort og lang sikt</i>	<i>27</i>
3.3.2	<i>Delmål 3.2 Ha god oversikt over kraftsituasjonen i dei ulike regionane og vere førebudd på moglege situasjonar med underskot av kraft og andre anstrengde kraftsituasjonar</i>	<i>28</i>
3.3.3	<i>Delmål 3.3 Sjå til at sikkerheita og beredskapen i kraftforsyninga er god, gitt ny risiko som følgje av klimaendringar, digitalisering og eit nytt sikkerheitspolitisk bilede, og at krava til sikkerheit og beredskap blir oppfylte</i>	<i>28</i>
3.4	HOVUDMÅL 4 NVE SKAL SETJE SAMFUNNET I BETRE STAND TIL Å HANDTERE RISIKO FOR FLAUM OG SKRED I EIT KLIMA I ENDRING.....	32
3.4.1	<i>Delmål 4.1 Auke kunnskapen i samfunnet om flaum- og skredfare</i>	<i>33</i>
3.4.2	<i>Delmål 4.2 Bidra til at det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til flaum- og skredfare ved arealplanlegging</i>	<i>34</i>
3.4.3	<i>Delmål 4.3 Redusere risikoen for flaum- og skredfare ved å bidra til fysiske sikringstiltak og kartlegging av fare.....</i>	<i>35</i>
3.4.4	<i>Delmål 4.4 Redusere konsekvensane av flaum- og skredhendingar gjennom overvaking, varsling, beredskap og rådgiving.....</i>	<i>36</i>

3.4.5	Delmål 4.5 Fremje godt samarbeid mellom aktørane på flaum- og skredområdet.....	38
3.4.6	Delmål 4.6 Støtte kommunane med å førebyggje skadar frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk og rettleiing til kommunal arealplanlegging	40
3.5	ANDRE OPPDRAG I TILDELINGSBREVET FOR 2025.....	40
3.5.1	Langsiktig utvikling, forbetring og effektiv ressursbruk	40
3.5.2	Strategi og styring av digitaliseringsarbeidet.....	41
3.5.3	Bistand til kommunane etter samfunnsøkonomiske kriterium (NY).....	43
3.5.4	Innføring av statlege rekneskapsstandardar (SRS)	44
3.5.5	Rapportering på FNs berekraftsmål.....	44
3.5.6	Forskning og utvikling av forvaltningskompetanse.....	45
3.5.7	Internasjonal oppdragsverksemd.....	47
3.5.8	Fellesføringar.....	48
4	DEL IV STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	51
4.1	OVERORDNA VURDERING AV STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA.....	51
4.2	OVERORDNA RISIKO OG KOR VESENTLEGE FORHOLDA ER.....	53
4.3	FØREBYGGJANDE SIKKERHEITSARBEID – SIKKERHEITSTYRING	54
4.4	BRUK AV RESSURSA OG UTVIKLING I TALET PÅ ÅRSVERK	55
4.5	BEMANNING OG PERSONALFORVALTNING	55
4.5.1	Bemannings-, kapasitets- og kompetansesituasjonen i verksemda	55
4.5.2	Vesentlege forhold når det gjeld personale, arbeidsmiljø, ytre miljø med meir	57
4.6	BRUK AV LÆRLINGAR OG STUDENTAR	58
4.7	LIKESTILLINGSUTGREIINGA.....	58
4.8	OPPFØLGING AV REVISJONSMERKNADER	60
4.8.1	Energieffektivisering	60
4.8.2	Arbeid med å tilpasse infrastruktur og busetnad til eit klima i endring	60
5	DEL V VURDERING AV FRAMTIDA	61
6	DEL VI ÅRSREKNESKAP	67
6.1	KOMMENTAR FRÅ LEIAREN	67
6.1.1	Innleiing	67
6.1.2	Stadfesting.....	67
6.1.3	Vesentlege forhold når det gjeld årsrekneskapan	67
6.1.4	Nettoføring av meirverdiavgift for statsforvaltninga.....	68
6.1.5	Mellomvære med statskassa	68
6.1.6	Revisjon av rekneskapan.....	68
6.2	PRINSIPPNOTE – LØVINGS- OG ARTSKONTORAPPORTERING	70
6.2.1	Rapportering på løyvinga.....	70
6.2.2	Rapportering på artskonto	70
6.3	LØVINGSREKNESKAPAN (KONTANT).....	72
6.4	PRINSIPPNOTE – VERKSEMDSREKNESKAP.....	77
6.4.1	Opningsbalanse	77
6.4.2	Transaksjonsbaserte inntekter	77
6.4.3	Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar.....	77
6.4.4	Kostnader.....	77
6.4.5	Pensjonar	78
6.4.6	Leigeavtalar.....	78
6.4.7	Klassifisering og vurdering av anleggsmidlar.....	78
6.4.8	Eigenutvikling av programvare.....	78
6.4.9	Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld	78
6.4.10	Behaldning av varer og driftsmateriell.....	79
6.4.11	Fordringar	79
6.4.12	Kapitalen til staten.....	79
6.4.13	Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	79
6.4.14	Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	79

6.4.15	Statlege rammevilkår	79
6.5	VERKSEMDSREKNESKAPEN	80
6.6	PROSJEKTRKNESKAP	88
6.6.1	<i>Digitaliseringsprogram og delprosjekt innanfor utviklingsporteføljen</i>	88
6.6.2	<i>Havvind – strategisk konsekvensutgreiing og førebuing av havvindareal</i>	89
6.6.3	<i>Utgreiingar og utvikling av nye kraftmarknadsmodellar mv.</i>	89
6.7	SÆRSKILDE REKNESKAPSOVERSIKTER	89
6.7.1	<i>Særskilt rekneskapsversikt kapittel 1825, post 21</i>	89
6.7.2	<i>Særskilde rekneskapsversikter kapittel 1820, post 23</i>	90
6.8	TILSKOT OG TILSKOTSORDNINGAR.....	91
7	VEDLEGG TIL ÅRSRAPPORT 2025	93
7.1	VEDLEGG 1 RAPPORTERING PÅ LIKESTILLINGSUTGREIINGA.....	93
7.2	VEDLEGG 2 ÅRSRAPPORT FOR RME 2025	95

1 DEL I MELDING FRÅ LEIAREN

2025 var eit år med store vêrkontrastar. I Troms og Finnmark registrerte vi dei største snømengdene sidan 1950-talet, medan Sør-Noreg hadde varmt vêr, lite nedbør og svært lite snø.

Natt til 4. oktober trefte ekstremvêret Amy store delar av Sør-Noreg. Omtrent 150 000 husstandar mista straumen. Rundt 170 vegar blei stengde på grunn av velte tre, flaum og jordskred. Togtrafikken på fleire hovudlinjer – blant anna Sørlandsbanen og Dovrebanen – blei innstilt. NVE bidrog til handteringa av situasjonen gjennom varslingsstenestene våre og gjennom å støtte kommunar som blei ramma av uvêret.

NVE støttar kommunane i arbeidet med naturfarar også utanom akutte faresituasjonar. Gjennom heile året arbeider vi tett med kommunar i heile landet om kartlegging av naturfarar, rettleiing, rådgiving i arealplanlegging, handtering av bekymringsmeldingar, bygging av sikringstiltak og overvaking og varsling. I 2025 kartla vi fleire hundre faresoner for kvikkleire, utarbeidde mange nye flaumsonekart og gav innspel og fråsegner i nær 5 000 arealplansaker.

I Midt- og Nord-Noreg var det i 2025 til tider rekordhøg magasinffylling og svært låge kraftprisar – blant dei aller lågaste kraftprisane i Europa. I det sørlege Noreg samla var magasinffyllinga gjennom året lågare enn historisk normalt etter ein snøfattig vinter 2024/2025. Det bidrog til at kraftprisane i større grad blei påverka av prisnivået på kontinentet.

Innføringa av straumstøtte og noregspris har gjort at hushalda i stor grad har vore skjerma for dei høgaste prisane gjennom året. Desse ordningane blir forvalta av Reguleringsmyndigheita for energi (RME) i NVE.

Kraftsystemet er samfunnskritisk infrastruktur. Trusselbildet er skjerpa, og dei siste åra har NVE gjennomført fleire tiltak for å styrkje beredskapen i kraftsystemet. I 2025 blei regelverket for kraftsensitiv informasjon skjerpa. Meir informasjon om kraftsystemet må nå skjermast. Mot slutten av året sende vi på høyring eit forslag om å styrkje reparasjonsberedskapen. Forslaget er at nettselskapa må ha på plass reparasjonsberedskap for å handtere ein situasjon med to samtidige sabotasjehendingar. Vi reknar med å innføre dei nye krava i 2026.

I 2025 gjorde NVE meir enn 760 vedtak knytte til konsesjonar, ein auke på over 200 vedtak frå året før. Vedtaka i 2025 inkluderer alt frå store vasskraftsaker som Mauranger 2, Nye Tunnsjødal og Sarp 2 og store nettsaker som Skaidi-Lebesby i Finnmark til mindre saker om solkraft og småkraft.


Den sterke auken i talet på vedtak er eit resultat av det målretta arbeidet i NVE dei siste åra med å styrkje saksbehandlingskapasiteten og redusere tida det tar å behandle ein konsesjonsøknad. Nokre av tiltaka handlar om å etablere digital støtte til nettutvikling, konsesjons- og tilsynsprosess. I løpet av 2025 ferdigstilte vi fleire nye digitale tenester som forenkla arbeidet for både bransjen og saksbehandlarane våre.

Etter fleire år med få saker og lite utbygging ligg det no an til ei rekkje nye, store utbyggingar dei neste åra, inkludert nytt kraftnett. I løpet av 2025 fekk vi inn fleire store vasskraftsaker enn vi til saman har fått inn dei siste ti åra. Dei fleste av desse gjeld opprusting og utviding av eksisterande

vasskraft. Sjølv om ikkje alle prosjekta kjem til å bli realiserte, peiker den store auken i nye prosjekt mot ein sterk auke i installert kapasitet i åra framover.

Reguleringsmyndigheita for energi (RME) er ei uavhengig eining i NVE. RME utarbeider sin eigen årsrapport, som ligg ved denne årsrapporten.

Oslo, 1. mai 2026



Kjetil Lund
vassdrags- og energidirektør

2 DEL II INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

2.1 OMTALE AV NVE OG SAMFUNNSOPPDRAGET

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) i dagens form blei grunnlagt i 1921 og sorterer under Energidepartementet. NVE har ansvar for å forvalte vass- og energiresursane i landet og varetar også dei statlege forvaltningsoppgåvene innanfor flaum- og skredskadeførebygging.

NVE skal sikre ei samla og miljøvennleg forvaltning av vassdraga, fremje ei effektiv kraftomsetning og kostnadseffektive energisystem og bidra til ein effektiv energibruk. NVE skal vidare gjere samfunnet betre rusta til å handtere flaum- og skredfare gjennom førebyggjande tiltak, varsling av flaum- og skredfare og bistand ved flaum- og skredhendingar. NVE leier den nasjonale beredskapen for kraftforsyning. Vidare er det NVE som behandlar søknader om konsesjon for nettanlegg, kraftproduksjon og inngrep i vassdrag og vassuttak. NVE fører tilsyn med at miljø- og sikkerheitsvilkåra i konsesjonar og regelverk blir oppfylte både under bygging og når anlegga er i drift.

NVE arbeider med tiltak som bidrar både til å redusere klimagassutsleppa og til å tilpasse samfunnet til klimaendringane. NVE er engasjert i forskings- og utviklingsarbeid, også internasjonalt utviklingsarbeid, og er nasjonal faginstitusjon for hydrologi.

NVE samhandlar godt med relevante myndigheiter og andre aktørar og forskingsmiljø, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

EUs tredje energimarknadspakke blei gjennomført i norsk rett 1. november 2019. Frå same dato peikte Olje- og energidepartementet ut Reguleringsmyndigheita for energi (RME) som uavhengig reguleringsmyndigheit. RME fører tilsyn med dei nasjonale marknadene for elektrisitet og naturgass og har ansvar for å utvikle og følgje opp marknadsregelverket i NVE.

RME jobbar for å skape ein velfungerande og effektiv energimarknad som skal vere enkel å forhalde seg til for sluttbrukarane. RME har ei viktig rolle når det gjeld å sørge for at alle aktørane i kraftmarknaden følgjer regelverket, noko som sikrar like konkurransevilkår og effektiv drift av straumnett. RME fungerer i samsvar med vedtatte lov- og forskriftsendringar som ei eiga og uavhengig eining i NVE-organisasjonen, med eit eige budsjett fastsett av Stortinget. RME leverer ein eigen årsrapport (vedlegg 2) som supplerer årsrapporten frå NVE. Rekneskapen for RME er fullt ut rapportert i årsrekneskapen frå NVE, og talet på årsverk og alle nøkkeltal inkluderer tala frå RME.

Vassdrags- og energidirektør Kjetil Lund har leidd etaten sidan 1. april 2019. NVE har hovudkontor i Oslo og regionkontor i Tønsberg, Hamar, Førde, Trondheim og Narvik. I tillegg har vi kontor på Stranda i Møre og Romsdal og i Kåfjord i Troms.

NVE har seks avdelingar i tillegg til RME, og kvar avdeling har fleire seksjonar. Talet på seksjonar i avdelingane varierer, avhengig av fagområde og størrelse. Mange av oppgåvene NVE er sett til å løyse, blir gjennomførte i eit utstrekt samarbeid mellom ulike avdelingar og seksjonar. Samarbeid på tvers i organisasjonen er eit strategisk mål som også er reflektert i strategien vår.

Anleggsverksemda i NVE har vore gjennom ei større omstilling sidan 2017/2018.


Omstillingsprosessen blei formalisert i Prop. 1S (2017-2018), der det heiter: «*Det er lagt opp til ei omstilling av NVE Anlegg over tid kor private entreprenørar i enda større grad bygger permanente*

sikringstiltak. Det er lagt til grunn at omstillinga blir gjennomført over ein periode på tre til fem år gjennom naturlig avgang».

Omstillinga har resultert i at verksemda over år er sterkt redusert. Frå 35 tilsette i 2016 til 14 tilsette i dag. Storleiken på dagens anleggsverksemd i NVE nærmar seg eit kritisk nivå for kva som er føremålstenleg å oppretthalde og drifte. Og dette er bakgrunnen for at NVE har bestemt at anleggsverksemda skal fasast ut i løpet av ein 5-årsperiode.



Organisasjonskart



01.01.2025

2.2 UTVALDE VOLUMTAL OG NØKKELTAL

Volumtala blir omtalte nærmare i del III Aktivitetar og resultatata under dei ulike hovudmåla og delmåla.

Volumtal

Utvalde volumtal	2023	2024	2025
Skredobservasjonar (snø og jord) som er registrerte i Varsom-appen	52 783	56 769	56 092
Skred som er verifiserte og lagde inn i skredhendingsdatabasen (NSDB) ¹⁾	7 417	6 145	5 497
Avgjerder i nettsaker	275	299	410
Behandla vilkårsrevisjonar	2	6	7
Godkjende planar for nybygging og ombygging av dammar, vassvegar og småkraftverk	103	109	111
Vedtak om konsekvensklasse for dammar og vassvegar ²⁾	240	113	163
Godkjende detaljplanar for miljø og landskap, energianlegg	71	98	155
Godkjende detaljplanar for miljø og landskap, vassdragsanlegg	175	177	152
Behandla søknader om opphavsgarantiar	279	209	223
Tilsyn med energimerking av produkt	991	1 614	920
Godkjende vassdragsteknisk ansvarlege og fagansvarlege	309	180	133
Gjennomførte sikrings- og miljøtiltak	28	24	22
Svar NVE har gitt i arealplansaker	4 817	4 801	4 819
Ferdigstilte kartleggingar ³⁾	-	80	94
Reaksjonssaker	204	284	406

- 1) Tal frå NVEs skredstatistikk for skredtype isnedfall, lausmasseskred, skred frå fast fjell og snøskred. Talet kan endre seg som følge av at skredhendingar blir etterregistrerte, eller at duplikat blir fjerna i samband med kvalitetskontroll.
- 2) Talet for 2024 og 2025 er talet på brev. Fleire anlegg kan vere klassifiserte i eitt brev.
- 3) Nytt volumtal for 2024. Flaum, skred i bratt terreng og fjellskred blir kartlagt kommunevis, så for slike kartleggingar viser tabellen talet på kommunar. For kvikkleireskred viser tabellen talet på soner (64 soner i 1 kommune (Nannestad)).

Nøkkeltal

Nøkkeltal alle kapittel og postar	2025
Talet på utførte årsverk	719
Talet på avtalte årsverk	766
Talet på tilsette i alt	803
Driftskostnader	1 552 432 392
Driftskostnader per årsverk	2 158 014
Lønnsdel av driftskostnader	54 %
Lønnskostnader per årsverk	1 165 194
Reiser og diett per årsverk	46 699
Kostnader til lokale per kvadratmeter	3 565
Kostnader til lokale per årsverk	111 012
Talet på kvadratmeter per årsverk	31
Verdi anleggsmidlar	373 281 713
Avskrivingsandel	18 %
Oppretthaldingsgrad	106 %
Samla tildeling post 01-99	8 204 548 000
Grad av utnytting post 01-29	86 %

NVE gjekk over til periodisert rekneskap (etter statlege rekneskapsstandardar – SRS) i 2025, og nøkkeltala er baserte på SRS-prinsippet. Dei kan derfor ikkje samanliknast med nøkkeltal frå tidlegare år, sidan dei var baserte på kontantprinsippet. Sjå meir informasjon i del 6 Årsrekneskap.

3 DEL III AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2025

3.1 HOVUDMÅL 1 NVE SKAL BIDRA TIL EI SAMLA OG MILJØVENNLEG FORVALTNING AV VASSDRAGA

NVE legg vekt på omsynet til vassdragsmiljø ved vedtak om og oppfølging av konsesjonar til vassdragsanlegg, i vilkårsrevisjonar og ved nye flaum- og skredsikringstiltak og miljøtiltak. Vi gjer faglege vurderingar og stiller krav om avbøtande tiltak for i størst mogleg grad å bøte på dei negative konsekvensane for vassdragsmiljøet når vi gir løyve til nye tiltak. NVE deltar i nasjonale samarbeidsprosjekt og strategiprosessar, for eksempel med vassforvaltningsplanane, for å bidra til ei samla vassforvaltning i Noreg. Ved høyring av kommunale arealplanar vurderer NVE om planane tar tilstrekkeleg omsyn til vassdragsmiljø.

NVE bidrar til oppfølging av vassforskrifta. Målet om betre vassdragsmiljø må vegast mot omsynet til kraftproduksjon, reguleringsevne og forsyningsikkerheit. Eit viktig verkemiddel for å nå mange av miljømåla i vassdraga er revisjon av gamle vassdragskonsesjonar, men også innkalling og omgjering av eldre vassdragsanlegg. NVE har prioritert å behandle saker som gjeld miljømål etter vassforskrifta med frist i 2027 og 2033. Vi har vidare prioritert miljøtilsyn med anlegg under bygging for å sikre at nødvendige omsyn i vassdraga er tatt, og for å bidra til rask realisering av tiltak som er sette i gang.

Det er ei auka forventning i samfunnet om tilgang til oppdaterte og korrekte måleverdiar om for eksempel vassføring, grunnvatn og snømengder, i gode og brukarvennlege verktøy. Enkel tilgang til data av høg kvalitet er viktig for alle som arbeider med samfunnssikkerheit, for forvaltning og utnytting av vassressursane og for ulike fritidssyslar. Hydrologiske målingar er grunnlaget for mykje av arbeidet til NVE, blant anna for farekartlegging, naturfarevarsling, sikringstiltak i og langs vassdrag, informasjon om kraftsituasjonen, dimensjonering til ulike formål og forskning. Presisjonen og driftsstabiliteten i det hydrologiske målenettet blir kontinuerleg forbetra.

Data frå NVE om hydrologi og verknaden klimautviklinga har på naturfarar, vassdrag og vassdragsmiljø, er viktige i samfunnsplanlegginga. Data og rettleiing frå NVE om overvatn i byar og tettstader skal gi godt grunnlag for arealplanlegging både i dagens klima og i framtidsklimaet.

Revidering av kulturmiljø i vassdrags- og energisektoren har vore ei satsing gjennom fleire år. Hovudprosjektet for revidering av dei listeførte kulturminna var ferdig i 2025, med om lag 40 nye anlegg i elleve fylke. Ei oppdatert oversikt over kulturminne med nasjonal verdi gir oss eit betre grunnlag for å ta omsyn til viktige kulturmiljø i sektoren og bidrar til ei meir effektiv behandling av konsesjonsøknader og konsesjonspliktige tiltak.

NVE tar vare på, dokumenterer og formidlar kulturmiljø og historie knytt til norske vassdrag og norsk energi. Dette arbeidet gjer vi både i eigen regi, i samband med museumsordninga vår og saman med andre samarbeidspartnarar. Digital tilrettelegging og formidling har vore prioritert i 2025, og nettstaden kraftlandet.no er den største fellessatsinga innanfor museumsordninga til NVE.

3.1.1 Delmål 1.1 Ha god oversikt over hydrologi og vassressursar i Noreg og gjere hydrologiske data og analysar lett tilgjengelege

Målingane NVE gjer av hydrologi og kryosfære (snø, bre og is), er grunnlag for berekningar av vassressursane i Noreg og for varslinga av flaum, skred og is. Målingane blir også brukte i forvaltning og forskning generelt. Gjennom målingar, innsamling og kvalitetssikring av data til den nasjonale hydrologiske databasen og ved bruk av ny teknologi som satellittdata og dronar til overvaking og kartlegging får NVE god oversikt over hydrologien og vassressursane i Noreg. Deling og bruk av desse målingane bidrar dermed til ei samla og miljøvennleg forvaltning av vassdraga.

Det har vore høg feltaktivitet for å drifte det hydrologiske stasjonsnett. Dette har sikra dataleveransar av god kvalitet gjennom heile året. For å sikre vidare drift av stasjonsnett begynte NVE å oppgradere utdaterte instrument og kommunikasjonsløyser på målestasjonane i 2023. I løpet av 2023–2025 er alle dei 386 målestasjonane oppgraderte. Sjølv om stenginga av 2G-nettet i 2025 er utsett til 2027, har NVE følgd planen og oppgradert ferdig stasjonsnett i 2025.

Sanntidsdata frå stasjonane blir nytta blant anna av naturfarevarslinga, av kommunar, av vasskraftaktørar, til friluftsliv og fiske og til andre formål. NVE kontrollerer at det heile tida kjem inn korrekte data frå stasjonsnett gjennom målretta overvaking og feilretting av data. Kvalitetskontrollerte hydrologiske data blir blant anna nytta til analysar av klimaendringar og til å dimensjonere dammar og infrastruktur. Målestasjonar som vassdragsregulantar er pålagde å drive, utgjer ein viktig del av det nasjonale hydrologiske stasjonsnett. I 2025 har vi pålagt hydrologiske målingar i fire vassdrag og varsla pålegg i fem. Dette er nødvendig for å sikre hydrologiske data frå stasjonar som er viktige for blant anna flaumvarslinga og magasinstatistikken.

I 2025 har NVE sendt ut vedtak om at alle vassdragsregulantar som allereie er pålagde hydrologiske målingar, skal følgje NVEs retningslinje for pålagde hydrologiske undersøkingar. Dette sikrar at dei pålagde hydrologiske målingane følgjer standardiserte metodar, at krava til dataleveransar er tydelege, og at målingane er av god kvalitet uavhengig av kven som utfører målingane. For å betre IT-sikkerheita og brukarvennlegheita har vi oppdatert to av dei sentrale digitale systema som blir nytta til å sende inn data til NVE.

FNs generalforsamling erklærte 2025 som det internasjonale året for brebevaring. Det blei markert på den internasjonale bredagen 21. mars. For å auke merksemda om dei minkande breane har NVE vore synleg i media, laga nyheitssaker og deltatt på fleire arrangement rundt om i landet, blant anna i samarbeid med Den Norske Turistforening (DNT). Forskarar i NVE har publisert fleire vitenskaplege artiklar om brear som forsvinn.

3.1.2 Delmål 1.2 Ha god kunnskap om konsekvensane inngrep, andre fysiske påverknader og klimaendringar har for vassressursar og miljø

For å nå hovudmålet om ei samla og miljøvennleg forvaltning av vassdraga må vi byggje kunnskap om kva effektar ulike typar fysiske tiltak har på miljøet, både i seg sjølv og som samla belastning.

NVE nyttar kunnskap, henta inn gjennom blant anna tilsynsaktivitetar, om verknadene inngrep i vassdrag har for miljøverdiar, når vi vurderer nye eller endra krav til framtidige konsesjonsbehandlingar, og når vi reviderer vilkår i vassdragskonsesjonar. Dette arbeidet held fram i 2026.

NVE nyttar også kunnskap om miljøverknader ved etablering av nødvendige sikringstiltak mot flaum og skred.

Tiltaka skal i minst mogleg grad svekkje økologiske funksjonar og ikkje føre til nemneverdig forverring av vassmiljøet eller hindre at ein når måla i vassforvaltningsplanane. Ei viktig oppgåve er å betre kunnskapen om effekten av sikrings- og miljøtiltak. Dette gjer vi både gjennom evaluering av dei enkelte prosjekta våre og gjennom FoU-arbeid.

NVE har arbeidd vidare med dei forventa effektane av klimaendringar på vassressursane i Noreg, inkludert flaumar, tørke og snø. Resultata er i 2025 publiserte i rapporten [Klima i Norge](#) frå Norsk klimaservicesenter (KSS), som NVE er ein del av.

NVE deltar i relevante arbeidsgrupper (WG Floods, WG Groundwater, WG Ecological Status) under CIS (Common Implementation Strategy / Felles europeisk strategi for gjennomføring av vassdirektivet) som skal bidra til felles forståing av vassdirektivet og harmonisert gjennomføring på tvers av landa i EU/EØS.

3.1.3 Delmål 1.3 Vege interessene for miljø og brukarar mot kvarandre når nye tiltak og endringar i eksisterande tiltak blir behandla

Framdrift i vilkårsrevisjonar og innkallingar/omgjeringar med miljømål for 2027 etter vassforskrifta har vore særleg prioriterte gjennom heile 2025.

I 2025 leverte NVE innstilling på sju store vilkårsrevisjonar (14 konsesjonar etter vassdragsreguleringslova), to innstillingar om fornya reguleringskonsesjon, to om endring av vilkår, to om store oppgraderings- og utvidingsprosjekt (O/U-prosjekt) og ei tilråding til nedlegging. Samtidig har vi vedtatt opning av fem vilkårsrevisjonar, seks innkallingar og to utgreiingsprogram for større O/U-prosjekt. Ved utgangen av 2025 hadde vi totalt 33 vilkårsrevisjonar til behandling i tillegg til sju innkallingssaker og to konsesjonar til fornying. I 2025 har NVE gitt konsesjon/innstilling/konsesjonsplikt til nedlegging av 13 vassdragsanlegg.

Vi har også behandla 15 saker om konsesjon/konsesjonsplikt/utviding av akvakulturanlegg, 20 saker om andre vassuttak, 19 saker om midlertidig løyve og 16 saker som handla om fysiske tiltak i vasstrengen. Konsesjonsbehandlinga av nye vasskraftverk er omtalt under delmål 2.5.

I konsesjonssaker blir alle aktuelle miljø- og brukarinteresser vurderte systematisk og for kvart enkelt fagtema. Dei samla vurderingane blir som hovudregel synleggjorde og vekta i ein oppsummerande tabell.

3.1.4 Delmål 1.4 Sjå til at miljø- og sikkerheitskrav som blir stilte til nye og beståande vassdragsanlegg, blir oppfylte

Miljøtilsyn – vassdragsanlegg

Vi held fram med å prioritere å følgje opp anlegg i plan- og byggjefasen. Det er i denne fasen vi kan sjå til at miljøkrava blir oppfylte undervegs i bygginga. I tillegg kan vi sørge for at anlegga blir bygde slik at krava kan bli oppfylte når anlegga kjem i drift. Utover bygging av nye småkraftverk er mange omfattande damrehabiliteringar i gang. Miljøtilsynet følgjer opp alle desse byggjeprosjekta.

Uønskte hendingar i og langs vassdrag blir melde inn til oss. Kontrollane av desse meldingane viser at vasskraftaktørane i stor grad kjenner til krava dei skal oppfylle, men at dei kan ha ulik oppfatning av korleis dei kan gjere det. Vi erfarer at aktørane rettar avvik når dei får varsel om dette.

Dei siste åra har vi fått inn mange meldingar om ulovleg hogst av kantvegetasjon langs vassdrag. Dette tyder på at fleire har blitt merksame på kor viktig kantvegetasjonen er for livet i og langs

vassdraga. Dei mest alvorlege hendingane følgjer vi opp med reaksjonar. Frå 2026 tar statsforvaltarane over ansvaret som reaksjonsmyndigheit på dette området. NVE har derfor prioritert å behandle desse sakene hausten 2025, slik at nye saker kan handterast av statsforvaltarane.

I 2025 gjennomførte vi i overkant av 100 synfaringar. Av desse gjaldt 60 prosent kontroll av småkraftverk, dei aller fleste i byggjefasen. Dei andre var kontrollar av blant anna damrehabiliteringar, setjefiskanlegg og tiltak som følgje av vilkårsrevisjonar. Vi har også synfare 16 anlegg før godkjenning av planar.

Miljøtilsynet har auka talet på planlagde kontrollar med anlegg i drift. Vi har særleg hatt auka merksemd på slepp av minstevassføring frå småkraftverk i drift. Vi har gjennomført fysiske kontrollmålingar på fire småkraftverk, og henta inn data om slepp av minstevassføring frå ti småkraftverk. Kontrollmålingane våre viser i hovudsak at målearrangementa på anlegga fungerer. Vi avdekte ingen brot i samband med dei fysiske stikkprøvene. Gjennomgangen av data frå dokumentkontrollane held fram i 2026, og vi kjem til å publisere funna.

Tilsynsverksemda vår skal ikkje berre ha effekt hos dei anlegga vi kontrollerer; vi deler også resultat og funn for å bidra til forbetring i andre, samanliknbare anlegg og hos andre eigarar. I 2025 har vi gjort seks vedtak om retting og tre vedtak om gebyr for brot på vilkår i konsesjonen eller brot på vassressurslova. Vi informerer fortløpande på nettsidene våre om reaksjonane vi vedtar.

Erfaringane våre viser at inspeksjonar og dokumentkontrollar er nødvendig for å innhente kunnskap om verknadene av vassdragsanlegg og oppfyllinga av miljøkrav. Inspeksjonar i byggjefasen synleggjer at NVE prioriterer kontroll med viktige miljøkrav og aukar såleis merksemda om dette hos både konsesjonærar og entreprenørar. Kunnskapen frå kontrollane gir oss grunnlag for å vurdere om det er behov for nye eller endra krav, og utgjer også ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for framtidige konsesjonsbehandingar.

Damtilsyn – sikkerheit i vassdragsanlegg

Dammar har ein avgjerande funksjon i norsk elektrisitetsproduksjon og kan ofte vere viktige for flaumdemping i vassdrag. I tillegg har mange dammar vassforsyningsformål. Brot på dammar kan ha svært store konsekvensar for samfunnet. For å bidra til god sikkerheit følgjer NVE opp vassdragsanlegg (dammar og vassveggar) gjennom tilsyn. Konsekvensane ved brot, svikt eller feilfunksjon er avgjerande for kva krav som blir stilte til vassdragsanlegga og i oppfølginga frå NVE.

NVE prioriterer å følgje opp vassdragsanlegga der konsekvensane av brot er størst, og vi plasserer anlegga i éin av fem konsekvensklassar (0–4), der klasse 4 har dei største konsekvensane. Dette skal sørge for at det blir stilt rette krav til sikkerheit ved planlegging, bygging og drift.

NVE har behandla og gjort vedtak om konsekvensklasse i 142 saker. 40 av desse gjeld småkraftverk, dei fleste i konsekvensklasse 0. NVE er à jour med klassifisering av vassdragsanlegg. I 2025 hadde vi ein målretta kampanje mot eigarar av anlegg som mangla klassifisering. Alle anlegga er klassifiserte no.

Flaum er ei av dei viktigaste påkjenningane ein dam skal tole. Det er viktig å ha oppdaterte flaumberekningar som tar omsyn til endra tilsigsdata og eventuelle klimaeffektar når sikkerheita til dammane skal vurderast ved nybygging og ombygging av dammar. Sikkerheita til ein dam, og nødvendige tiltak for å få dammen i samsvar med regelverket, blir utgreidde i det som blir kalla ei

revurdering. Dei fleste revurderingane konkluderer med at det er nødvendig med tiltak for at dammane skal tilfredsstillte tekniske sikkerheitskrav i regelverket. Det er viktig at manglar blir følgde opp med planlegging og gjennomføring av tiltak, slik at sikkerheita blir varetatt.

NVE har behandla og godkjent 102 tekniske planar for nybygging og fornying av vassdragsanlegg. Av desse gjeld 12 nybygging av småkraftverk, og resten gjeld større dammar og vassvegar. Vassdragsanlegg i samband med småkraftverk er ofte i dei lågaste konsekvensklassane (0–1). Teknisk plan for anlegg i konsekvensklasse 0 treng ikkje NVE-godkjenning.

Behandlinga av flaumberekningar, revurderingar og tekniske planar gjeld i underkant av 70 prosent av vassdragsanlegga i konsekvensklasse 2–4. Det viser at eigarane prioriterer vassdragsanlegga som har mest å seie for sikkerheita, noko som også er i samsvar med målet til NVE. At eigarane følgjer opp med å gjere nødvendige tiltak på anlegga, er svært viktig for sikkerheita og noko vi er merksame på.

For at sikkerheita skal vere god, blir det stilt krav om kvalifisert personell. For dameigarane gjeld dette leiaren, vassdragsteknisk ansvarleg (VTA) og anna tilsynspersonell. Hos rådgivande ingeniørar gjeld det fagansvarlege innanfor ulike fagområde. Dei skal vere godkjende i samsvar med kvalifikasjonskrav i regelverket. I 2025 har NVE behandla 94 VTA-søknader. Vidare har vi behandla 53 fagansvarleg-søknader.

Informasjon om regelverket er gitt på bransjeseminar, i møte og på kurs om damsikkerheit. NVE legg vekt på å delta i slike forum og på å ha tett kontakt med ulike fagmiljø og dameigarar gjennom desse foruma, gjennom FoU-arbeid og gjennom internasjonal kontakt. Sjå omtale av FoU-prosjekta under punkt 3.5.4 Utvikling av forvaltningskompetanse (FoU).

I 2025 gjennomførte vi 18 revisjonar av internkontrollsystem hos dameigarar (8 meir enn i 2024), 31 inspeksjonar og 116 synfaringar av vassdragsanlegg. Synfaringane er viktige som ledd i saksbehandlinga. Avvik som er funne i revisjonane, gjeld manglar ved internkontrollsystem, beredskapsplanar, avvikshandtering og sikringstiltak av omsyn til allmenta.

Som del av tilsynet har vi varsla om vedtak om retting over 100 gonger og gjort 27 vedtak om retting. Dessutan har vi gitt 22 varsel om tvangsmulkt og gjort to vedtak om tvangsmulkt i 2025. Eitt av vedtaka blei omgjort av Energidepartementet (ED).

Damtilsynet starta arbeidet med å revidere damsikkerheitsforskrifta i 2025. Vi har som mål å levere eit utkast til revidert forskrift til ED innan første kvartal 2026.

3.1.5 Delmål 1.5 Bidra til god forvaltning av vassdragsvernet

Vassdragsvernet omfattar 390 objekt som er verna mot kraftutbygging. Ein skal også ta omsyn til verneverdiane når ein vurderer andre inngrep. I 2025 har NVE fremja motsegn mot fire arealplanar på grunn av vassdragsvernet. Vi har behandla tre søknader om konsesjon til kraftverk, der den eine var ei innkalling til konsesjonsbehandling. Vi har også vurdert konsesjonsplikt for to kraftverk i verna vassdrag. Begge konsesjonssøknadene har fått avslag, og i ei av konsesjonspliktvrderingane vedtok vi at kraftverket er konsesjonspliktig.

I 2024 starta NVE opp eit FoU-prosjekt om verna vassdrag. Norsk institutt for naturforskning (NINA) har fått i oppdrag å gjennomføre dette prosjektet. Prosjektet skal gå over fire år og er delt opp i fleire delar. NINA skal blant anna lage ei oversikt over verneverdiane som ligg til grunn for

vernevedtaka i dei 390 verna vassdraga. Oversikta skal inkluderast i datasettet Verneplan for vassdrag (Georange) og på den måten gjerast lett tilgjengeleg for forvaltninga og andre interesserte. Vidare skal NINA foreslå og teste metodar for å kartleggje verneverdiar. I eit utval av vassdrag skal dei samanlikne omfanget av inngrep og dessutan foreslå og teste ein metode for å måle inngrep i verna vassdrag. Til slutt skal dei vurdere korleis forvaltningspraksisen for verna vassdrag er og har vore.

3.1.6 Delmål 1.6 Bidra til gjennomføring av vassforskrifta med særleg omsyn til vasskraftproduksjon og ei sikker energiforsyning

NVE har ansvaret for å følgje opp vassforskrifta innanfor sektorområda våre. I 2025 har vi prioritert å behandle saker med tiltak som bidrar til at Noreg oppnår miljømål med frist i 2027 og 2033, i tråd med gjeldande vassforvaltningsplanar. Dette inneber vilkårsrevisjonar, innkallings- og omgjeringsaker og miljøtilsyn. Ein stor del av tiltaka gjeld vasskraft, og vi rettar derfor merksemd mot konsekvensar for kraftproduksjon og sikker energiforsyning i gjennomføring av planane. Vi har oppdatert status for tiltaka i Vann-Nett (vann-nett.no) undervegs.

I 2025 har NVE deltatt aktivt i alle vassregionutvala. Vi har medverka i arbeidet fram mot godkjenning av planprogram og hovudutfordringar og oppdatering av kunnskapsgrunnlaget i Vann-Nett. I tillegg har vi samarbeidd med andre myndigheiter om planlegging og oppstart av regionale arbeidsmøte om vasskraft, for å sikre at oppdaterte miljømål tek omsyn til nasjonale føringar.

NVE har også deltatt i nasjonal koordinering gjennom direktoratsgruppa for vassforvaltning, nasjonale faggrupper og nasjonal vassmiljøkonferanse. Det har blant anna omfatta å arbeide med ein nasjonal handlingsplan for vassdragsrestaurering og ein rettleiar for hydromorfologisk klassifisering. I tillegg har vi arbeidd med å førebu ein ny planprosess knytt til nye nasjonale føringar og tilbakemelding frå ESA.

I løpet av året har NVE fått fleire oppdrag frå Energidepartementet knytte til vassdirektivarbeidet. I første halvår utarbeidde NVE i samarbeid med Miljødirektoratet eit forslag til oppdatert rettleiar for sterkt modifiserte vassførekomstar, og leverte ei tilråding til ED 1. juli. Hausten 2025 har NVE arbeidd med ein gjennomgang av eldre konsesjonslause kraftverk for å styrkje kunnskapsgrunnlaget om korleis kraftverka påverkar viktige miljøverdiar, også på oppdrag frå ED.

Internasjonalt har NVE følgt med på møte i arbeidsgruppene for økologisk tilstand, grunnvatn og data- og informasjonsdeling. NVE har også deltatt aktivt i arbeidsgruppa for flaum (flaumdirektivet).

3.1.7 Delmål 1.7 Bidra til å ta vare på og formidle kulturmiljø i sektoren og norsk vassdrags- og energihistorie

NVE tar vare på, dokumenterer og formidlar kulturmiljø og historie knytt til norske vassdrag og norsk energi. Dette arbeidet gjer vi både i eigen regi, i samband med museumsordninga vår, der vi samarbeider med Anno Norsk skogmuseum (Skogmuseet) og Kraftmuseet, og saman med andre samarbeidspartnarar. Hovudmåla våre er å aktualisere og gjere vassdrags- og energihistoria meir tilgjengeleg for allmenta og å bidra til ei meir effektiv behandling av tiltak på kulturminna i sektoren.

Prioriteringar og tiltak

Felles for alt arbeidet under delmål 1.7 er at vi ser dei ulike tiltaka i samanheng, og at vi i aukande grad nyttar samarbeid som eit viktig verkemiddel.

Digital tilgjengeleggjering og formidling

Vi held fram med å utvikle dei digitale løysingane våre for å strukturere, gjenbruke og publisere informasjon og data. Resultatet er betre dokumentasjon, formidling og forskning.

Kraftlandet er den største fellessatsinga innanfor museumsordninga til NVE. Nettstaden er bygd opp av ei rekkje tematiske episodar. Vi utviklar formidlinga vår kontinuerleg og nyttar mange formidlingsgrep, som artiklar, foto, video, animasjonar, kart og podkast. I 2025 starta vi innhaldsproduksjon til episode 7 om fjellskred som vi skal publisere våren 2026. Episoden omtaler historiske norske skred, utviklinga av norsk fjellskredovervaking, korleis det er å leve med fjellskredfare og fjellskred som fenomen.

Digitaliseringa av det omfattande saksarkivet og den unike fotosamlinga til NVE har halde fram i 2025. Ein stor del foto og analog film er gjort offentleg tilgjengeleg gjennom mediebasen til NVE. DigitaltMuseum er ei viktig nasjonal teneste som blir nytta av eit stort publikum. Her har musea og NVE til saman publisert 70 000 foto dei siste åra. Foto frå NVE er nytta og omtalt i den nye norske fotohistoria frå 2025: *Usynlig til stede. Om hvordan fotografi har endret Norge etter 1945*.

Formidlinga frå musea og NVE omfattar både innlegg på seminar og konferansar og artiklar i fysiske og digitale publikasjonar. Både Kraftmuseet og NVE heldt innlegg på ein internasjonal kongress i Kiruna i regi av TICCHI – The International Committee for the Conservation of the Industrial Heritage. I kulturdirektoratsprosjektet «Bærekraftige energinarrativer» (2021–2025) arbeider vi saman med blant andre Norsk Teknisk Museum og Oljemuseet om å slutføre ein antologi som tar for seg korleis vi formidlar energihistorie i samtida.

Vi merkar ei auka interesse frå forskingsmiljø i inn- og utland (blant andre Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo, Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Politecnico di Torino) som vil forske på ulike tema innanfor vassdrags- og energihistorie. NVE og musea følgjer opp desse miljøa, noko som også styrkjer det faglege nettverket vårt. Alle tre er bevisste på å inngå nye partnerskap. Klimaproblematikk, krevjande naturforvaltning og museet som ein viktig demokratiarena står sentralt. Musea formidlar aktivt ulike tema til skuleelevar.

Internt i NVE er betydninga av å kjenne til institusjonen si eiga historie, nasjonal vassdrags- og energihistorie og kulturminne noko vi rettar stadig større merksemd mot. Det er blant anna eit viktig tema i introduksjonsprogrammet for nytilsette.

Vi har styrkt arbeidet med kommunikasjon og formidling av Kraftlandet gjennom bruk av annonsar på sosiale medium, jamlege innlegg på LinkedIn-kontoen til NVE og kontakt med Nasjonal digital læringsarena (NDLA) for å auke mengda eksterne tilvisingar til nettstaden. Talet på unike besøkjande har auka med 43 prosent, og talet på totale sidevisingar har auka med 80 prosent frå fjerde kvartal 2024 til fjerde kvartal i 2025.

Kulturminne og kulturmiljø

Hovudprosjektet for revideringa av dei listeførte kulturminna blei ferdig i 2025, med om lag 40 nye anlegg i elleve fylke. Prosjektet har ført til tettare samarbeid med kulturmiljøforvaltninga og kompetanseheving på sektoren vår. Vi har også samordna verkemidla med kulturmiljøforvaltninga i eit par fredingsaker som gjaldt kraftrelaterte kulturmiljø. Ei oppdatert oversikt over kulturminne med nasjonal verdi gir oss eit betre grunnlag for å ta omsyn til viktige kulturmiljø i sektoren og bidrar til ei meir effektiv behandling av konsesjonssøknader og konsesjonspliktige tiltak.

Vi har også jobba med eit delprosjekt for dei vassdragstekniske anlegga, oppdatert informasjon på nve.no og arbeidd med rettleiingar og kartløyisingar som skal bli ferdig i 2026.

I tillegg til dialog med fylkeskommunane har vi også halde innlegg om kulturmiljø i sektoren for blant andre kommunane i Viken, Norconsult og ED. Og i historieforteljinga vår trekkjer vi fram listeførte kulturminne frå heile Noreg for å gjere folk merksame på kulturminna og den viktige rolla dei spelar i dagens samfunn og norsk historie.

3.2 HOVUDMÅL 2 NVE SKAL FREMJE SAMFUNNSØKONOMISK PRODUKSJON, OVERFØRING OG BRUK AV ENERGI

Gjennom analysar, konsesjonsbehandling og tilsyn fremjar NVE samfunnsøkonomisk produksjon og overføring av energi. Vi formidlar kunnskap om energiteknologiar, ressursar, miljøeffektar, kostnader og energibruk. Ved høyring av kommunale arealplanar vurderer NVE om planane tar tilstrekkeleg omsyn til anlegg for energiproduksjon og nettanlegg med nasjonal og vesentleg regional interesse.

NVE mottar stadig fleire konsesjonssaker, og fekk inn om lag 730 konsesjonssaker i 2025. Det utgjer ein betydeleg auke frå tidlegare år, da det varierte mellom 364 og 540 saker per år. Eit unntak var 2024, da vi fekk inn rundt 670 saker. Saksauken har vore særleg stor innanfor nett, samtidig som det var vedvarande høgt volum av saker innanfor vasskraft, vassdragsinngrep og solkraft i 2025. Saker om konsesjon til nettanlegg er noko vi prioriterer høgt, fordi det er ein grunnleggjande føresetnad, også for ny produksjon. NVE har jobba med fleire tiltak for å behandle fleire saker i parallell og bidra til kortare leietider frå eit behov oppstår, til konsesjon og eventuell detaljplan er vedtatt. Vi har allereie sett effekten av dette ved at NVE har auka talet på vedtak vesentleg. Vi ventar å sjå ytterlegare effekt av tiltaka utover i 2026.

NVE har det siste året hatt eit systematisk arbeid for å gi digital støtte til nettutvikling, konsesjons- og tilsynsprosess. Så langt er det utarbeidd ei rekkje løysingar som er tatt i bruk:

- «Min side» for nettselskap
- løysing for digital søknad om nettkonsesjon og tidleg dialog
- PlanNett for å støtte nettutvikling, tatt i bruk av NVE, nettselskap, kommunar og fleire
- styringsverktøy for NVE med innsiktsinformasjon
- NettKart – aktørane kan forvalte eigne kartdata
- løysing for tidleg kvalitetssikring, prioritering og klassifisering av søknader for nett

Løysingane krev utvikling av ein styrkt digital grunnmur i NVE, behovskartlegging i bransjen og i NVE og val av tekniske løysingar. Arbeidet held fram også i åra framover og bidrar sterkt til å gjere NVE i stand til å handtere fleire søknader parallelt og til kortare leietider for nettutvikling og ny produksjon.

Dei siste åra har vi hatt ein tydeleg kø for saker om nettanlegg som ventar på saksbehandlar. I løpet av 2025 har vi klart å redusere køen, sjølv om det blei nokre fleire saker i kø mot slutten av året.

Talet på saker skil ikkje mellom store, komplekse saker og små saker. Talet kan derfor ikkje samanliknast direkte med tal frå andre år, ettersom ressursbehovet kan variere sterkt frå sak til sak. NVE publiserte i 2025 kvartalsrapportar som viser status for konsesjonsbehandling og detaljplanbehandling.

Som følge av kraft- og industriløftet for Finnmark har NVE blitt bedt om å prioritere konsesjonsbehandling i Finnmark. Av omsyn til dette har NVE blant anna lagt til Finnmark som prioriteringskriterium for nettkonsesjonar, og vi har også i 2025 prioritert å behandle prosjekt som er nødvendige for å nå målet regjeringa har sett. Det har blitt utarbeidd både utgreiingsprogram og innstilling på kraftleidningar i fylket. Det har vore høg aktivitet i Finnmark i samband med kraft- og industriløftet. I 2025 har vi blant anna stadfesta 11 utgreiingsprogram for dei prosjekta som skal behandlast vidare. I samband med desse prosjekta har vi deltatt på folkemøte og konsultasjonar.

NVE og RME har i løpet av 2025 støtta Energidepartementet i arbeidet med regelverksutvikling for energiforsyninga i Longyearbyen. Arbeidet held fram inn i 2026.

Dei første solkraftkonsesjonane blei behandla i 2022, og vi har no fått inn mange saker. Den 1. juli 2025 tredde ei forskriftsendring i kraft, med ei avgjerd om at solkraftverk under 10 MW skal behandlast etter plan- og bygningslova. I saker under 10 MW som var sende inn før 1. juli 2025, kunne ein velje enten kommunal behandling etter plan- og bygningslova eller behandling i NVE etter energilova.

Etter endringane i plan- og bygningslova og energilova frå 1. juli 2023 har vi no ei ordning med både områderegulering og konsesjonsbehandling for vindkraft på land. Erfaringa er at det er ønskjeleg at NVE samordnar prosessane med felles kunngjering og høyring.

Tilsyn er viktig for å sikre at energianlegg blir bygde og drivne slik dei er godkjende. I 2025 har vi prioritert tilsyn og godkjenning av planar for nettanlegg. For å leggje til rette for utbygging av nettanlegg har vi behandla detaljplanar samtidig med konsesjonen i dei sakene det har vore relevant. NVE har ikkje kø for godkjenning av detaljplanar. Vi har også godkjent planar for tre solkraftverk.

Kraftsituasjonen dei siste åra har vore svært spesiell. I det sørlege Noreg har vi sidan starten av 2021 gått frå periodar med historisk høge kraftprisar og låge magasinnivå til ei magasinfylling nærmare historisk median i 2023 og 2024.

Året 2025 har vore prega av store forskjellar mellom nord og sør. I Midt- og Nord-Noreg har det vore til tider rekordhøg magasinfylling og svært låge kraftprisar. Midt- og Nord-Noreg har hatt blant dei lågaste gjennomsnittlege kraftprisane i Norden og Europa. I det sørlege Noreg samla har magasinfyllinga vore lågare enn historisk normalt etter ein snøfattig vinter 2024/2025. Det er spesielt Sørvest-Noreg (NO2) som har hatt lågare magasinfylling og fått ein del merksemd i 2025. Ein svakare ressursituasjon sør i landet bidrog til at kraftprisane i større grad vart påverka av prisnivået på kontinentet. Sjølv med mindre prisforskjellar var kraftprisane i det sørlege Noreg framleis blant dei lågaste i Europa, men betydeleg høgare enn i Midt- og Nord-Noreg. I historisk samanheng har kraftprisane i det sørlege Noreg vore noko høge samanlikna med nivået dei siste 15 åra, men mykje lågare enn det svært høge nivået i 2022 og 2023. I likskap med dei siste åra varierer kraftprisane meir mellom timar, dagar og periodar av året enn det som har vore vanleg historisk. Dette har vist kor store svingingar kraftsystemet må handtere.

3.2.1 Delmål 2.1 Ha god kunnskap om ressursgrunnlag, utvikling i kostnader og lønnsmed og miljøeffektar for aktuelle energiteknologiar

NVE held oversikt over kor mykje ny kraftproduksjon frå vindkraft, solkraft og vasskraft som blir bygd ut i Noreg.

I 2025 har vi publisert ein eigen fagrapport for havvind i samband med den strategiske konsekvensutgreiinga. Rapporten samlar kunnskapsgrunnlaget vårt for havvind med ressurs- og kostnadsestimat utført for utgreiingsområda. Dette blir gjort i både tabell- og kartformat for å gjere informasjonen tilgjengeleg for fleire.

NVE følgjer generelt utviklinga i kostnader og lønnsmed for ulike energiteknologiar. NVE samlar òg jamleg inn data som blir brukte blant anna som grunnlag i konsesjonsbehandling og i analysar. Vi følgjer fortløpande opp miljøeffektar for dei anlegga vi vurderer gjennom enkeltsakene og det faggrunnlaget som stadig er under utvikling på nve.no.

3.2.2 Delmål 2.2 Ha god kunnskap om kostnader, verknader av klimaendringar, kraftforbruk, produksjon og forsyningssikkerheit i kraftsystemet

På same vis som dei siste åra har vi følgd nøye med på forsyningssikkerheita i kraftsystemet ved å analysere kraftsituasjonen og lage prognosar for utviklinga kvar veke. Vi har også publisert kvartalsvise rapportar om kraftsituasjonen.

I tillegg har vi publisert den årlege statusen vår for tilstanden i kraftsystemet med kortsiktige perspektiv. Rapporten inneheld ein oppdatert analyse av utviklinga i kraftproduksjonen og forbruket dei neste fem åra. Samanlikna med dei føregåande åra anslår vi no ein lågare forbruksvekst som følgje av at nokre prosjekt i ny og eksisterande industri blir utsette eller lagde bort. Dette gjer at den framskrivne kraftbalansen blei sterkare enn han var i fjorårets analyse. Som rapporten viser, anslår vi at kraftbalansen blir svekt frå omkring 18 TWh i 2025 til 11 TWh i 2029.

I 2025 publiserte vi den andre scenarioanalysen vår for ei alternativ utviklingsbane til referansebana vår. I analysen såg vi på korleis kraftmarknaden blir påverka av auka kraftforbruk som følgje av at det blir gjennomført ytterlegare forsterka tiltak for å kutte klimagassutslepp. Vi har sett på to forbruksbaner for Noreg. I ei bane legg vi til grunn at verkemidla i regjeringa sin klimaplan for 2026 blir innførte. I den andre bana analyserer vi verknadene på kraftmarknaden dersom alle tiltaka i Miljødirektoratet sin klimatiltaksanalyse for 2025 blir gjennomførte. Forbruksveksten vil, alt anna likt, gi lågare norsk kraftbalanse og ein auke i kraftprisen.

I 2025 oppdaterte vi den langsiktige kraftmarknadsanalysen vår som strekkjer seg til 2050. Analysen kartla langsiktige drivarar i kraftmarknaden. I samband med at NVE skal publisere regelmessige analysar av utviklinga i kraftsystemet med forskjellige utviklingsbaner innanfor klima-, nærings- og energiområde, er det også viktig å ha eit referansepunkt i 2050 å arbeide ut frå. I analysen anslår vi at kraftprisen vil falle til 58 øre per kWh i 2050. Nedgangen blir driven av produksjon av ein høgare del fornybar kraft i Noreg og resten av Europa for å kutte utslepp, sikre energi og byggje ut nye næringar.

NVE har ikkje godkjent fleire anlegg for elsertifikat for 2025, sidan søknadsfristen var 1. april 2022. Ved utgangen av 2025 er det godkjent 19,7 TWh ny fornybar produksjon i Noreg. Av dette er 6,4 TWh vasskraft og 13,3 TWh vindkraft. Vindkrafta blei nedjustert etter ein gjennomgang av normalårsproduksjon. I 2025 har seks vasskraftprodusentar trekt seg frå ordninga etter vedvarande låge elsertifikatprisar. Etter årets annullering var det 12 aktørar som ikkje annullerte elsertifikat i samsvar med plikta. NVE har sendt ut vedtak om avgift for manglande annullering.

NVE har på oppdrag frå ED laga ei utgreiing om å avslutte elsertifikatsystemet tidlegare enn 2035. Utgreiinga vurderer juridiske rammer og gjer samfunnsøkonomiske analysar av ulike alternativ for tidleg avslutning. NVE tilrår ei tidleg avslutning av ordninga. Utgreiinga er gjennomført i tett samarbeid med Energimyndigheten i Sverige, som fekk eit likelydande oppdrag, og ho blei lansert 31. oktober 2025.

3.2.3 Delmål 2.3 Ha god kunnskap om utviklinga i energibruken for ulike energiberarar og formål og kva faktorar som påverkar utviklinga

Aktivitetsnivået på energibruk og energieffektivisering har vore høgt i 2025, og NVE arbeider med oppgåver frå tildelingsbrevet og oppgåver som er skildra i regjeringa sin handlingsplan for energieffektivisering. Det er henta inn nye og betre data om kraft- og energibruk frå Elhub, SSB og fleire andre kjelder. Forbruksdata for straum frå Elhub blir analyserte i NVEs kraftsituasjonsrapport kvar veke, med utviklinga i ulike sektorar som hushald, tenesteyting, industri og datasenter. Dette gir betre innsikt i utviklinga i straumforbruket. NVEs publiseringsløysing for temperaturkorrigert månadleg straumbrok i alle sektorar viser utviklinga i straumforbruk og straumprisar på ein måte som kan samanliknast med tidlegare år. NVEs energirekneskap for kommunar viser straumutviklinga broten ned på månadsnivå, per kommune, prisområde og undersektor.

Den nye energibruksmodellen (EBM) versjon 1.0 blei utvikla og tatt i bruk i 2025. Modellen er gjord tilgjengeleg eksternt som open kjeldekode. EBM er ein modell for energibruk i bygningsmassen. I utviklingsarbeidet er sentrale nøkkeltal oppdaterte, blant anna arealtal for bygningsmassen, ratar for riving og rehabilitering og oppvarmingsteknologiar. Modellen er viktig i NVEs framskrivingar av energi- og kraftforbruk i bygg og for vurdering av mål om 10 TWh redusert straumbrok i bygningsmassen.

NVE har rapportert om måloppnåing for 2030-måla om 10 TWh redusert straumbrok i bygg og 30 prosent betre energiintensitet i Noreg. Det er rapportert til ED om status for 2024 og venta utvikling fram mot 2030. Framskrivningar fram til 2029 er tatt inn i analysen *Tilstanden i kraftsystemet*, medan framskrivingar frå 2030 er inkluderte i *Langsiktig kraftmarknadsanalyse*.

Eit forskingsprosjekt saman med Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) bidrar til betre klimadata på kommunenivå og betre framskrivingar. Dette gir betre grunnlag inn i energibruksmodellen, opnar for temperaturkorrigerings også på kommunenivå og kan nyttast i berekningar av standardar for energibruk i bygg.

I *Langsiktig kraftmarknadsanalyse 2025* har NVE gjort ein forenkla analyse av prisseffekten ved å redusere forbruket i bygg i tråd med målet om 10 TWh redusert straumbrok frå 2015 til 2030. Analysen viser at energieffektivisering senkar nivået på kraftprisen, dempar pristoppar i høgprisperiodar og reduserer kostnader for forbrukarane.

Energibruksrapporten er publisert med eit eige kapittel om utviklinga i straumforbruk i datasenter og status for 2030-måla for energieffektivisering. NVE har sett i gang ein konseptfase for digitalt varmekart, som blant anna skal vise kjelder til overskotsvarme. Prosjektoppstart på varmekart blei vedtatt i NVE i desember 2025.

Det var planlagt fleire aktivitetar innanfor energibruk i 2025 som er blitt utsette for å kunne gjennomføre andre prioriterte oppdrag frå Energidepartementet med knappe tidsfristar og eit stort arbeidsomfang. Dette førte blant anna til at arbeidet med varmekart er blitt nedprioritert og dermed forseinka i forhold til planen.

3.2.4 Delmål 2.4 Ha god oversikt over dei relevante utviklingstrekk i det europeiske energisystemet og politikk- og regelverksutviklinga i EU og korleis utviklinga påverkar Noreg

NVE følgjer med på utviklinga av EU-regelverk og går gjennom nytt regelverk med tanke på kva konsekvensar det får for Noreg. Dette bidrar til å styrkje kunnskapen vår om dei ulike EU-regelverka og dei moglege verknadene for det norske energisystemet.

I januar 2025 la EU fram sitt konkurranseevnekompass, basert på analysane i Draghi-rapporten om framtida til Europas konkurranseevne. Kompasset skal medverke til å styrkje den økonomiske veksten i EU gjennom styrkt innovasjon, avkarbonisering av økonomien og lågare avhengnad av energi. Kort tid etter blei EUs strategi for avkarbonisering av økonomien (Clean Industrial Deal, CID) og handlingsplanen for rimeleg energi (EU's Affordable Energy Action Plan) presenterte. CID skal bidra til utsleppskutt og omstilling til lågutsleppsteknologiar, medan handlingsplanen for rimeleg energi skal medverke til lågare energiprisar og kostnader.

Tidleg i desember kom Europaparlamentet og medlemsstatane i Ministerrådet til ei foreløpig semje om reglar for utfasing av import av russisk naturgass. Utfasinga skal skje gradvis, der import av LNG (flytande naturgass) blir forbode frå slutten av 2026 og import av røykgass frå hausten 2027.

Mot slutten av året la EU-kommisjonen fram sitt forslag for å styrkje og modernisere kraftnetta i Europa (Grid Package). Pakka inneheld forslag til revisjon av fornybardirektivet, elmarknadsdirektivet og direktivet om indre marknader for naturgass og hydrogen. Ho inneheld òg forslag til reviderte retningslinjer for transeuropeisk energiinfrastruktur. Pakka er no på høyring og skal leggje grunnlaget for betre integrering av fornybar energi og auka forsyningssikkerheit.

EU-kommisjonen har i arbeidsprogrammet for 2026 annonsert ei rekkje initiativ på energiområdet. Dette omfattar blant anna:

- handlingsplan for elektrifisering, inkludert varme og kjøling
- energisikkerheit
- oppdatering av styringsforordninga for Energiunionen
- energiunionspakke for tiåret etter 2030
- initiativ for forenkling av energilovgivinga
- energipakke for innbyggjarane i EU

I 2025 har NVE gitt svar på høyringa frå Energidepartementet om bygningsenergidirektivet (2024/1275) frå EU.

På møte i Concerted Action (CA) deler EU-medlemsstatane erfaringar med gjennomføringa av EU-regelverk. NVE har i 2025 deltatt på dei halvårlege CA-møta for bygningsenergidirektivet (eitt møte i 2025), fornybardirektivet og energieffektiviseringsdirektivet. Ei god oppfølging av delmålet føreset kontinuerleg overvaking av utviklinga i EU-regelverket, og grundig gjennomgang av nytt regelverk for å vurdere kva konsekvensar det kan få for Noreg.

Innanfor EUs regelverksutvikling på økodesign- og energimerkeområdet har NVE i 2025 deltatt aktivt i EUs samrådsforum for vedomnar og sendt tre høyringsinnspel om vedomnar til EU-kommisjonen. Eit høyringsinnspel om mogleg inkludering av koplingsanlegg i arbeidsplanen for økodesign for perioden 2025–2030 er også sendt. Vedomnar er av omsyn til blant anna eigenberedskap utpeikt av NVE for særskild oppfølging i regelverksutviklinga på EU-nivå. På

heimebane har vi utarbeidd to utkast til høyringsnotat om forskriftsendringar og vedtatt to forskriftsendringar. NVE driv også aktivt informasjonsarbeid om regelverksutviklinga i EU og har blant anna publisert tolv nyheiter om produktregelverk og oppdatert 24 EØS-notat. Vidare har NVE og Miljødirektoratet i fellesskap gjennomført eit informasjonsmøte for tilsette i Innovasjon Noreg og eit statusmøte for om lag 40 bransjeaktørar. NVE har også gjennomført eit hybrid høyringsmøte for vedomnansbransjen der om lag 25 deltakarar var til stades. Innanfor det nordiske samarbeidet Nordsyn har NVE deltatt i fire digitale møte og eitt fysisk møte over to dagar. Med finansiering frå Nordisk ministerråd har Nordsyn fått utarbeidd to rapportar om vedomnar og ein rapport om elektriske produkt som kjelde til fleksibilitet i nettet. Rapportane om vedomnar er sende til EU-kommisjonen og kan i tillegg nyttast som grunnlag for høyringsinnspel frå landa i regelverksutviklinga i EU.

3.2.5 Delmål 2.5 Bidra til samfunnsøkonomisk rett ressursutnytting gjennom konsesjonsbehandling av anlegg for produksjon og overføring av energi

Pågangen av søknader om nettkonsesjonar har vore stabilt høg også i 2025. Vi har fått inn 372 saker og tatt totalt 410 avgjerder gjennom året. Mange saker blir behandla i hurtigsporet, som er eit behandlingsskema for søknader som er godt førebudde og har små verknader for allmenne og private interesser. I desse sakene kan vi gjere vedtak i løpet av tre månader. I 2025 blei om lag to av tre søknader behandla i hurtigsporet.

I konsesjonssaker gjer NVE ei koordinert saksbehandling av nett og produksjon der det er mogleg. Det inneber for eksempel at vi sender sakene samla til høyring, og at vi sender ut vedtaka i same utsending når dei er klare.

Vi har gjort vedtak eller innstilling i totalt 123 vasskraftsaker i 2025. Dette omfattar mikro- og minikraftverk, småkraftverk og store kraftverk. 24 av vedtaka gjeld vurdering av konsesjonsplikt, 23 er vedtak/innstilling om nye kraftverk, 7 er vedtak/innstilling om opprusting og utviding av eksisterande vasskraftanlegg, 6 er vedtak om planendringar, og 15 er vedtak i saker der det blir søkt om forlengd byggjefrist for eksisterande konsesjonar. Vi har også gitt 43 løyve til å fråvike manøvreringsreglementet i samband med reparasjon og vedlikehald av eksisterande vassdragsanlegg, og 5 løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved fare for skadeflaum. Ved årsskiftet har vi 129 søknader av ulike sakstypar i kø i kategorien vasskraft.

Vi fekk inn 42 saker om solkraft i 2025, fordelt på 27 meldingar og 15 søknader. Nokre av søknadene gjeld endring av solkraftverk det er gitt konsesjon til. Dette er om lag same mengde som NVE hadde mottatt i 2024. 1. juli 2025 blei det innført ei ny grense på 10 MW for konsesjonsplikt for solkraftverk. Søknader om solkraftverk som er mindre enn grensa, skal behandlast i kommunane. NVE reknar med at dette vil bidra til at vi får færre, men større prosjekt til behandling enn tidlegare.

I løpet av 2025 har vi gitt konsesjon til sju nye solkraftverk. Vi har også gitt konsesjon til endring av tre solkraftverk med konsesjon frå tidlegare. Vi har avslått søknad om konsesjon for eitt solkraftverk i år.

Det blei i år også innført nye reglar for meldeplikt for solkraftverk. No må alle solkraftverk over 10 MW starte prosessen med melding etter forskrift om konsekvensutgreiingar. I løpet av 2025 har NVE behandla 13 meldingar for solkraftverk.

NVE har i 2025 gjort vedtak i 40 fjernvarmesaker. Dette er vesentleg fleire enn i dei siste fem åra, med om lag 20 årlege vedtak. Nokre av vedtaka er knytte til overføring av konsesjon i samband med sal av fjernvarmeanlegg – spesielt avviklinga av fjernvarmeverksemnda til Statkraft Varme. Elles gjeld dei fleste sakene endringar og utvidingar av eksisterande anlegg. Vi har behandla sakene fortløpande.

NVE fekk inn ti saker om vindkraft i 2025, åtte av sakene gjaldt ny vindkraft på land. NVE sluttbehandla ein og gav konsesjon for testing og påfølgjande drift av ein inntil 18 MW vindturbin. Nye reglar tilseier at vi skal samordne saksbehandlinga med kommunane. Det er eit nytt felt for oss, og vi arbeider med å lage gode rutinar for å behandle vindkraftsaker framover.

Oppfølginga av kraft- og industriløftet for Finnmark har vore høgt prioritert. Vi har fastsett utgreiingsprogram for 11 prioriterte vindkraftprosjekt i Finnmark i til saman 8 areal. Dei prioriterte vindkraftprosjekta har fått frist for å sende inn konsesjonssøknader og konsekvensutgreiingar seinast 1. november 2026. Andre vesentlege oppgåver har vore førebuing og gjennomføring av konsultasjonar.

3.2.6 Delmål 2.6 Sjå til at vilkår i løyve til utbygging og drift av anlegg for produksjon og overføring av energi blir følgde opp

NVE har prioritert tilsyn og godkjenning av planar høgt i 2025. Vi har ikkje hatt kø på behandling av detaljplanar. Vi har gjort vedtak om godkjenning av detaljplan for 62 nettanlegg og 3 solkraftverk. I tillegg kjem behandling av 90 endringar av godkjende løyve i samband med iverksette utbyggingar av vindkraftverk, solkraftverk og nettanlegg.

Behandlingstida for detaljplanane har gått ned, og ligg for dei fleste sakene innanfor tre til seks månader. For å leggje til rette for utbygging av nettanlegg har vi behandla detaljplanen samtidig med søknaden om konsesjon i dei sakene der det har vore relevant – i tråd med regjeringa sin handlingsplan for raskare nettutbygging. Dette inkluderer blant anna vedtak knytte til temperaturoppgradering av eksisterande kraftleidningar.

I 2025 har vi utført 62 kontrollar med at vilkår og føresetnader i løyve blir oppfylte ved bygging og i drift. Vi har gjennomført både inspeksjonar og dokumentkontrollar. Tilsynet har tatt utgangspunkt i risikovurderingar i samband med gjennomføring av kontrollaktivitetane. Utbygging av bakkemontert solkraft er nytt, og vi har derfor prioritert å gjennomføre inspeksjonar av dei solkraftverka som er under utbygging. Ein stor del av dokumentkontrollane er basert på innrapporterte forhold frå aktørane, og tips og bekymringsmeldingar frå naboar og omverda i både anleggs- og driftsfasen. Auken i talet på bekymringsmeldingar og varsel knytte til områdekonsesjonærar som vi registrerte i 2024, ser vi også i 2025.

Generelt er det eit stort spenn i alvorsgraden og funna ved kontrollane. Tema som går igjen, er bruk av ikkje-godkjent areal og krav som ikkje blir overhaldne. Erfaringane våre i 2025, som i 2024, er at resultatane med omsyn til miljø og landskap avheng av god rettleiing og tydelege vilkår. Vi har i nokre tilfelle gitt varsel om reaksjonar, og har hatt fleire alvorlege saker knytte til ulovleg bygging av elektriske anlegg utan anleggs-konsesjon.

For å auke kunnskapen om verknader av energianlegg på fugl begynte vi på eit arbeid i 2024 med å samle kunnskap om metodar for å undersøkje verknadene på fugl. Dette arbeidet har gått vidare i 2025 og blir ferdig i 2026. Arbeidet med å behandle forslag til finansiell sikkerheit for nedlegging av vindkraftanlegg held også fram i 2026.

3.2.7 Delmål 2.7 Bidra til effektiv energibruk og effektiv utvikling av kraftnettet og produksjonsressursane, medrekna lokal energiproduksjon og fjernvarme

NVE lanserte energirekneskap for kommunar i mars 2025 på ein konferanse saman med Norsk Kommunalteknisk Forening (NKF). Kommunerekneskapen er også presentert på fleire regionale

samlingar i løpet av året. Straumforbruket blir publisert per måned, kommune, prisområde og sektor. For straum er utviklinga broten ned etter standarden for næringsgruppering. For eksempel kan ein kommune følge utviklinga i straumbuk til gate- og veglys eller innanfor informasjonstenester og datasenter.

Nye regelverk om energikartlegging i større verksemdar og utnytting av overskotsvarme er sette i kraft frå april 2025. NVE har laga juridiske rettleiarar for forskriftene om energikartlegging og overskotsvarme. Det er gjennomført innspelsmøte for å ta imot spørsmål og kommentarar frå føretak om forskriftene.

NVE har samarbeidd med Enova, som har ansvaret for å utvikle rapporteringsløysinga for energikartlegging. Rapporteringsløysinga for energikartlegging blei opna 1. september 2025. Det er venta positive gevinstar ved at verksemdene blir meir bevisste om eigen energibruk og gjennomfører energieffektiviseringstiltak.

Forskrift om moglegheter for bruk av overskotsvarme tredde i kraft 1. april 2025. Forskrifta inneheld eit krav om at føretak skal gjennomføre ein kost-nytte-analyse for å vurdere om overskotsvarmen deira kan brukast. Så langt i 2025 har fem aktørar sendt inn og fått godkjent kost-nytte-analyser, og saksbehandlingstida hos NVE ligg godt under dei seks vekene vi har sett som mål. NVE har også rettleidd fleire verksemdar i korleis dei skal gjennomføre analyse. ED har varsla ytterlegare skjerpingar av regelverket som kan gi potensial for auka utnytting av overskotsvarme.

Det har vore møtepunkt med kommunar i samarbeid med Miljødirektoratet om energiplanlegging og energieffektivisering. Her har NVE særleg informert om nye statlege planretningslinjer for klima og energi, og korleis desse kan vere eit verktøy i arbeidet med energieffektivisering.

Ei plattform for energieffektivisering i kommunane er etablert i samarbeid med NKF og KS. Det er oppretta fleire fagnettverk, og det blir halde konferansar, webinar og nettverksmøte i tillegg til e-læringskurs om sentrale energitema. Dette omfattar energiplanlegging, energistyring og energisparekontraktar.

NVE har i eit samarbeidsprosjekt med KS fornya malane for energisparekontraktar som kommunar bruker når dei set ut oppdrag for energieffektivisering med garanterte innsparingar i ein byggportefølje. Vi har gått gjennom og oppdatert kontraktsmalane og sytt for betre risikofordeling. Dei nye malane blir publiserte på nettsidene til KS. Det er også halde to fysiske og eitt digitalt introduksjonskurs med innleiingar frå KS, NVE og representantar frå erfarne kommunar, entreprenørar og finansinstitusjonar.

Det er vedtatt å endre delar av forskrifta om energimerking av bygningar for at ho skal vere i tråd med bygningsenergidirektivet frå 2010. I 2024 utarbeidde NVE eit forslag til endringar av berekningsmetoden i energimerkeforskrifta på oppdrag frå Energidepartementet. Forslaget blei sendt på høyring i juli 2024 og blei vedtatt 2. april 2025. Endringane trer i kraft 1. januar 2026. NVE har hausten 2025 samarbeidd med Enova for å utarbeide ein ny energimerkeskala og rigge energimerkeordninga etter dei nye endringane. NVE har også laga ei juridisk rettleiing til forskrifta som etter planen skal vere klar til endringane trer i kraft.

I 2025 har NVE hatt ansvar for å føre vidare nærvarmeordninga. Det er ei eiga støtteordning for kundar i nærvarmeanlegg som ikkje får ordinær straumstøtte for den straumen som blir brukt til å produsere nærvarme i anlegget dei er tilknytte.

I 2025 har 697 nye husstandar fått nærvarmestøtte. I tillegg har 3 278 husstandar som søkte i 2023 og 2024, også fått nærvarmestøtte i 2025. Utbetalt nærvarmestøtte i 2025 var totalt på om lag 1,6 mill. kroner, og av dette beløpet blir om lag 0,7 mill. kroner utbetalt i januar for 4. kvartal 2025.

For å bidra til effektiv energibruk skal NVE føre tilsyn med regelverk som er sett i verk i Noreg i tråd med energibruksdirektivet frå EU. Vi har over ein femårsperiode kontrollert energimerkinga av om lag 4 872 produkt i butikk, nettbutikk og reklame. I 2025 har vi gjennomført planlagde tilsyn med energimerking av produkt i nettbutikk og i butikk (920 produkt). I tillegg har vi satsa på informasjonsarbeid og rettleiing. Vi deltar også i eit Nordsyn-prosjekt om laboratorietesting der vi undersøker om produkt som luft-til-vatn-varmepumper som blir selde i Norden, oppfyller økodesignkrava. Dette prosjektet starta i juni 2024 og er i slutfasen.

NVE har behandla 223 opphavsgarantiar, og det er ei overvekt av solkraft.

Den digitale plattformen PlanNett blei lansert i august 2022 og var da frivillig å ta i bruk. I PlanNett kan ein følge med på den planlagde utviklinga av kraftnettet. Frå 1. mars 2024, da den nye forskrifta om energiutgreiingar tredde i kraft, blei PlanNett obligatorisk å bruke for alle nettselskapa. Formålet med PlanNett er å gi ei oversikt over kva nettprosjekt som er på gang, både på utgreiingsnivå og undervegs når prosjekta blir realiserte. PlanNett har gjort det mogleg å fase ut kraftsystemutgreiingane som nettselskapa tidlegare leverte på PDF-format annakvart år. I staden kan vi no tilby ei nettbasert løysing som krev enklare rapportering frå nettselskapa, og som kan visualisere utgreiingar og tiltak i ei felles løysing med eit kartgrensesnitt. Oversikta i PlanNett gjer det lettare å få oversikt over samla planar og behov, og inneheld både prognosar, områdestudier, konseptvalutgreiingar og tiltak. Gode utgreiingar er eit viktig bidrag til redusert saksbehandlingstid for konsesjonar. Ved at ein tidleg einast om kva nettkonsept som er mest samfunnsmessig rasjonelt, slepp ein unødvendige avklaringar i sjølve konsesjonsprosessen. NVE kan føre tilsyn med utgreiingane som ligg i PlanNett, og slik sikre at kvaliteten på utgreiingane er tilstrekkeleg god.

NVE har i 2025 støtta Energidepartementet i arbeidet med å innføre noregspris og straumstøtte for fjernvarme. Våren 2025 støtta vi Energidepartementet i arbeidet med forslag til lov og forskrift for noregspris for fjernvarme. Dette arbeidet har vore høgt prioritert av NVE. Lova om noregspris og straumstøtte til hushald blei vedtatt på Stortinget i juni 2025. NVE har i etterkant samarbeidd tett med Enova, slik at noregspris og straumstøtte for fjernvarme var klart til innføring 1. oktober 2025. NVE har blant anna hjulpet Enova med å utvikle ei påmeldingsløysing for fjernvarmekundar og ei innrapporteringsløysing for fjernvarmeselskap. NVE har også registrert ca. 30 nærvarmeselskap som har meldt seg på ordninga. NVE har arbeidd mykje med å rettleie og få informasjon ut til både fjernvarmeselskap og fjernvarmekundar om kva noregspris er, og korleis ordninga fungerer. NVE har i tillegg svart på rundt 130 førespurnader om noregspris frå fjernvarmekundar og -selskap. NVE har dessutan arbeidd med å etablere kontroll- og tilsynsrutinar for ordninga.

Noregspris og straumstøtte for hushaldskundar som har fjernvarme, blei innført frå 1. oktober 2025. Totalt har NVE utbetalt om lag 78,6 mill. kroner i prissikringsbeløp for noregspris til 4 271 fjernvarmekundar, som tilsvarer 118 677 husstandar. I tillegg har NVE utbetalt 7,3 mill. kroner i straumstøtte til 5 367 fjernvarmekundar som så langt ikkje har valt noregspris. Vi har ikkje tal for kor mange husstandar som har fått straumstøtte for fjernvarme.

NVE behandla om lag 20 saker om prisen på fjernvarme i 2025. Dei fleste sakene gjaldt rettleiing av kundar om korleis fjernvarmeprisen blir berekna, og kva som skal til for at NVE kan behandle saka som ei klage. Rettleiinga bidrar til at vi får inn færre klager på fjernvarmeprisen. I 2025 har vi gjort vedtak i tre klagesaker, og klagaren fekk medhald i alle sakene. To vedtak er sidan påklaga, og NVE har sendt anken over til Energidepartementet for endeleg avgjerd.

3.2.8 Delmål 2.8 Støtte departementet med å legge rammene for utvikling av havvind

For havvind har ein stor del av arbeidet i første halvdel av 2025 vore knytt til strategisk konsekvensutgreiing av dei 20 utgreiingsområda som blei identifiserte som eigna for havvind i

2023. Dette er eit prosjekt som NVE har drive på oppdrag frå Energidepartementet. Vi har hatt ei referansegruppe med fleire relevante direktorat som har gitt innspel til prosjektet. Mot slutten av 2024 la vi fram resultat og tilrådingar for dei tre første områda. Den strategiske konsekvensutgreiing med vurderingane av dei resterande områda blei lagde fram for statsråden i juni 2025.

I samanheng med utlysing av prosjektområde i havvindområdet Utsira Nord har NVE støtta departementet i å utforme tildelingskriterium knytte til berekraft. Det kom to søknader i utlysinga. NVE har gjort ei sjølvstendig evaluering av desse tildelingssøknadene for kriteriet berekraft. I tillegg har vi saman med Enova gjort ei tilsvarande evaluering for tildelingskriteria «kostnadsnivå 2030» og «innovasjon og teknologiutvikling».

Etter at vi hausten 2024 fastsette utgreiingsprogram for havvinnanlegget og nettilknytninga av Sørlege Nordsjø II, har vi også i 2025 hatt jamleg dialog og rettleiing med tiltakshavaren Ventyr.

Ei anna sentral oppgåve innanfor havvind i 2025 har vore å følgje opp tilrådingane i rapporten *Innspill til forvaltningsregime. Ivaretagelse av kraftforsyningsikkerhet til havs* frå 2024, der NVE vurderte korleis eit forvaltningsregime for sikkerheit og beredskap for å sikre kraftforsyningsikkerheita bør vere til havs. NVE har gjennom året hatt dialog med bransjen og arbeidd med eit høyringsforslag for nytt regelverk knytt til dette. Målet er å ha nytt regelverk på plass innan det første større havvinnanlegget får konsesjon.

NVE deltek i programgruppene til Mareano og SEAPOP/SEATRACK for kartlegging av høvesvis botnforhold og sjøfugl. Gjennom dette arbeidet har vi følgd opp midlar som er tildelte frå Energidepartementet, slik at dei blir spissa mot kunnskapsinnhenting knytt til aktuelle havvindområde. Hausten 2024 etablerte vi jamlege møte med Havforskningsinstituttet for å følgje opp at midlane dei har fått tildelt frå Energidepartementet knytt til kartlegging av fisk og sjøpattedyr, blir nytta i tråd med vilkåra som blei sette for belastingsfullmakta, og dei underliggjande forventningane departementet og NVE har stilt for arbeidet som skal gjerast. Desse møta har vi halde fram med i 2025. I møta har det spesielt vore lagt vekt på å følgje opp planlegginga av kartleggings- og overvakingsprogram for fisk og sjøpattedyr i aktuelle havvindområde. Saman med oppfølging av Havforskningsinstituttet har vi hatt tilsvarande dialog med Metrologisk institutt.

3.3 HOVUDMÅL 3 NVE SKAL FREMJE EI SIKKER KRAFTFORSYNING

Sikker straumforsyning for heile samfunnet er eit av dei viktigaste formåla med energilova. Dette blir stadig viktigare med det grøne skiftet og ikkje minst i den sikkerheitspolitiske situasjonen vi er i etter Russlands invasjon i Ukraina i 2022. NVE har bidratt til å oppretthalde god forsyningsikkerheit i ei vanskeleg tid gjennom analysar, regelverk, konsesjonsbehandling, tilsyn, rettleiing, kompetansetiltak, oppfølging av hendingar og samarbeid i Beredkapsorganisasjonen for kraftforsyninga (Kraftforsyningsens beredkapsorganisasjon – KBO).

Forsyningsikkerheita er i dag god, med positiv effektbalanse, overskot av kraft i eit normalår, differensiert kraftproduksjon og utanlandskablar. Samtidig anslår prognosane våre at vi kan få svakare energi- og effektbalanse i åra framover.

Vi må også sjå forsyningsikkerheit i ein breiare totalberedskapssamanheng, der evna til å førebyggje, motstå og handtere samansette påkjenningar er avgjerande for funksjonsevna til samfunnet.

Kraftbransjen blir dessutan stadig meir digitalisert og dermed sårbar for digitale angrep og svikt på grunn av utilsikta feil som oppstår i komplekse system, samtidig som trusselbildet er i endring og angrepstrykket aukar. Vi opplever no også auka merksemd rundt hybride truslar og fysisk sikkerheit som følgje av den endra sikkerheitspolitiske situasjonen.

3.3.1 Delmål 3.1 Overvake og analysere utviklinga i kraft- og effektbalansane på kort og lang sikt

For å ha god kunnskap om tilgangen på kraft i Noreg har vi tidlegare laga ein rapport kvart kvartal om kor mykje ny kraftproduksjon som har komme til, kor mykje kraft som er under bygging, og kor mange nye konsesjonar som er gitt. Frå 2022 har vi gått over til ei kontinuerleg digital overvaking som blir publisert på nettsidene våre.

Gjennom overvakinga av kraftsituasjonen og veke rapportane (om kraftsituasjonen) følgjer vi med på kraft- og effektbalansane på kort sikt. Kvar haust og vår lagar vi normalt ein prognose for korleis vi ventar at kraftsituasjonen vil sjå ut det kommande halvåret. Da gjer vi spesielt ei vurdering av kor sannsynleg det er at vi får ein anstrengd kraftsituasjon den kommande vinteren. Dei siste åra har vi gjennomført prognosar omtrent kvar veke. Dette har vi også gjort i 2025.

Som i 2023 og 2024 har vi i 2025 utarbeidd eit datasett for framskrivingar av produksjon og forbruk for Norden dei neste fem åra for å overvake utviklinga i kraftbalansen. Analysen er nærmare omtalt i delkapittel 3.2.2.

Kraftmarknaden og kraftsystemet går gjennom raske endringar. Auka innslag av ikkje-regulerbar kraft, nye forbruksmønster og tettare integrasjon med det europeiske kraftsystemet gjer utviklinga meir kompleks og meir usikker enn tidlegare. Dette stiller høge krav til analysane som ligg til grunn for politikkkutforming, konsesjonsbehandling og vurderingar av forsyningssikkerheit.

For å møte desse utfordringane har NVE styrkt arbeidet med kraftmarknadsanalysar gjennom ei målretta satsing på betre modellar, datagrunnlag og analysemetodikk. Målet er å sikre at myndigheitene har eit solid, oppdatert og transparent kunnskapsgrunnlag for å overvake og analysere kraft- og effektbalansen på kort, mellomlang og lang sikt.

Satsinga har gitt NVE eit meir heilskapleg og moderne analyseapparat. Vi kan gjennomføre analysar meir effektivt og samanhengande på tvers av ulike problemstillingar, for eksempel knytte til produksjon, forbruk, prisutvikling og forsyningssikkerheit. Dette gir oss ei betre forståing av samspel og avvegingar i kraftsystemet, og gjer det mogleg å belyse konsekvensar av ulike utviklingsbaner og politiske val på ein meir presis måte.

Eit viktig element i arbeidet er openheit og samarbeid. NVE har lagt til rette for deling av metodikk og datagrunnlag, og har styrkt det faglege samarbeidet med sentrale aktørar i kraftsektoren, forskingsmiljøet og forvaltninga. Blant anna har vi etablert eit nasjonalt fagleg forum for kraftmarknadsmodellering saman med Statnett og Statkraft. Forumet bidrar til betre koordinering, felles forståing og høgare kvalitet i analysane som blir nytta i offentlege avgjerder.

NVE arbeider også med å utvikle eigne modellar som er tilpassa dei endringane vi ser i kraftsystemet framover. Desse modellane er utvikla med vekt på open kjeldekode og fagleg kvalitet som kan etterprøvast, slik at både forskingsmiljø og bransjeaktørar kan bidra til vidare utvikling. Dette styrkjer modellforståinga, kvaliteten på analysane og tilliten til resultatane.

Samla sett har dette arbeidet styrkt NVEs evne til å overvake og analysere utviklinga i kraft- og effektbalansen, og det gir myndigheitene eit betre og meir robust avgjerdsgrunnlag i ei tid med store og raske endringar i energisystemet. Programmet for betre kraftmarknadsmodellar skal etter planen gå fram til 2028.

Ny programvare for å utføre kraftsystemanalysar, PSS/E, blei kjøpt inn i 2024, og ein langvarig lisens for programvara blei teikna i 2025. I 2025 har vi tatt PSS/E aktivt i bruk. Vi arbeider løpande med å utvikle kompetanse, skript og nettmodellar for å kunne modellere dagens og framtidig nettstruktur. PSS/E vil gjere NVE betre rusta til å analysere korleis ulike tiltak i nettet vil påverke kraftsystemet og -nettet, og gi eit betre grunnlag for kraftmarknadsanalysar.

3.3.2 Delmål 3.2 Ha god oversikt over kraftsituasjonen i dei ulike regionane og vere førebudd på moglege situasjonar med underskot av kraft og andre anstrengde kraftsituasjonar

Som eit ledd i å ha oversikt over kraftsituasjonen samlar vi kvar veke inn data og publiserer ei oversikt over magasinfyllinga i norske vasskraftmagasin. Denne statistikken er ein del av det nasjonale statistikkprogrammet.

Gjennom overvakinga av kraftsituasjonen ser vi vurderingar av magasinfyllinga i samanheng med tilstanden i kraftnettet og utviklinga i kraftforbruk, kraftproduksjon, kraftpris og kraftflyt. Kvar veke kjem NVE med ein kraftsituasjonsrapport der vi samanstillar og drøftar data frå veka før. Kvart kvartal kjem vi med ein større rapport om utviklinga det siste kvartalet. Veke- og kvartalsrapportane er tilgjengelege for alle og er ein viktig ressurs for både aktørar innanfor kraftbransjen, privatpersonar og presse. I tillegg har vi i 2025 laga jamlege prognosar for utviklinga framover.

3.3.3 Delmål 3.3 Sjå til at sikkerheita og beredskapen i kraftforsyninga er god, gitt ny risiko som følgje av klimaendringar, digitalisering og eit nytt sikkerheitspolitisk bilde, og at krava til sikkerheit og beredskap blir oppfylte

NVE er beredskapsmyndigheit, rasjoneringsmyndigheit og sektorvist responsmiljø for digitale hendingar. NVE er også ansvarleg for den samfunnskritiske funksjonen kraftforsyning. Sikrings- og beredskapsarbeidet i kraftforsyninga er viktig for forsyningssikkerheita. Både tiltak som sikrar kraftforsyninga mot hendingar og på den måten hindrar at straumbrot skjer, og beredskap for å handtere hendingar og rasjonerings situasjonar og rette opp igjen forsyninga ved utfall, er svært viktige.

Vi stiller krav om heilskapleg sikkerheit og beredskap gjennom regelverk, rettleiing og kompetansedeling, og vi følgjer gjennom tilsyn opp at krava blir oppfylte. Gjennom blant anna risikovurdering og tilstandsvurdering har vi oversikt over tilstanden. Vi bidrar til god beredskap ved ekstraordinære situasjonar gjennom å følgje opp hendingar og gjennom Kraftforsyninga sin beredskapsorganisasjonen for kraftforsyninga (KBO). Den endra sikkerheitspolitiske situasjonen og særleg den auka sabotasjetrusselen har prega prioriteringane og arbeidet med sikkerheit og beredskap i NVE i 2025.

På oppdrag frå ED blei beredskapsøvinga «Øvelse kraft 2025» gjennomført våren 2025. Øvinga tok utgangspunkt i eit scenario rundt energiknappleik og hadde som mål å fremje forståinga for planverk og få øvd på å ta avgjerder. Dei øvande verksemdene var Energidepartementet, Statnett og NVE. Statkraft, KDS Hordaland, KDS Rogaland, KDS Buskerud og Statsforvaltaren i Vestland var med som responsceller (KDS: «Kraftforsyningens distriktssjefer»). I forlenginga av øvinga blei det gjennomført ei diskusjonsøving hausten 2025 med dei same deltakarane.

NVE har også følgd opp øvinga for kraftforsyninga frå 2022, med vidare arbeid med beredskapsplanverk for den sentrale leiinga for kraftforsyninga (KSL – «Kraftforsyningens sentrale ledelse»).

I samband med at NVE utarbeider rasjoneringsplanar for store sluttbrukarar, blei det inngått avtalar med Forsvaret, Gassco og Bane NOR om å utarbeide rasjoneringsplanar for sektorane deira.

NVE har i 2025 kartlagt om kraftprodusentane har innført strategi for å bidra til forsyningsikkerheit etter den nye føresegna i vassdragsreguleringslova § 29a som tredde i kraft 1. juli 2024. Den gode dialogen med KBO er vidareført i 2025, og vi har hatt regelmessige digitale møte med orientering om aktuelle tema, arrangert Kraftberedskapskonferansen 2025 og deltatt på ei rekkje regionale samlingar i regi av distriktssjefane i kraftforsyninga (KDS). Den tette dialogen med Energidepartementet og Statnett er også vidareført, noko som er svært viktig for oppfølginga av blant anna Totalberedskapsmeldinga.

I det endra trusselbildet og som ei oppfølging av Totalberedskapsmeldinga og den nasjonale sikkerheitsstrategien, har NVE lagt vekt på reparasjonsberedskap, styrking av KDS-rolla og fysisk sikring. Eit forslag om tydelegare krav til reparasjonsberedskap blei sendt på høyring etter at ei kartlegging viste at reparasjonsberedskapen i liten grad er dimensjonert for sabotasje. Rolle og ansvar for KDS er gjennomgått. Gjennomgangen viser at det er ulik forståing av og forventning til rolla, og dette vil vi følgje opp vidare, i første omgang innanfor eksisterande ramar. Styrkte krav til fysisk sikring krev innhenting av meir kunnskap, og dette arbeidet er starta opp.

Den sikkerheitspolitiske situasjonen og Noreg som viktig leverandør av energi til Europa har bidratt til at samhandling mellom ulike sektormyndigheiter framleis har stor merksemd. Vi har vidareført den tette dialogen med Havindustritilsynet (Havtil), Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) og Nasjonalt tryggingorgan (NSM) i ulike forum. Vi har følgd opp samarbeidet mellom nordsjølanda om å overvake undersjøisk infrastruktur, og vi har deltatt i samarbeid med blant andre Politidirektoratet og Havindustritilsynet om roller og ansvar ved hendingar som treffer infrastruktur offshore. Det er eit område med mykje regelverk og mange aktørar som det er nødvendig å ha ei viss oversikt over. Gjennom året har NVE også hatt tett dialog med Energidepartementet om ulike spørsmål og problemstillingar knytte til sikker kraftforsyning på grunn av ein varig endra sikkerheitspolitisk situasjon.

I samband med utviklinga av havvind har vi arbeidd med krav til sikkerheit og beredskap på dette området, sjå nærmare omtale i delkapittel 3.2.5.

NVE har gitt innspel til aktivitetar for totalforsvarsåret i 2026. I hovudsak har vi lagt opp til tiltak innanfor øvingar, eigenberedskap, kompetansetiltak, tiltak regionalt og lokalt (som oppfølging av KDS) og nordisk samarbeid. Det er aktuelt å bruke eksisterande arenaer, for eksempel KBO for å styrkje kraftforsyninga i totalforsvaret. NVE skal også delta på nasjonale øvingar i 2026. NVE var med på den nasjonale øvinga «Øvelse digital», både i planlegginga og i gjennomføringa. Øvinga var nyttig for innsatsgruppa i NVE sidan det var eit komplekst scenario, og vi hadde god samhandling med KraftCERT og Statnett undervegs. Øvinga var også nytting som førebuing til totalforsvarsåret.

NVE har halde fram arbeidet med å styrkje den digitale sikkerheita i kraftforsyninga. Seksjonen for digital sikkerheit blei etablert i 2024 og har vore operativ i eitt år. Hovudprioriteringane har vore å auke personellkapasiteten, byggje kompetanse og leggje eit varig grunnlag for auka innsats innanfor tilsyn, beredskap, rettleiing og regelverk.

For å styrkje beredskapen og auke evna til å handtere digitale hendingar har NVE bidratt i utviklinga av om lag 20 øvingsscenario for kraftbransjen, i tillegg til å gjennomføre øvingar saman med KraftCERT. Rettleiing har samtidig vore sentralt, blant anna gjennom å kartleggje korleis rolla som IKT-sikkerheitskoordinator blir praktisert i KBO.

Parallelt har vi arbeidd med å utvikle ei digital fellesløysing som på ein trygg og strukturert måte skal samle inn relevant informasjon frå kraftselskapa. Løysinga er i stor grad bygd på statlege felleskomponentar og etablerte plattformer for informasjonsdeling i forvaltninga.

KraftCERT har, med støtte frå NVE, utvikla Infracan – ei sektorbasert løysing som avdekkjer eksponeringar og feilkonfigurasjonar i infrastruktur som er tilgjengeleg på internett. Løysinga blei pilotert mot slutten av 2025 og blir tilgjengeleg for KBO i 2026. Dette kjem til å gi ei betre situasjonsforståing og styrkje det førebyggjande sikkerheitsarbeidet i sektoren.

NVE samarbeider tett med KraftCERT, som spelar ei viktig rolle i det operative arbeidet med å formidle informasjon om sårbarheit og risikobilde til kraftforsyninga. NVE har god dialog med styret i KraftCERT, og jobbar saman med Havtil om å utvikle eit sektorvist responsmiljø (SRM) for energisektoren der KraftCERT er ein viktig del. Vi opplever at KraftCERT utviklar seg positivt når det gjeld å gjere gode og nyttige vurderingar for sektoren. Det siste året har SRM-rammeverket vore ute på høyring. Vi ser dette som ei moglegheit til å påverke utviklinga av SRM-rolla.

I slutten av 2025 publiserte vi ei oppdatert rettleiing til kraftberedskapsforskrifta, denne gongen med mindre endringar. Gjennom året har det vore omfattande arbeid med korleis vi bør innføre krav frå digitalsikkerhetslova og -forskrifta i kraftberedskapsforskrifta, samtidig som vi har arbeidd med krava til ny uregulerbar produksjon. Dette arbeidet held fram inn i 2026.

Vi har halde mange innlegg på ulike konferansar. Gjennom dette når vi eit breiare publikum med informasjon om trusselbilde, sikkerheit og beredskap, og dette gir auka merksemd i mange verksemdar.

NVE følgjer opp hendingar i kraftforsyninga. Vinteren 2025 blei Trøndelag ramma av uvêr som gav lange avbrot. På hausten blei store delar av Sør-Noreg til og med Trøndelag ramma av ekstremvêret «Amy». På det meste var om lag 150 000 kundar utan straum. I jula ramma dårleg vêr Helgelandskysten spesielt hardt.

NVE får mange rapportar om observasjonar av mistenkjeleg nærvær ved kraftforsyningsanlegg. Det kan dreie seg om fysiske observasjonar av personar med kamerautstyr ved anlegga, eller dronar som er observerte i nærleiken. NVE har inntrykk av at KBO er flinke til å varsle politiet ved slike observasjonar. Det same gjeld rapportar om innbrot og tjuveri frå anlegg.

NVE følgjer opp dei viktigaste komponentane, for eksempel transformatorar, i kraftsystemet. Mange av komponentane er gamle, og det er viktig å sikre at dei fungerer optimalt. Vedlikehald er ein føresetnad for god sikkerheit. NVE er derfor involvert i ulike grupper og aktivitetar for å oppretthalde kunnskapen om korleis ein best mogleg sikrar at komponentane er i god stand.

NVE har levert ei ny utgåve av risiko- og sårbarheitsanalysen for kraftforsyninga, Kraft-ROS. Analysen inneheld særleg alvorlege scenario for kraftforsyninga, og kunnskapen blir brukt som grunnlag for øving, men også for å sjå kvar det er viktig å setje inn tiltak.

Indikatorar for oversikt over tilstanden i kraftforsyninga – rapportering om samfunnsikkerheit for kraftsektoren

NVE utarbeidde ei oppdatert oversikt over tilstanden i kraftforsyninga i 2025. Sidan vi begynte med dette i 2017, har vi identifisert indikatorar som vi over tid meiner kan seie noko om korleis tilstanden utviklar seg. Indikatorane trussel- og risikobilde, uønskte hendingar, avbrotstatistikk, feilstatistikk, kraftsituasjon og driftssikkerheit, tilsyn, fjernvarme, reparasjonsberedskap og tilstand for krafttransformatorar, øvingar, klimatilpassingar og regelverksendringar er omtalte med eit kort samandrag om tilstand.

Den sikkerheitspolitiske situasjonen er skjerpa. I tillegg til etterretning er sabotasje i år vurdert som sannsynleg av sikkerheitsmyndigheitene. Data frå KraftCert viser at digitale angrep utgjer ein trussel mot kraftforsyninga, og at talet på saker som KraftCERT registrerer, har auka jamt dei siste åra.

Det vi har sett av rapporterte uønskte hendingar, er at det framleis er vêret som er årsaka til at folk kan miste straumen. Vi får også mykje informasjon om uønskt fotografering, dronar og liknande, men har ikkje grunnlag for å seie om omfanget av slike hendingar har auka. Når det gjeld klimatilpassing, er frekvensen og styrken på vêrelaterte hendingar venta å auke i åra framover som følge av klima i endring. Ei oppdatert statuskartlegging av klimatilpassing i kraftforsyninga blei derfor gjennomført i 2025. Resultata viser at dei aller fleste tar klimautfordringane på alvor.

Resultat av tilsyn

NVE er tilsynsmyndigheit i kraftforsyninga etter sikkerheitslova. I 2025 har vi gjennomført tilsyn med eit utval av krav i denne lova med forskrift. Vi har også god dialog med NSM og dei andre sektortilsyna etter sikkerheitslova, og det bidrar til betre oversikt over område av felles interesse og kunnskapsdeling mellom sektorane.

I 2025 har vi utført 42 tilsyn. Fleirtalet av desse var revisjonar, men vi har også gjennomført dokumentkontrollar og følgt opp ei uønskt hending. Sikringstiltak, reparasjonsberedskap, IKT-/driftskontroll og informasjonssikkerheit har vore prioriterte tema innanfor kraftforsyningsberedskap. Anlegga i kraftforsyninga er klassifiserte frå 1 til 3, der 3 er dei aller viktigaste anlegga. Vi fører oftast tilsyn med verksemdene som har dei viktigaste anlegga. I tillegg har vi prioritert tilsyn med kraftrasjonering. Vi gjennomfører også revisjonar innanfor beredskap som opplæring for nytt personell; i 2025 var det knytt til fjernvarme.

Generelt finn vi avvik innanfor alle tema. Det inneber for eksempel manglande reparasjonsberedskap, manglande avskjerming og tilgangskontroll for kraftsensitiv informasjon og manglande sikringstiltak, særleg for eldre anlegg.

Vi finn relativt mange avvik innanfor generell risikostyring. Ein trend frå 2023 og 2024 som vi også ser i 2025, er at verksemdene i KBO har begynt å ta IKT-sikkerheit og sikring av driftskontrollsystem meir på alvor. Avvika dreier seg i stor grad om mangelfull dokumentasjon og mangelfulle prosedyrar.

Vi finn framleis avvik innanfor risikovurderingar på alle område, sjølv om vi har styrkt rettleiinga på dette området. Vi ser også at mange ikkje er i mål med rasjoneringsplanar.

Vi opplever at verksemdene ser nytte i revisjonane våre, som i tillegg til å vere ein kontroll av at forskriftskrava blir oppfylte, bidrar til viktig informasjonsutveksling og kompetanseheving.

Samarbeid om beredskap

Arbeidet med sikkerheit og beredskap krev samarbeid med mange, både innanfor og utanfor kraftforsyninga. Det gode samarbeidet i KBO og med KDS er vidareført, med særleg vekt på KDS-rolla og digitale informasjonsmøte. Vi opplever at KBO-einingane har låg terskel for å ta kontakt.

Det nordiske beredskapssamarbeidet, NordBER, der myndigheiter og transmisjonssystemoperatørar (TSO) deltar, er styrkt etter at TSO-ane styrkte deltakinga si i arbeidet der det er relevant. Dette meiner vi som myndigheitsrepresentantar er viktig og riktig. Mykje av arbeidet i NordBER tar utgangspunkt i at sikrings- og beredskapsarbeidet i EU får meir merksemd, og at det kjem ny regulering, både regulering for kraftforsyninga generelt og generell regulering, som NIS- og CER-direktiva. Samarbeidet mellom dei nordiske myndigheitene blir derfor stadig viktigare. NVE deltar i fleire grupper i NordBER. Blant anna deltar vi i ei gruppe for myndigheitene om IKT-sikkerheit, og arbeidet her er relevant for oss fordi det skjer mykje i EU på

dette området. På overordna nivå har NordBER vore opptatt av innføringa av EUs beredskapsdirektiv i dei andre landa og dei utfordringane vi alle opplever i den endra sikkerheitspolitiske situasjonen.

Sikkerheita og beredskapen i kraftforsyninga er god, men for å vere godt førebudd i øvre del av krisespekteret er det nødvendig med styrking framover. Dette gjeld både fysisk sikring, reparasjonsberedskap, organisering og evne til å handtere komplekse og hybride situasjonar, og det gjeld korleis vi utviklar kraftsystemet og nettet framover. Men auka digitalisering, ein endra sikkerheitspolitisk situasjon, eit endra klima med blant anna meir uvêr og sterk skogvekst og mange gamle komponentar og system inneber at krava må tilpassast, og at energibransjen må følgjast tett opp i framtida også for at vi skal halde forsyningssikkerheita på eit høgt nivå. Særleg endra trusselbilde og hybrid verkemiddelbruk er noko vi har retta merksemda mot det siste året, og det vil vi også gjere framover.

3.4 HOVUDMÅL 4 NVE SKAL SETJE SAMFUNNET I BETRE STAND TIL Å HANDTERE RISIKO FOR FLAUM OG SKRED I EIT KLIMA I ENDRING

Flaum og skred kan gi store skadar for samfunnet og ramme både liv, helse og verdiar. Vurderingar i blant anna NVE-rapport 20/2021 *Flom og skred – sikringsbehov for eksisterende bebyggelse (FOSS)* viser at mange eksisterande byar og tettstader og omkringliggjande bustadområde i Noreg er utsette for flaum- og skredfare. Eit klima i endring vil utfordre oss, og vi arbeider systematisk for å bidra med kunnskap på området.

For å oppfylle hovudmålet om å setje samfunnet i betre stand til å handtere risikoen for flaum og skred arbeider vi blant anna med kartlegging, rettleiing, rådgiving i arealplanlegging og ved bekymringsmeldingar, gjennomføring av sikringstiltak og overvaking og varsling. Desse aktivitetane omtaler vi nedanfor.

NVE vurderer at samfunnet får stadig meir kunnskap om flaum og skred. Vi ser at effekten av tiltaka våre har sett samfunnet i betre stand til å handtere og redusere risikoen for skadar frå flaum og skred i Fastlands-Noreg og på Svalbard. Vi legg stor vekt på å formidle kunnskap og å gjere denne tilgjengeleg for kommunar og andre aktørar. Vi tar i aukande grad i bruk ny teknologi til overvaking, varsling, rettleiing i kartlegging, arealplanlegging og sikring.

Auka kunnskap om naturfare gir grunnlag for å unngå bygging i fareområde og for å gjennomføre risikoreduserande tiltak. Kommunane er den primære målgruppa, men alle sektorar og aktørar med ansvar for førebyggjande arbeid vil ha nytte av karta og kartlegginga vår. Kunnskap om overvatn, kartlegging av område med fare for flaum og skred og rettleiing og fråsegner frå NVE i arealplanlegginga gir kommunar og utbyggjarar eit godt grunnlag for å ta omsyn ved ny utbygging og utvikling av lokalsamfunn.

Byar og tettstader, i tillegg til enkeltbustader, er etablerte i område som dei seinare åra er kartlagde som flaum- og skredutsette. Flaum- og skredsikringstiltak i desse etablerte områda gir større sikkerheit for menneske, bygningar og anlegg. Ved etablering av sikringstiltak er omsynet til klimaframskrivingar og allmenne interesser ein del av vurderinga.

Nytten ved risikoreducerande tiltak er både reduserte kostnader frå materielle skadar, redusert fare for tap av liv og ei oppleving av auka sikkerheit i befolkninga. Førebyggjande arbeid har stor nytte for samfunnet og reduserer risikoen for alvorlege hendingar. Det vil likevel alltid vere ein restrisiko som ein må rette merksemd mot, for eksempel gjennom heilskaplege ROS-analysar.

3.4.1 Delmål 4.1 Auke kunnskapen i samfunnet om flaum- og skredfare

God kjennskap til kvar det er fare for flaum og skred, er ein føresetnad for at samfunnet og relevante aktørar kan handtere flaum- og skredrisiko på ein god måte. Kartlegging av flaum- og skredfare utgjer eit nødvendig grunnlag for både arealplanlegging, sikring, varsling og beredskap.

NVE har i 2025 gjennomført tre digitale webinar om innmelding av naturfarerapportar, om nye aktsemdkart og om snøskred. I gjennomsnitt hadde webinarane 400 deltakarar, der fleirtalet var kommunetilsette og konsulentar. I tillegg arrangerte Naturfareforum tre webinar, blant anna eit om «Naturfareåret 2024». Webinarane er tilgjengelege på nett.

NVE lanserte i 2025 *Kommuneguide for flom og skred. Forebygging, varsling og respons* for å hjelpe kommunane med å forstå kva dei skal gjere når dei får eit naturfarevarsel frå NVE. Guiden gir råd om kva kommunane bør gjere i forkant, undervegs og etter ei naturfarehending, og korleis dei skal tolke naturfarevarsla frå NVE. Guiden er tilgjengeleg på [nettsidene til NVE](#).

Utgreiinga av kvikkleirefare i kommunane Ullensaker, Nannestad og Gjerdrum har vore omfattande. Utgreiinga om Ullensaker og Gjerdrum blei ferdig på slutten av 2024, mens utgreiinga om Nannestad var ferdig våren 2025. Vi har vurdert til saman 149 faresoner, 64 i Nannestad. Vi har anbefalt til saman 39 sikringstiltak. I 2025 blei eit nytt stort utgreiingsprosjekt starta opp – forenkla soneutgreiing for Lillestrøm og Nes. Prosjektet nyttar PROAKTIV-metodikken i tillegg til at det parallelt blir utarbeidd og prøvd ut ein ny fagmetodikk for utgreiing. Grunnundersøkingane i prosjektet starta opp hausten 2025 og held fram gjennom heile 2026. Eit tilsvarande prosjekt som i Lillestrøm og Nes blei sett i gang i Målselv. Prosjektet er mindre, men følgjer den same metodikken.

Noregs geologiske undersøking, NGU, fortsette i 2025 prosjektet med å betre det geologiske grunnlaget i område som ikkje har tilstrekkeleg detaljerte lausmassekart i målestokk 1:50 000 eller større. Prosjektet er finansiert av NVE. I løpet av 2025 blei det levert resultat med tilhøyrande dokumentasjon frå kartlegging i heile 11 kommunar. Totalt har dette resultert i at det er tatt ut 794 km² (i gjennomsnitt ca. 85 prosent arealreduksjon) frå det geologiske grunnlaget som NVE sine berekningar av aktsemdsområde baserer seg på. Det er også starta tilsvarande kartlegging i fem andre kommunar som det er venta leveransar frå i 2026. I tillegg er det arbeidd med å utvikle to ulike maskinlæringsmodellar (ML-modellar) for å kunne effektivisere arbeidet med å kartleggje grunt til berg og berg i dagen.

I 2025 er det publisert skredfarekart for bratt terreng i 11 kommunar og starta opp arbeid med skredfarekart i 9 nye kommunar, hovudsakleg gjennom rammeavtale med konsulentar. Nytt aktsemdskart for jord- og flaumskred er publisert og utviklinga av nytt aktsemdskart for steinsprang held fram i 2026. Første utgåve av ein ny rettleiar for stadsspesifikk snøskredvarsling blei publisert mot slutten av 2025.

NVE og NGU har gjennom 2025 arbeidd vidare med å revidere metodikken for fare- og risikoklassifisering av ustabile fjellparti. Den gjeldande metodikken er frå 2012, og det er derfor naturleg å revidere han for å inkludere ny erfaring, kunnskap og teknologi frå dei siste åra. Revisjonsarbeidet har vist seg å vere meir tidkrevjande enn venta, men er rekna som særskild viktig og riktig å bruke tid på, sidan metodikken står heilt sentralt i vurderinga av faregrad og behov for overvaking. Den nye metodikken skal etter planen vere ferdig i 2026. Inntil da fokuserer vi på å

gjere ferdig allereie påbegynte klassifiseringar så langt det lar seg gjere, i påvente av den oppdaterte metodikken.

I 2025 har NVE også arbeidd med å oppdatere flaumsoner. Ti av oppdateringane blei ferdige i løpet av året.

Vi har også arbeidd med å skaffe datagrunnlag for flaumsonekartlegging med flaumberekningar og elvebotndata. Totalt har vi utarbeidd seks flaumberekningar i 2025 og begynt på oppdateringa av femten til. Vi har også kartlagt elvebotn i ei lang rekkje vassdrag, for å skaffe grunnlagsdata til flaumkartlegging, kartlegging av kvikkleireskred og sikring. Vi har mottatt ferdig djupnekartlegging av ni vassdrag i 2025. Vidare har vi sett i gang elvebotnkartlegging med grøn laser og multistråleekkolodd i totalt åtte vassdrag i 2025. Data herifrå blir leverte i 2026.

Ein digital rettleiar, *Veileder for feltobservasjoner av flomdata*, blei utvikla for kommunane. Formålet er å støtte kommunane i å samle inn flaumdata, som vasstand og vassføring, under flaumsituasjonar. På denne måten kan kommunar og andre bidra med kalibreringsdata som styrkjer den hydrauliske modelleringa som blir brukt til flaumsonekartlegging.

Det er utarbeidd ein ny plan for flaumkartlegging som erstattar den noverande planen (NVE 33/2020). Den nye planen skal sikre at alle flaumsonekart som er eller snart blir eldre enn 15 år (79 av 141 kart per 31. desember 2025), blir oppdaterte innan 2030. I samband med planarbeidet er det utvikla ein PowerBI-applikasjon som gir kommunar og andre interessentar tilgang til status for dei 141 NVE-flaumsonekarta over heile landet. Applikasjonen blir etter planen lansert i januar 2026.

I tillegg er aktsemdskarta for flaum oppdaterte slik at alle vassdrag som er registrerte i «FKB-Vann», no viser med tilhøyrande aktsemdsareal på kartet. Vi presenterte endringane på eit webinar for kommunar. Vidare har vi evaluert aktsemdskarta for flaum, og fleire forbetringpunkt er samla i ein prosjektrapport som danner grunnlaget for eit treårig utviklingsprosjekt knytt til aktsemdskart for flaum som har planlagt oppstart i januar 2026.

Vi har i 2025 hatt mykje arbeid i samband med at innmeldingsplikta tredde i kraft frå 1. januar 2025. Plikta omfattar alle naturfarar. Det er gjort forbetringar både for dei som skal melde inn naturfareutgreiingar, og for vår eiga interne forvaltningsløysing. Det er også brukt ressursar for å få eksisterande grunnundersøkingar inn i NADAG, som er NGUs portal for pliktig innlevering av geotekniske grunnundersøkingar. Tilgang til laserdata for å kunne lage detaljerte høgdemodellar er viktig for all farekartlegging. Det er brukt ressursar på å få inn godehøgdedata (laserdata) gjennom Geovekst-samarbeidet, og også detaljerte djupnedata frå elvar og innsjøar som grunnlag for flaumsonekart.

3.4.2 Delmål 4.2 Bidra til at det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til flaum- og skredfare ved arealplanlegging

NVE har i 2025 gitt 4 819 innspel og fråsegner i arealplan- og dispensasjonssaker, i 2024 var talet 4 801. Vi fremja motsegn i 127 saker i 2025, mot 112 i 2024. Saksmengda gjer at vi ikkje alltid rekk fristen for å fremje motsegn i alle saker, og vi må i staden gi faglege råd.

Å utarbeide verktøy og hjelpemiddel til kommunane i arealplanarbeidet er ei viktig oppgåve for NVE. Rettleiing og oppdatert kunnskapsgrunnlag set kommunar, konsulentar og utbyggjarar betre i stand til å ta omsyn til naturfare i planlegginga. Vi jobbar etter NVE-rettleiing nr. 2/2017 om nasjonale og vesentlege regionale interesser på NVE sine saksområde i arealplanlegginga. Rettleiinga klargjer når det er grunnlag for motsegn, og gjer planprosessane meir føreseielege.

Vi legg vekt på å følgje opp dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging frå Kommunal- og distriktdepartementet om at statlege myndigheiter skal rettleie og gi tidlege innspel

i arealplanlegging. Vi har deltatt og halde innlegg på fleire kommunale, regionale og nasjonale arrangement. I plansaker har vi prioritert å gi konkrete fråsegner til kommuneplanar, områdereguleringsplanar og planar der kommunen sjølv har bede om bistand. Til arealplanar der vi ikkje gir konkrete innspel eller fråsegner, gir vi generelle eller automatisk genererte fråsegner. Vi gir også fråsegner i dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova som vedkjem saksområda våre. NVE har gjennom formidling, nye og betre aktsemdskart, rettleiing og fråsegner medverka til at kommunane i aukande grad tar omsyn til naturfare i arealplanlegginga si.

På oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet har Direktoratet for byggkvalitet (DiBK), Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) og NVE i 2025 arbeidd med å gå gjennom krava til sikkerheit mot naturfarar i byggt teknisk forskrift. Her har NVE vore ein betydeleg fagleg bidragsytar. Arbeidet held fram i 2026.

Vi er i gang med å revidere NVE-rettleiing nr. 2/2017 om nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor saksområda våre i arealplanlegginga. Vidare har vi i 2025 arbeidd med digitale løysingar for saksbehandling og rettleiing. Arbeidet med rettleiarar og utvikling av digitale løysingar held fram i 2026.

3.4.3 Delmål 4.3 Redusere risikoen for flaum- og skredfare ved å bidra til fysiske sikringstiltak og kartlegging av fare

NVE tar hand om dei statlege forvaltningsoppgåvene knytte til flaum- og skredskadeførebygging, inkludert utføring av sikringstiltak mot flaum- og skredhendingsar for eksisterande busetnad. Førebyggjande verksemd blir prioritert etter risiko, det vil seie etter faregraden, konsekvensane for liv og helse og skadar på busetnad, og samfunnsmessig nytte ut frå kostnadene (sjå 3.5.3).

Støtte til sikrings- og miljøtiltak blir enten gitt i form av bistand der NVE tar på seg oppgåvene med utgreiing, planlegging og gjennomføring på vegner av ein kommune, eller som økonomisk tilskot der kommunen sjølv står for gjennomføringa. Til støtte i arbeidet kommunane gjer med å planleggje og gjennomføre sikringstiltak, har NVE utarbeidd ei digital sikringshandbok ([Sikringshåndboka](#)).

NVE har hatt eit godt samarbeid med kommunane som blei råka av ekstremvêret «Hans» i august 2023. Vi har følgd dei opp ved å ta på oss å planleggje og gjennomføre tiltak, og ved at kommunane har søkt om tilskot til krisetiltak. Slike hendingsar skaper litt forseinkingar i den ordinære porteføljen vår.

Fleire sikrings- og miljøtiltak er slutførte i 2025, og mange tiltak er under gjennomføring. Tiltaka går som regel over fleire år. Vi har også gitt tilskot til fleire tiltak som blei ferdige i 2025. Vi viser til NVEs årsrapport for sikrings- og miljøtiltak i 2025 for omtale av dei slutførte tiltaka.

Det er mykje busetnad i Noreg som ligg utsett til, og som kan bli ramma av flaum- og skredhendingsar. Dette viser både kartlegging og hendingsar. I 2025 har NVE bidratt til ferdigstilling av 13 sikrings- og miljøtiltak gjennom støtteordningane våre (bistand og tilskot). Til saman har vi sikra rundt 462 bueiningar og fem andre bygg og såleis gitt eit godt bidrag til å redusere flaum- og skredfaren for eksisterande busetnad. I tillegg er fleire tiltak ferdig planlagde og kjem til bygging seinare. Det er også gjort noko vedlikehald av eksisterande sikringsanlegg, til saman blei ni slike tiltak ferdige i 2025.

Ulike kommunar har i tillegg ferdigstilt 47 krise- og hastetiltak som dei har fått tilskot til frå NVE. Dette er særleg tilskot som er gitt i etterkant av ekstremvêra «Hans» og «Jakob», og tiltaka dreier

seg i stor grad om opprydding og istandsetjing etter flaum- og skredhendingar. I tillegg har NVE gitt bistand til kommunane til fleire krise- og hastetiltak i 2025.

Å sikre eksisterande busetnad tryggjer innbyggjarane og reduserer tap av liv, helse og materielle verdiar. Erfaring viser at førebyggjande arbeid har god samfunnsnytte sett opp mot samfunnskostnadene til krisestøtte og oppbygging under og etter hendingar. Vi har også lagt ned arbeid i ulike mogleighetsstudiar og forprosjekt, og nokre av desse vil gå vidare til prosjektering og utføring av sikrings- og miljøtiltak.

Kartlegging av fare er omtalt under delmål 4.1 i avsnitt 3.4.1 ovanfor.

3.4.4 Delmål 4.4 Redusere konsekvensane av flaum- og skredhendingar gjennom overvaking, varsling, beredskap og rådgiving

Naturfarevarslinga

Den operative varslingstenesta for flaum- og skredfare har høg prioritet, og vi arbeider kontinuerleg med kunnskapsheving og vidareutvikling basert på brukarbehov. Flaum- og jordskredvarslinga har vore operativ alle dagar i 2025, og snøskredvarslinga og isvarslinga har vore operative i den planlagde sesongen. Den daglege varslinga utfører NVE i nært samarbeid med Meteorologisk institutt og Statens vegvesen. Varsla er tilgjengelege på varsom.no og yr.no, og via ei abonnementsløyising på sms og e-post.

For å gjere skredvarsla meir treffsikre treng vi dokumentasjon av hendingar, slik at vi kan vurdere om det er samanfall mellom varsla og hendingane. I 2025 har skredvarslinga systematisk henta inn dokumentasjon av hendingar for å betre varslingstenesta. Dokumentasjonen blir også brukt i arbeidet med farekartlegging og sikringstiltak.

Snøskredvarslinga har også i 2025 forbetra varslingssystema og stasjonsnettet saman med Meteorologisk institutt og Statens vegvesen. Det er publisert fleire nye versjonar av Varsom-appen og senorge.no.

For å dele kunnskap om snøskred med samfunnet har NVE halde eit webinar for kommunane om snøskred og 43 opne skredkveldar i lag med Den Norske Turistforening, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) og skimagasinet Fri Flyt i 2025. Om lag 5 000 personar totalt deltok på skredkveldane.

Snøskredvarslinga har publisert fleire vitskapelege og populærvitskapelege artiklar i 2025, og bidrog med fleire presentasjonar på Nordisk konferansen om snøskred og friluftsliv på Oppdal.

Ekstremvêret «Amy» hausten 2025 forårsaka flaum i Vestfold, og det gjekk eit jordskred i Hvitvingfoss i Kongsberg som var rundt 50 meter breitt. To husstandar blei evakuerte. Hendinga var godt varsla; varslingstenesta fungerte tilfredsstillande med godt samarbeid både internt og eksternt. Hendinga blir dokumentert på naturhendelser.varsom.no. I vekene etter ekstremvêret «Amy» blei det sendt ut oransje og gule farevarsel fleire gonger for flaum og jordskred [i Møre og Romsdal, Innlandet, Vestland og delar av Austlandet](#).


NVE informerer om flaum- og skredfare i ulike kanalar, for eksempel på varsom.no og yr.no og gjennom pressemeldingar. På varsom.no blei det publisert 21 nyheitssaker om flaum- og jordskredfare og to nyheitssaker om lite vatn i 2025. Større flaum- og jordskredhendingar blir også dokumenterte på naturhendelser.varsom.no. Totalt blei det dokumentert to større flaum- og skredhendingar i 2025.

For å hjelpe kommunane slik at dei veit kva dei må gjere når dei får eit naturfarevarsel frå NVE, har vi laga [Kommuneguide for flom og skred. Forebygging, varsling og respons](#). Guiden gir kommunane


oversikt over NVEs naturfarevarsel for flaum og skred, fortel korleis dei skal tolke varsla, og gir råd om kva kommunane bør gjere i forkant, undervegs og etter ei naturfarehending.

Talet på brukarar av den gratis abonnementsløysinga for naturfarevarsel har auka med om lag fem prosent det siste året, til om lag 21 000 unike brukarar per 1. januar 2026.

I løpet av året sende NVE ut 70 flaumvarsel (1 raudt, 9 oransje og 60 gule) og 51 jordskredvarsel (8 oransje og 43 gule). Dette er litt under gjennomsnittet for perioden 2013–2025. Det blei i tillegg publisert 35 styrtregnavarssel (1 oransje og 34 gule) av Meteorologisk institutt (MET). Varsla om styrtregn er samordna varsel på varsom.no som blir publiserte av Meteorologisk institutt i samråd med NVE. Det blei i 2025 (vinteren 2024–2025) sendt ut 4 408 snøskredvarsel, av desse var ingen på svart nivå, 103 på raudt nivå, 872 på oransje nivå og 2 224 på gult nivå.



Figur 2: I 2025 blei det sendt ut 70 flaumvarsel (1 raudt, 9 oransje og 60 gule), og det blei sendt ut 51 jordskredvarsel (8 oransje og 43 gule).



Figur 1: I 2025 (vinteren 2024 –2025) blei det sendt ut 4 408 snøskredvarsel (103 raude, 872 oransje og 2 224 gule).

Fjellskredovervaking

Fjellskred er blant dei mest alvorlege naturkatastrofane som kan skje i Noreg. Store fjellskred er sjeldne, men konsekvensane kan vere store og ramme fleire tusen menneske, særleg dersom eit skred fører til flodbølger.

Overvaking er eit effektivt risikoreduserande tiltak. Måledata blir kontinuerleg overførte til NVEs overvakingssenter på Stranda i Møre og Romsdal eller i Kåfjord i Troms. Formålet er å kunne varsle beredskapsmyndigheitene i god tid, slik at befolkninga kan bli evakuert før det går eit fjellskred.

Det er no kontinuerleg overvaking på ti ustabile fjellparti med høg risiko. Dette er tre objekt i Troms (Jettan, Indre Nordnes og Gámanjuni), tre objekt i Møre og Romsdal (Hegguraksla, Åknes og Mannen), tre i Vestland (Joasetbergi, Tussafoten og Stiksmoen) og eitt i Innlandet (Skutshorn). Det er i tillegg periodisk overvaking på 24 ustabile fjellparti, lokaliserte i Finnmark (eitt objekt), Troms (fire objekt), Møre og Romsdal (sju objekt) og Vestland (elleve objekt). Av dei periodisk overvaka objekta er tolv objekt ferdig klassifiserte med moderat risiko. Dei resterande er objekt der periodisk overvaking er etablert som ein del av det pågåande kartleggings- og klassifiseringsarbeidet, og der det endelege risikonivået enno ikkje er avklart. Samla overvaker NVE no 34 ustabile fjellparti. Det har vore normal drift på overvakinga av alle desse objekta i 2025.

NVE har saman med Direktoratet for romverksemd og Noregs geologiske undersøkingar (NGU) etablert eit senter for lasting, handtering og analyse av radardata frå satellittmålingar som er implementerte i fjellskredovervakinga til NVE. Satellitten i EU-programmet Copernicus (Sentinel) som tidlegare har vore ute av drift, har blitt erstatta av ein ny satellitt i 2025, og avtalen som NVE inngjekk med ein annan satellittleverandør for å halde ved lag overvakinga, er no avslutta.

Planlegginga av prosjektet med drenering av høgrisikoobjektet Åknes i Stranda kommune heldt fram i 2025. Dette er ei oppfølging av eit oppmødingsvedtak frå Stortinget frå 2022.

Beredskap ved flaum- og skredhendingar

Beredskapen ved store flaum- og skredhendingar har vore god i 2025. Varslingstenestene til NVE gir eit godt grunnlag for å vurdere situasjonen på førehand. I tillegg har vi ei vaktordning for mottak av meldingar om ekstremvêr og om hendingar eller bekymringar frå samfunnet elles. Ved større flaum- og skredhendingar kan NVE støtte politi og kommunar med fagleg rådgiving.

Arbeid knytt til beredskapshendingar kan forseinke arbeid med andre førebyggjande tiltak. Det har vore fleire hendingar i 2025 der NVE har hatt beredskap og hjulpet til med rådgiving, blant anna under ekstremvêret «Amy» på hausten.

I 2025 var det 21¹ beredskapssituasjonar og situasjonar med auka aktsemd og personell i standby i NVE. Det blei også meldt inn 146 bekymringar og naturfarehendingar til oss i 2025. Vi registrerte og svarte på alle.

NVE deltar fast i fylkesberedskapsråda som er leidde av statsforvaltarane. Fylkesberedskapsråda er viktige regionale samordningsorgan for eit felles risiko- og sårbarheitsbilde og for samordning av arbeidet i krisesituasjonar som flaum og skred.

3.4.5 Delmål 4.5 Fremje godt samarbeid mellom aktørane på flaum- og skredområdet

På svært mange av arbeidsfelta til NVE er vi avhengige av eit godt samarbeid med andre aktørar for å løyse oppgåvene. Nedanfor nemner vi eit lite utval av områda der samarbeid er heilt sentralt.

NVE deltar i fleire samarbeidsorganisasjonar og -komitear for å fremje fagkunnskap, for å utforme retningslinjer og praksis på fagfelta og for å utarbeide felles standardar. For eksempel deltar NVE i Nordisk hydrologisk forening, Norsk hydrologiråd, Interprävent, International Commission on Large Dams (ICOLD), World Meteorological Organization (WMO), European Avalanche Warning Services (EAWS) og International Association of Cryospheric Sciences (IACS).

¹Dersom ei stor hending rammar fleire regionar, tel vi ho som éi hending per region.

Naturfareforum

Naturfareforum er eit samarbeid mellom offentlege organ for å betre sikkerheita mot naturfare i samfunnet. Partane i Naturfareforum er NVE, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, Statens vegvesen, Direktoratet for byggkvalitet, Jernbanedirektoratet, Kartverket, KS (kommunesektorens organisasjon), Landbruksdirektoratet, Meteorologisk institutt, Miljødirektoratet, Noregs geologiske undersøkingar og statsforvaltarane ved ein fylkesberedskapssjef.

I Naturfareforum utvekslar partane informasjon og erfaringar på naturfareområdet og set i verk prosjekt eller arbeidsgrupper på område der det er sektorovergripande utfordringar og kunnskapsbehov. Forumet bidrar til auka kunnskap om status på naturfareområdet og følgjer opp relevant politikk og føringar. Manglar i handteringa av naturfare i samfunnet blir identifiserte, og det blir foreslått tiltak for å betre dette. Naturfareforum er også nasjonal plattform for det globale rammeverket for katastrofeførebygging (Sendai-rammeverket), som Noreg har forplikta seg til å følgje opp.

I 2025 har Naturfareforum jobba med ei rekkje aktivitetar og prosjekt i tråd med strategi- og handlingsplanen for 2022–2025. Det har også vore køyrt ein strategiprosess for Naturfareforum i 2025 som har gitt eit oppdatert mandat og nytt arbeidsprogram for 2026–2029.

Norsk klimaservicesenter (KSS)

KSS er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt, NVE, Norwegian Research Centre (NORCE), Bjerknessenteret og Kartverket. Miljødirektoratet sit også i styret til KSS. Senteret skal skaffe kunnskap som grunnlag for eit meir klimarobust samfunn og tilpassing til klimaet. Dette inneber at KSS skal levere kunnskap om klima og hydrologi, inkludert flaum og tørke, både frå fortida og for framtida. I 2025 har NVE gjort ferdig analysar og tekst innanfor hydrologi og skred til den publiserte rapporten [Klima i Norge](#). Dei fylkesvise klimaprofilane har også blitt oppdaterte. NVE skal i 2026 bidra i arbeidet med *kommunevise* klimaprofilar, inkludert oppdaterte klimapåslag for flaum.

Naturfarevarslinga

Overvakings- og varslingstenesta har samarbeidd med fleire statlege etatar, og snøskredvarslinga har bidratt på fleire samlingar og øvingar med Forsvaret og aktørar innanfor redning. Meteorologisk institutt, Statens vegvesen, kommunar og NVE held fram med eit tettare samarbeid om risiko- eller konsekvensbasert varsling av farleg vêr, flaum og skred.

Over halvparten av alle skredulykker i Noreg skjer i Troms, og NVE har derfor gått saman med reiselivsnæringa i Troms, politiet og CARE UiT om ein felles innsats for å få ned talet på skredulykker i regionen. Dette samarbeidet heldt fram i 2025.

NVE har leidd to arbeidsgrupper i den europeiske foreininga for snøskredvarsling, EAWS. Desse to gruppene har laga eit nytt system for fastsetjing av faregrad og for registrering av ulykker. NVE har også eit samarbeid med nasjonale flaumvarslingstenester i Norden som årleg møtest for å utveksle erfaringar.

Nasjonal fjellskredkonferanse 2025

Konferansen blir halden annakvart år og blei i oktober 2025 arrangert av Statsforvaltaren i Innlandet. NVE deltok i programkomiteen. Konferansen er ein viktig møteplass der kommunar, politi, statsforvaltarar, vegmyndigheiter, NGU, NVE og fleire kan dele erfaringar.

3.4.6 Delmål 4.6 Støtte kommunane med å førebyggje skadar frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk og rettleiing til kommunal arealplanlegging

NVE har sidan 2019 hatt i oppgåve å hjelpe kommunar med å førebyggje skadar frå overvatn gjennom å bidra med kunnskap om avrenning i tettbygde område (urbanhydrologi) og med bistand til kommunal arealplanlegging når det gjeld overvatn. Overvatn påfører fellesskapet betydelege forsikringsutbetalingar, og skadetrenden er aukande. Urbane overfløymingar kan inntreffe med stor kraft og har potensial til å ta liv. Overvatn kan utløyse flaum, skred og erosjon og kan vere ei kjelde til forureining av vassmiljøet.

NVE prioriterer kompetanse- og kapasitetsbygging i kommunane. Målet er å lage rettleiingar og verktøy som set kommunane i stand til å hjelpe seg sjølv. I 2025 har vi brukartesta rettleiinga vår for å gi meir målretta rettleiing til kommunar og rådgivarar. Vi samarbeider tett med andre aktørar i for eksempel Naturfareforum for å gi ei samla statleg rettleiing om overvatn. I 2025 har vi også deltatt på fleire seminar og kurs for å gjere kommunane meir merksame på rettleiinga og verktøya NVE tilbyr.

NVE prioriterer å skaffe kunnskap som bidrar til å forstå korleis vi kan førebyggje skadar frå overvatn. Etter fleire år med målingar på grønne tak har vi i 2025 starta opp eit FoU-prosjekt for å kvantifisere kva slags flaumdempande effekt taka har, basert på målingane, og om taka vil vere effektive naturbaserte tiltak under styrtregn. Vi deltar også i eit fleirårig forskingsprosjekt for å skaffe kunnskap om kva regnhendingar og fuktforhold i bakken i forkant av regnhendinga som gir dei største overfløymingane.

3.5 ANDRE OPPDRAG I TILDELINGSBREVET FOR 2025

Tildelingsbrevet for 2025 beskriv ulike krav og føringar. Nedanfor omtaler vi dei sentrale oppdraga nærmare.

3.5.1 Langsiktig utvikling, forbetring og effektiv ressursbruk

NVE jobbar systematisk med prosessar og tiltak som skal bidra til effektivisering og gevinstrealisering i verksemda. Nedanfor er nokre eksempel på slike tiltak og kva slags gevinstar dei har bidratt med, mellom anna når det gjeld auka kvalitet i oppgåveløysinga. Sjå også kapittel 4 Styring og kontroll der vi gir ei samla vurdering av NVE sitt arbeid med effektivisering i verksemda.

Sektoravgift og ny berekning

NVE krev inn sektoravgift frå verksemdar vi fører tilsyn med, for å dekkje kostnader til miljøtilsyn med vassdragstiltak, miljøtilsyn med energianlegg, tilsyn med drift, vedlikehald og modernisering av elektriske anlegg og fjernvarmeanlegg, damsikkerheit og kraftforsyningsberedskap.

Sektoravgifta er heimla i damsikkerheitsforskrifta, kraftberedskapsforskrifta, energilova og den nye forskrifta om sektoravgift for dekning av kostnader til NVEs tilsyns- og kontrollarbeid som tok til å gjelde 1. januar 2024.

NVE har utvikla ein portal for sektoravgift (PFS) for å berekne avgifta for kvar enkelt verksemd vi fører tilsyn med. Portalen bereknar avgifta for kvar ordning basert på informasjon som verksemdene sjølv er pålagde å rapportere i forskjellige databasar, som blant anna Fosweb, eRapp og SIV. Til slutt blir det laga ein felles faktura per verksemd, noko som effektiviserer arbeidet for både NVE og verksemdene.

PFS har vore i bruk i to år og fungerer bra. Vi ser at det er effektiviseringspotensial i å forbetre kvaliteten på og automatisere oppdateringa av datagrunnlaget som ligg til grunn for berekningane. Dette ser vi i samanheng med anna digitalisering av prosessar i NVE.

3.5.2 Strategi og styring av digitaliseringsarbeidet

NVE har dei siste åra fått auka tildelinga til arbeid med å digitalisere prosessane rundt kraftsystemutgreiing og konsesjon. Direktoratet har etablert digital støtte til nettutvikling, konsesjons- og tilsynsprosessar. Gjennom digitaliseringsprogrammet har vi jobba med forenklingar gjennom forbetra søknads- og saksbehandlingsløysingar, anleggsregister og kartløysingar. Dette har auka datakvaliteten og effektiviteten både for dei eksterne søkarane og saksbehandlarar i NVE, og har bidratt til auke i talet på avgjerder.

Digitaliseringsarbeidet har også gitt gevinstar i form av betre tilgang til styringsinformasjon, kontinuerleg tilgang til nettutviklingsplanar og enklare dialog med tiltakshavarar i tidleg fase. Reduksjon i manuelle registreringar har frigjort tid til faglege vurderingar, prioritering av komplekse saker og vidareutvikling av regelverk, metode og samhandling.

Digitaliseringsprogrammet har så langt produsert desse resultatane:

Digital kraftsystemutgreiing (PlanNett)

Digital kraftsystemutgreiing har gjort det mogleg å fase ut kraftsystemutgreiingane som nettselskapa tidlegare leverte på PDF-format annakvart år. I staden kan vi no tilby ei nettbasert løysing som gir enklare rapportering frå nettselskapa, og som kan visualisere utgreiingar og tiltak i ei felles løysing med eit kartgrensesnitt. Løysinga inneheld også effektprognosar for såkalla vanlege kundar (det vil seie < 1 MW). Vi arbeider kontinuerleg med å forbetre desse prognosane. Vi har i tillegg starta eit samarbeid med Elbits, som samlar inn tilknytingsdata frå dei regionale nettselskapa, for å få på plass effektprognosar for større kundar (> 1 MW). Oversikta gjer det lettare for nettselskapa å få oversikt over samla planar og behov, og basert på dette kan dei utarbeide gode og godt grunngitte konsesjonssøknader til NVE. Løysinga har i 2025 også fått på plass skjema for KVVU-ar. Gode KVVU-ar og utgreiingar er ein viktig nøkkel til redusert saksbehandlingstid for konsesjonar.

NettKart

I NettKart lastar nettselskapa sjølve rett geografisk informasjon om anlegga sine inn i eit kartgrensesnitt i GIS-databasen Nettanlegg (utbygd anlegg). NVE mottar data for transmisjon- og regionalnettet. Det har gitt mykje betre datakvalitet når det er nettselskapa sitt ansvar å sørge for oppdaterte data. NVE mottar også KSI-data frå nettselskapa, men desse er ikkje offentleg synlege.

Kartlag som viser vilkår og anlegg for vasskrafts- og vassdragstiltak

Det er utvikla kartlag som gir oversikt over alle vassdragsinngrep som er behandla i NVE, med konsesjonsvilkåra som gjeld for inngrepa.

Søknadsløysing og «Min side» for dei som søker konsesjon på nettområdet

Vi lanserte i 2024 ei løysing for å ta imot meldingar og søknader på nettområdet digitalt, for å få betre kvalitet på meldingane og søknadene. Dette ser vi no resultatet av. I 2025 har vi utvida løysinga med skjema for områdeplanar. Vi har også arbeidd med å utvide løysinga til fleire domene enn nett.

Ny saksbehandlingsløsning

Ny saksbehandlingsløsning består av fleire applikasjonar som skal støtte arbeidet med meir effektiv konsesjonsaksbehandling. Arbeidet skal bidra til at NVE blir ei meir datadriven verksemd som i større grad kan utnytte moglegheitene som ligg i digitalisering. Konsesjonsbehandlinga i NVE er regulert i ei rekkje ulike regelverk, og vi har mykje historisk informasjon og mange eksisterande system som skal fungere saman med den nye løysinga eller migrerast. Vi arbeider med å standardisere omgrep og få oversikt over informasjon som blir nytta i dei ulike arbeidsprosessane.

Når konsesjonen er gitt, men før anlegget kan byggjast, skal det utarbeidast detaljplanar og tekniske planar for energi- og vassdragsanlegg. Desse planane må godkjennast før byggjeart. I arbeidet med ny saksbehandlingsløsning ser vi både på konsesjonssøknader og på detaljplanar og tekniske planar.

Applikasjonsmålilde

I 2025 har vi arbeidd med eit framtidig målilde for applikasjonsarkitekturen til NVE på konsesjonsområdet, og vi har gjort nokre viktige teknologival. Målildet samanstillir ulike løysingsområde for langsiktig satsing i tråd med måla til programmet. Arkitekturmålildet viser på ein oversiktleg måte korleis fleire komplekse løysingar på konsesjonsområdet dannar ein heilskap. Målildet byggjer bru mellom funksjonelle område og tekniske løysingar.

Vi har også starta utviklinga av ei løysing som skal gi både NVE og tiltakshavarar/konsesjonærar betre og meir strukturert, kartfesta informasjon om anlegg og løyve i søknader og konsesjonar, og vi har begynt arbeidet med å sjå på korleis overgangen frå dagens situasjon til nye løysingar skal skje.

Styringsinformasjon

NVE har arbeidd med å lage ei løysing for styringsinformasjon for konsesjonsbehandlinga. Formålet med dette arbeidet har vore meir effektiv ressursutnytting, reduksjon i tidsbruk til analyse og rapportering, auka brukartilfredsheit og høg tillit.

Styringsinformasjonsrapportar blir nytta internt i stor grad for å følgje opp saksporteføljen. Dei blir dessutan nytta jamleg i møte med Energidepartementet, og for å svare ut informasjon frå eksterne (for eksempel media). NVE har i 2024 og 2025 lagt ut informasjon frå all saksbehandling av konsesjonssaker. Frå 2025 har NVE også rapportert frå arbeidet med detaljplansaker i kvartalsvise rapportar.

I tillegg har NVE rapportert om ny kraft, som tidlegare. Nye rapportar om styringsinformasjon har vore av stor nytte i NVE internt i oppfølginga av arbeidet, og har gitt auka tilgang til data, auka kvalitet i oppfølginga og raskare og mindre manuelt arbeid. Samtidig jobbar vi med å vidareutvikle løysinga for å få tilgang til fleire data, og for å auke datakvaliteten.

Vidare har NVE utarbeidd ei digital innsynsløsning for konsesjonskraft og avgifter, som viser kraftgrunnlaget og konsesjonsavgifta for kommunar og kraftverkseigarar. Løysinga har redusert manuell handtering og førespurnadar. Saksbehandlarar, kommunar og kraftverkseigarar har nå direkte tilgang til data og fakturagrunnlag, noko som gir raskare prosesser og betydeleg tidssparing for alle parter.

Nye kraftmarknadsmodellar

Programmet for nye kraftmarknadsmodellar har styrkt NVE si evne til å forstå og analysere kraftmarknaden gjennom meir moderne, robuste og tilgjengelege analyseverktøy. Arbeidet har bidratt til betre samheng mellom data, metodar og analysar, og gitt eit betre grunnlag for å vurdere utviklinga i kraftsystemet på kort, mellomlang og lang sikt.

Gjennom vidareutvikling av NVEs samla modellverktøy er analysane blitt meir effektive, konsistente og etterprøvbare. Automatisering og betre samspel mellom modellar har auka kapasiteten i analysearbeidet og gjort det mogleg for fleire å ta del i avanserte analysar. Dette har styrkt NVEs evne til å svare raskt og presist på komplekse spørsmål knytte til kraftmarknaden.

Samtidig er det etablert eit felles teknisk rammeverk og opne datasett som byggjer på offentleg informasjon. Dette legg til rette for openheit, kvalitetssikring og gjenbruk, og bidrar til større tillit til analysane både internt og eksternt. Nye og oppdaterte modellar for energibruk og etterspurnad gir eit betre kunnskapsgrunnlag for vurderingar av framtidig kraftbehov.

Arbeidet har også styrkt den tekniske infrastrukturen, klargjort ansvaret for dataforvaltning og vidareutvikla det faglege samarbeidet med nasjonale og internasjonale miljø. Samla sett har dette lagt eit solid grunnlag for vidare utvikling av analysekapasiteten og gitt auka kunnskap om kraftmarknaden i framtida.

3.5.3 Bistand til kommunane etter samfunnsøkonomiske kriterium

NVE skal prioritere sikringstiltak i område med eksisterande busetnad. Nytte-/kostnadsanalysar blir utførte ved hjelp av det interne verktøyet til NVE. Når vi vurderer sikringstiltak, reknar verktøyet ut skadekostnader som oppstår ved naturfarehendingar, med gitte gjentaksintervall.

Skadekostnadene blir unngått idet vi sikrar mot naturfare, og er derfor ein nytteverknad. Som oftast sikrar vi berre opptil eit gitt gjentaksintervall, noko som betyr at det vil komme til skadekostnader om hendinga er større enn det gitte gjentaksintervallet. Dette er restskadane etter at busetnaden er sikra. Vidare blir kostnadene ved å etablere, drifte og vedlikehalde sikringstiltak rekna ut. Denne kostnaden fell på kommunane når arbeidet med etablering er ferdig.

Differansen mellom kostnadene ved å etablere sikringstiltak og nytten ved å sikre busetnaden mot naturhendinga utgjer netto nytte ved sikring – den samfunnsøkonomiske lønnsmda ved sikringa. Om tiltakskostnadene er høgare enn nytten, er tiltaket samfunnsøkonomisk ulønnsamt. Motsett er tiltaket samfunnsøkonomisk lønnsamt om nytten ved å sikre er høgare enn tiltakskostnadene.

Det er utfordrande å kostnadsrekne alle nytteverdiar ved å sikre eit område. Desse vurderingane er ikkje inkluderte i analysane:

- Verdien av eit levande sentrumsområde som kan utviklast: Ved etablering av sikringstiltak opphevar ein faresoner innanfor gitte gjentaksintervall. Kommunen kan oppheve bandlegging av areal.
- Driftsstans for næringsverksemd: Under og etter hendingar er erfaringane at industri får driftsstans, som også kan vere langvarig, med primære og sekundære verknader.
- Ikkje-prisette konsekvensar: Sikringa kan omfatte for eksempel verna område (UNESCO-verdsarv, kulturminne, miljøverdiar og anna).

Analysane fangar heller ikkje opp viljen i befolkninga til å betale for å unngå usikkerheit og ubehag knytt til å leve i eit flaum- eller skredutsett område.

3.5.4 Innføring av statlege rekneskapsstandardar (SRS)

NVE har innført dei nye statlege rekneskapsstandardane (SRS) frå 1. januar 2025. Opningsbalansen blei godkjend av NVE og departementet i løpet av 2025. Verksemda har oppdatert og implementert prosedyrar for aktivering av anleggsmidlar og dessutan prosedyrar for fakturaer som gjeld for fleire månader (periodisering). NVE oppdaterer andre prosedyrar kontinuerleg, i takt med at vi får erfaring med rekneskapsføring og rapportering etter SRS. Vi rapporterer på SRS-rekneskapen i denne årsrapporten for første gong.

3.5.5 Rapportering på FN's berekraftsmål

Berekraftsmål 6: Reint vatn og gode sanitærforhold

NVE bidrar til å sikre ei berekraftig vassforvaltning. Omsynet til ei heilskapleg og integrert vassforvaltning blir sikra gjennom dei norske vassforvaltningsplanane som følgjer av EUs vassdirektiv.

NVE bidrar til å verne og restaurere vassrelaterte økosystem ved å ta omsyn til miljø og vern som del av behandlinga av søknader om konsesjonar og i arealplansaker i og langs vassdrag og ved arbeid knytt til tilskots- og bistandsordninga for sikrings- og miljøtiltak. Vi gir årleg tilskot til, og gjennomfører sjølv, restaurering av vassdrag.

NVE som nasjonal faginstitusjon i hydrologi har ansvaret for å vedlikehalde og drifte det hydrologiske målestasjonsnettet og dei nasjonale hydrologiske databasane. Vi utfører målingar som dekkjer store delar av dei ulike elementa i vasskretsløpet, frå vassføring i elvar via grunnvatn til snø og brear. Alle data er opne og fritt tilgjengelege. Det legg grunnlaget for ein berekraftig bruk av desse ressursane.

Vi rapporterer årleg til Statistisk sentralbyrå (SSB) om vassbalanse for alle vassregionane i Noreg, og bereknar kor mykje vatn som renn inn i og ut av Noreg.

Berekraftsmål 7: Rein energi til alle

NVE legg til rette for meir produksjon av fornybar energi gjennom å behandle konsesjonssøknader knytte til vasskraft, havvind, solkraft og vindkraft på land.

Berekraftsmål 13: Stoppe klimaendringane

Nasjonalt bidrar NVE til å styrkje evna til å stå imot og tilpasse seg klimarelaterte farar og naturkatastrofar gjennom arbeidet vi gjer med kunnskapsbygging, kartlegging, sikring, arealplanbehandling og overvaking og varsling av naturfare. Eit av hovudmåla til NVE er å setje samfunnet i betre stand til å handtere flaum og skred. For å nå dette målet arbeider vi kontinuerleg med rettleiing og formidling og er i dialog med brukarane våre og aktuelle samfunnsaktørar.

Norsk klimaservicesenter (KSS), der NVE har hovudansvaret for arbeidet med hydrologi og naturfarar, har utarbeidd klimaframskrivingar for Noreg og Svalbard fram mot 2100 og fylkesvise klimaprofilar for alle fylka i landet og for Longyearbyen. Denne kunnskapen dannar grunnlaget for å styrkje evna til å stå imot og tilpasse seg klimarelaterte farar og naturkatastrofar i Noreg inkludert Svalbard. I 2025 blei rapporten [Klima i Norge](#) publisert. Rapporten beskriv dei nye klimaframskrivingane og dei hydrologiske framskrivingane for Noreg basert på den sjette rapporten frå FN's klimapanel (IPCC, The Intergovernmental Panel on Climate Change).

NVE bidrar elles til å skaffe ny kunnskap om klimasystemet og effektar av klimaendringar på hydrologi, kryosfære (snø, bre og is) og naturfare gjennom nasjonale og internasjonale FoU-prosjekt.

Konsekvensane av klimaendringane har svært mykje å seie for ansvarsområda til NVE. Grunnlaget for klimatilpassingsarbeidet er framskrivning om klima og hydrologi frå KSS og resultat frå FoU-arbeidet vårt. Generelt er klimatilpassing godt integrert i arbeidet vårt med å redusere skadar frå flaum, skred og overvatn og for å sikre kraftforsyninga i Noreg.

2025 var det internasjonale året for brebevaring for å auke merksemda om dei minkande breane i verda. NVE-forskarar har publisert fleire vitskaplege artiklar om brear som forsvinn, vore synlege i media, laga nyheitssaker og deltatt på fleire arrangement rundt om i landet.

Effekten klimaendringar har på flaum, blir vist i flaumsonekarta til NVE. Klimaendringane er integrerte i arbeidet vi gjer med forskrifter, retningslinjer og rettleiingar, når det er relevant. Dei siste åra har NVE retta meir merksemd mot vatn i byar og tettstader for å hjelpe kommunane med å førebyggje skade frå overvatn. NVE har god oversikt over kor sårbar kraftinfrastrukturen er overfor klimaendringane, og analyserer kva klimaendringane har å seie for energiforbruk og produksjon av fornybar kraft.

Vi har eigne [nettsider om arbeidet vårt med klima](#).

3.5.6 Forsking og utvikling av forvaltningskompetanse

NVE har forvaltningsansvar og oppgåver innanfor mange område og fagfelt. Vurderingane, råda og avgjerdene våre har direkte og indirekte betydning for både innbyggjarar, kommunar, aktørar i energisektoren og myndigheiter. Det er derfor viktig at arbeidet vårt til kvar tid er fagleg grunngitt og basert på oppdatert kunnskap. NVE gjennomfører derfor eit breitt spekter av forskings- og utviklingsarbeid (FoU-arbeid) som kan bidra til auka kunnskap og kompetanse innanfor forvaltningsområda våre. Mykje av FoU-arbeidet har også bidratt til meir effektive arbeidsmetodar.

FoU-arbeidet skjer både gjennom eiga forskingsverksemd i NVE og i samarbeid med andre institusjonar. NVE kan også bestille forskingsarbeid frå andre aktørar. Vi samarbeider med utdannings- og forskingsinstitusjonar både nasjonalt og internasjonalt, og med ulike statlege og private aktørar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. For tida er tre av medarbeidarane våre tilknytte Institutt for geofag ved Universitetet i Oslo, to som professor 2 og éin som førsteamanuensis 2. Ein medarbeidar var tilknytt Institutt for informatikk ved Universitetet i Oslo som førsteamanuensis 2 i 2025.

I 2025 gjennomførte vi FoU-arbeid i samband med 41 ulike interne FoU-prosjekt, og det blei utført om lag 20 årsverk i tilknytning til desse. I tillegg til ordinære driftsmidlar fekk NVE ei løyving på 10,5 mill. kroner til dekning av andre kostnader i prosjekta. Vi viser til [nettsidene våre om forskning og utvikling](#) for meir informasjon. NVE er dessutan involvert i ei rekkje FoU-prosjekt med ekstern finansiering frå Noregs forskingsråd, EU og andre.

Meir kunnskap om naturfare gir betre førebygging

Flaum- og skredhendingane dei siste åra viser at det er eit stort behov for meir kunnskap om naturfare. Dette er ein føresetnad for at NVE skal kunne gi gode råd og rettleiingar til eksterne brukarar innanfor område som kartlegging, arealplanarbeid, sikringstiltak, overvaking og

beredskap. Meir kunnskap og betre metodar er også nødvendig for at vi skal kunne vidareutvikle og heve kvaliteten på varslingsstenestene våre.

Automatisering av metodar for kartlegging av kvikkleireskred

Prosjektet «Proaktiv førebygging av kvikkleireskred» har vidareutvikla og automatisert delar av metodikken for utgreiing av kvikkleireskredfare som tidlegare har blitt utført manuelt. Blant anna har vi tatt i bruk maskinlæring til å vurdere terrengendringar som kan vere teikn på erosjon. Resultatet er betre kvalitet på utgreiingane og betre prioritering av tiltak. I tillegg kan tida som går med til å greie ut kvikkleireskredfare, bli vesentleg redusert. Det gir ein stor kostnadsreduksjon for kartleggingsarbeidet i NVE.

Utvikling av konsekvensbaserte naturfarevarsel

Konsekvensbasert varsling av naturfare er eit viktig utviklingsområde for NVE som også er tilrådd i Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn* og i Meld. St. 27 (2023–2024) *Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred*. Vi ønskjer å kunne gi meir detaljerte naturfarevarsel enn vi kan i dag – med tanke på både kvar og når hendingar vil inntreffe, og med tanke på kva konsekvensar hendingane vil gi. I prosjektet «FlomRisk» har NVE i 2025 ferdigstilt modellkjeda for konsekvensbasert varsling for Drammen og Voss. Dette handlar om korleis vi overfører informasjon om storleiken på flaum til informasjon om overfløymde areal og vidare til informasjon om kva konsekvensar overfløymingane fører med seg. Vi har også arbeidd med visualisering og formidling av konsekvensen av flaum ved å lage ein prototype for avgjerdsstøtteverktøy for Voss, Bergen og Beiarn som hjelper kommunane med å ta betre lokale avgjerder i ein flaumsituasjon. I tillegg har vi laga eit «naturfareskrivebord» for kommunar med nødvendig informasjon om planlegging, handtering, evaluering og dokumentasjon etter ei hending.

I prosjektet «SnøRisk» har vi i 2025 arbeidd med modellering av stabiliteten i snødekket, ein metode for fastsetjing av faregrad og metodar for kommunikasjon av snøskredfare.

Omstilling av energisystemet – fleksibilitet og kostnadsreduksjon

Behovet for vidareutvikling, omstilling og effektivisering av energisystemet har vekt aukande interesse i samfunnet dei siste åra. Med rett tiltak, omstilling og regulering kan vi redusere samfunnsøkonomiske kostnader og energikostnader for hushald og næringsliv. Det vil også bidra til å styrkje kraftbalansen og redusere klimautsleppa. NVE spelar ei viktig rolle innanfor dette området, både direkte og indirekte på fleire nivå.

I 2025 har vi følgt fleire forskings- og utviklingsprosjekt som handlar om fleksibilitet og integrasjon av ny kraftproduksjon i energisystemet. Blant anna har vi starta opp eit prosjekt om deltaking i forskingssenteret FME RenewHydro, som er leidd av NTNU. Senteret skal forske på korleis vasskrafta kan bidra til meir fleksibilitet i eit energisystem med stadig meir sol og vind, og kvifor vasskraft i Noreg er viktig for å nå nasjonale klimamål. Fleire av prosjekta senteret jobbar med, viser også til korleis ein kan avgrense miljøkonsekvensane frå vasskraft, noko som er svært relevant for forvaltningsarbeidet i NVE. Forskingssenteret skal arbeide fram til 2032.

Sikkerheit og beredskap i ei tid med auka elektrifisering og digitalisering

Auka elektrifisering og digitalisering i samfunnet stiller større krav til eit sikkert og tilgjengeleg kraftsystem. Derfor blei det i 2023 starta eit fleirårig FoU-prosjekt i samarbeid mellom NVE, Statnett og Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) innanfor forsyningsikkerheit og beredskap i kraftforsyninga. Dette arbeidet har halde fram i 2025. Det blir blant anna forska på korleis digitalisering påverkar forsyningsikkerheita, på tiltak for å auke den digitale beredskapen og redusere sårbarheita, og på status for reperasjonsberedskap og reservemateriell.

3.5.7 Internasjonal oppdragsverksemd

Gjennom bistandsverksemda bidrar NVE til å oppfylle måla til regjeringa om at Noreg skal vere ein sentral pådrivar for meir fornybar energi og arbeide i retning av ei meir berekraftig verd.

Dei faglege ressursane i NVE blir brukte til kompetanse- og institusjonsbygging i land som Utanriksdepartementet har valt ut. NVE er også partner og rådgivar i program i utvalde land som får EØS-midlar.

NVE har i 2025 bidratt med forvaltningskompetanse, energifagleg rådgiving, rammeverksutvikling og systemforbetringar innanfor energi- og miljøsektorane i Nepal, Uganda, Mosambik, Malawi, Polen, Slovakia, Romania, Bulgaria og Kroatia. Arbeidet er i hovudsak retta mot offentleg verksemd og inneber blant anna energifagleg rådgiving, arbeid med prosessforbetringar og utvikling av digitale løysingar i landa. Den internasjonale verksemda til NVE er med på å leggje til rette for næringsutvikling i mottakarlanda, blant anna ved å utvikle føreseielege og transparente rammevilkår.

Etter avtale med ambassaden i Mosambik har NVE sidan 2018 bidratt med strategisk rådgiving og til utvikling av forskrifter og rammevilkår for offentlege myndigheiter i tråd med målet om å bidra til eit meir attraktivt miljø for investeringar i fornybar energi i Mosambik. I tillegg har vi kartlagt og utvikla planar for eit program for betre vassdragsforvaltning som kan starte opp i løpet av 2026.

I Uganda har NVE arbeidd for betre styring og utnytting av kraftressursane, meir sikring av dammar og vassvegar, og kartlegging av miljøforhold knytte til kraftproduksjon og -forsyning. NVE har også innleidd eit samarbeid med vassressursforvaltninga i landet for å forbetre hydrologiske data som er viktige for vasskraftproduksjon og anna utnytting av vatnet.

NVE starta eit nytt utviklingsprogram i Nepal hausten 2025. I samarbeid med sektormyndigheitene for energi- og vassdragsforvaltning har NVE utvikla planar for eit langvarig institusjonssamarbeid som inneheld forbetringsaktivitetar innanfor blant anna hydrologi, skred- og flaumvarsling, marknadsregulering, konsesjonsprosessar og miljøforvaltning. Programmet skal etter planen gå fram til 2030.

Porteføljen av oppdrag og program utanfor Europa har i 2025 ført til meir digitale løysingar og tilgjengelege data i forvaltninga i landa vi samarbeider med. I tillegg har prosessane i samband med utvikling av nye lover og reguleringar blant anna i Uganda og Mosambik gitt eit godt utgangspunkt for å implementere meir føreseielege rammer for verksemdar som vil investere i fornybar kraft.

EØS / Norway Grants-programma for samarbeidsperioden 2018–2024 handla om klimatilpassing, fornybar energi, energieffektivitet og kunnskap om teknologi, og mottakarlanda var Polen, Slovakia, Bulgaria, Kroatia og Romania. I 2025 har NVE gjennomført konseptutvikling og planlegging for ein ny EØS-periode med dei same partnerlanda innanfor grøn og klimatilpassa utvikling. Perioden skal etter planen vare til 2031.

NVE brukte 14 000 timar internt i samband med bistandsverksemda og EØS-programma i 2025. Det inneber om lag eit halvt årsverk meir enn året før.

3.5.8 Fellesføringar

3.5.8.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

I tråd med fellesføringa i tildelingsbrevet har NVE arbeidd systematisk og heilskapleg for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energiforbruk i eiga verksemd, innanfor ramma av kjerneoppgåvene og med vekt på kostnadseffektivitet. NVE har også vurdert korleis klimaendringar kan påverke verksemda.

Arbeidet i 2025 har omfatta konkrete tiltak retta mot redusert reiseverksemd og auka bruk av digitale møteplassar, elektriske tenestebilar, meir effektiv energibruk i lokala våre og klimavennlege anskaffingar. Vidare har NVE gjennomført systematiske vurderingar av eigen energibruk og identifisert energieffektive tiltak der dette er vurdert som lønsamt. Vi har også vurdert tiltak for auka energifleksibilitet i bygningsmassen der det er relevant.

Færre reiser

Som ein del av strategien for å redusere utsleppa våre har vi sett i verk tiltak for å reise mindre både innanlands og internasjonalt. Tiltaka har blant anna inkludert meir bruk av digitale møte og samarbeidsteknologi, noko som har redusert behovet for fysiske møte og dermed utsleppa frå reiseaktivitet. I tillegg har vi lagt til rette for at tilsette kan jobbe meir fleksibelt, og også dette har ført til færre reiser. Dersom det likevel er nødvendig å reise, har vi lagt til rette for å gjere klimakloke val av transportform og reiserute.

Meir berekraftige innkjøp

Vi har lagt større vekt på berekraftige innkjøp, med mål om å minimere karbonavtrykket vårt. Dette inneber at vi i større grad har prioritert leverandørar og produkt som har dokumentert lågare klimafotavtrykk, og at vi har blitt meir bevisste på sirkulære løysingar og gjenbruk av materiale. Gjennom dette arbeidet har vi redusert både ressursbruken og klimagassutsleppa knytte til innkjøpa våre. I innkjøpsavtalen vår for kontormøblar har vi blant anna fått ros for å velje produkt med EPD-ar (miljøvaredeklarasjonar).

Overgang til fossilfrie bilar

Eit anna viktig tiltak har vore å gå over til fossilfrie bilar. Vi har gradvis erstatta dei fossildrivne bilane våre med el- og hybridbilar, noko som har resultert i ein betydeleg reduksjon i transportutsleppa våre. Dette er i tråd med den langsiktige planen vår om å bli mest mogleg fossilfrie i løpet av dei kommande åra.

Gjennom kontinuerleg forbetring og samarbeid vil vi halde fram med å bidra til den globale innsatsen for å motarbeide klimaendringar og redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

Energieffektive løysingar

NVE jobbar systematisk med å ta i bruk lønnsame og energieffektive løysingar. Dette omfattar blant anna å senke temperaturen inne og bruke lys som slår seg automatisk av.

Energieffektivisering skal vere ein naturleg del av internkontrollen og HMS-arbeidet vårt.

Reduksjon av klimagassutslepp frå sikringsprosjekt

Sikringsprosjekt legg vekt på miljø, berekraft og klimarekneskap. Det er i større grad integrert i anbudsprosessar gjennom tydelege krav og vurderingar.

Å erstatte tradisjonell betong med lågkarbonbetong er ein effektiv og godt dokumentert måte å redusere klimagassutslepp på. Vi vurderer bruk av lågkarbonbetong og set krav om det der det er praktisk mogleg.

Ei av dei største utsleppskjeldene i sikringsprosjekt er transport av massar, ofte over lange avstandar. Det er vi bevisst på i all planlegging og prosjektering. Vi legg stor vekt på gjenbruk av massar, noko som gir god gevinst.

Vi vurderer også bruk av el-lastebilar og el-maskiner på anlegg, dersom det er praktisk mogleg.

NVE har i 2025 jobba med rammeverk og sertifiseringssystem for å vurdere miljømessige, sosiale og økonomiske berekraftsmål for større prosjekt. I første omgang har vi tatt i bruk BREEAM i to prosjekt som er under planlegging/prosjektering. Vi har også begynt arbeidet med å finne løysingar tilpassa mindre prosjekt.

Innverknaden klimaendringane har på verksemda

Klimaendringar påverkar verksemda til NVE, og direktoratet har innretta seg etter dette for å levere på samfunnsoppdraget. NVE er part i Norsk klimaservicesenter, som legg til rette og formidlar klima- og hydrologiske data. Dataa er viktige for samfunnet og arbeidet i NVE, og dannar blant anna grunnlaget for klimapåslag for flaum og NVEs årlege rapportar om tilstanden i kraftsystemet.

Klimaendringane endrar vêrforholda i Noreg. Dette påverkar NVEs myndigheitsoppgåver koplta til blant anna kartlegging, arealplanlegging, sikring og vassdragsanlegg direkte. Mange stader kjem flaum og skredhendingar til å oppstå hyppigare. Dette kjem til å krevje at vi handterer hendingar gjennom for eksempel varsling, beredskapsarbeid og behandling av søknader om avvik i manøvrering i regulerte vassdrag. Vi har integrert klimaførebyggjande arbeid i oppgåvene våre, men det er behov for meir kunnskap for å få til endå meir integrering.

Vi legg vekt på risiko som følgje av klimaendringar når vi utfører arbeidet vårt med å sjå til at sikkerheita og beredskapen i kraftforsyninga er god. NVE gjennomfører også regelmessige statuskartleggingar av klimatilpassing i KBO-einingane og bevisstgjerer rundt klima.

To viktige oppgåver i 2025 har vore å støtte Direktoratet for byggkvalitet i arbeidet med å utvikle TEK og i denne samanhengen vurdere korleis ein skal ta omsyn til klimaendringane i forskrifta og arbeidet med nasjonal klimasårbarheitsanalyse.

3.5.8.2 Tilstetje fleire personar med funksjonsnedsetjing

NVE har både ambisjonar og ønske om å tilsetje fleire med nedsett funksjonsevne og/eller fråvær frå arbeid. Korleis vi jobbar med dette, omtaler vi under punktet om rekruttering i likestillingsutgreiinga.

Det er ei utfordring at ikkje alle s kjarane som har ei funksjonsnedsetjing og/eller fr v r fr  arbeid, oppgir dette i s kjeprosessen.

I 2025 hadde vi ti s kjarar som oppgav i s kjeprosessen at dei hadde ei funksjonsnedsetjing, og som blei vurderte som kvalifiserte for stillinga dei s kte p . Av desse ti har vi tilsett tre.

Vi hadde ni s kjarar som oppgav i s kjeprosessen at dei hadde hol i CV-en, og som blei vurderte som kvalifiserte for stillinga dei s kte p . Ingen desse blei tilsett.

NVE har arbeidd systematisk med   rekruttere kandidatar med funksjonsnedsetjing og/eller fr v r fr  arbeid gjennom  ret. Volumet av nytilsette med denne statusen var likt som i 2024, noko som indikerer kontinuitet i innsatsen for inkluderande rekruttering.

3.5.8.3 Redusere konsulentbruken

Totalbel p for kjøp av konsulenttenester

Konsulenttenester					
Kap.	Post		Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Endring
1820	01	Driftsutgifter	48 814 416	45 778 844	-3 035 572
1820	21	Spesielle driftsutgifter	72 519 228	88 376 787	15 857 559
1820	22	Flaum- og skredf�rebygging	170 026 278	172 030 762	2 004 484
1820	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd	9 657 073	11 820 133	2 163 060
1820	25	Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendin	28 342 635	31 970 743	3 628 108
1820	26	Driftsutgifter (RME)	8 331 004	13 943 292	5 612 288
1820	45	St�rre utstyrsanskaffingar og vedlikehald	6 279 400	5 179 799	-1 099 601
1820	76	St�nad til hushald med n�rvarmeanlegg	0	32 900	32 900
1825	21	Energieffektivisering - spesielle driftsutgifter	5 002 570	4 042 848	-959 722
0007	30	Skred- og bustadtiltak (Svalbardbudsjettet)	2 368 112	1 205 599	-1 162 513
1420	21	Milj�departementet - spesielle driftsutgifter	100 000	0	-100 000
1800	21	Energidepartementet - spesielle driftsutgifter	0	366 206	366 206
Sum			351 440 716	374 747 912	23 307 196

NVE kjøper ikkje tenester fr  kommunikasjonsbransjen.

Som ein del av den normale verksemda v r nyttar vi bistand fr  konsulentar for   l yse utviklingsoppg ver innanfor ulike fagomr de. Vi bruker konsulentar der oppg vene er midlertidige, der mengda oppg ver midlertidig overstig kapasiteten v r, eller der vi ikkje har kompetanse og ikkje finn det tenleg   bygge opp slik kompetanse sj lv.

Naturfare og digitalisering er dei to fagomr da der vi kjøper mest tenester fr  konsulentar for   f  gjennomf rt samfunnsoppdraget v rt. Grunnen til at vi kjøper desse tenestene, er mangel p  kompetanse og kapasitet internt.

P  naturfareområdet gjennomf rer vi store og komplekse oppg ver innanfor kartlegging og flaum- og skredsikring. Her er vi avhengige av   samarbeide med bransjen for   f  tilf rt b de kompetanse og kapasitet. Konsulentbruken innanfor flaum- og skredf rebygging heng saman med hyppigare hendingar og gjennomf ring av st rre og meir komplekse sikringsprosjekt.

NVE har dei siste  ra hatt ei generell auka satsing p  digitaliserings- og effektiviseringsarbeid. Vi har f tt  yremerkte midlar til digitalisering av konsesjonsprosessar og digital kraftsystemutgreiing (KSU) og dessutan til utvikling av nye kraftmarknadsmodellar innanfor samfunnsoppdraget v rt. I alt dette arbeidet har det vore n dvendig   kj pe inn tenester fr  konsulentar b de for   f 

spisskompetanse og for å styrkje kapasiteten vår, slik at vi kan gjennomføre endringar raskt og med god kvalitet.

I 2025 blei satsinga på digitalisering av plan- og konsesjonsprosessar utvida til å også omfatte tilsynsprosessar. Dette har bidratt til ein betydeleg auke i konsulentbruk på post 21.

På post 01 har derimot konsulentbruken innanfor den generelle IKT-porteføljen gått ned frå i fjor. Årsaka til denne reduksjonen er at NVE har halde fram arbeidet med å tilsetje fleire eigne ressursar til digitaliseringsarbeidet.

4 DEL IV STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

4.1 OVERORDNA VURDERING AV STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Styringa i NVE tar utgangspunkt i det årlege tildelingsbrevet frå Energidepartementet med supplerande tildelingsbrev og oppdragsbrev gjennom året. Gjennom strategiar, planar og årlege vurderingar av risiko og kor vesentlege forholda er, prioriterer vi område og aktivitetar for å sikre at vi når måla og oppfyller krava innanfor ressursane og rammene for verksemda. Plan- og budsjettprosessen følgjer ein styringskalender som er tilpassa etatsstyringsprosessane frå departementet. Med utgangspunkt i NVEs verksemdsstrategi for perioden 2022–2026 er det vedtatt nokre strategiske prioriteringar som operasjonaliserer strategien i dei årlege planane våre. I 2026 skal NVE utarbeide ein ny verksemdsstrategi for neste strategiperiode frå 2027.

Vi vurderer at vi har hatt god styring og kontroll og god måloppnåing i 2025. Rutinane for styring og rapportering internt og eksternt har blitt følgde gjennom året, og det er ikkje oppdaga avvik frå desse. Vi har heller ikkje overskride budsjettammer.

Digitalisering

Vi gjennomfører omfattande digitaliseringstiltak på ulike fagområde i NVE. Vi har arbeidd med tilpassingar til nye prinsipp for styring og ansvarsfordeling i gjennomføringa av tiltaka. Prinsippa omfattar blant anna prioritering, årsplanar, budsjettansvar og arkitektur. I 2025 har NVE jobba vidare med digital utvikling av produkt og tenester, blant anna i tverrfaglege produktteam organiserte i ulike produktområde. Vi har oppretta eit pilotprosjekt med varsling som produktområde, der vi driv med digital tenesteutvikling på varslingsområdet.

Effektivisering og gevinstrealisering

NVE jobbar systematisk med prosessar og tiltak som skal bidra til effektivisering og gevinstrealisering i verksemda. Tiltaka omfattar alt frå forbetra arbeidsprosessar og organisering til auka digital støtte og tettare samhandling med eksterne aktørar. Arbeidet med effektivisering har gitt tydelege gevinstar både i form av auka gjennomføringsevne, betre kvalitet i oppgåveløysinga og frigjerjing av ressursar gjennom mindre manuelt arbeid og betre flyt i sakene .

Innanfor flaum- og skredførebygging arbeider NVE kontinuerleg med bruk av digitalisering, maskinlæring, automatisering av analysar og tekniske løysingar for å effektivisere arbeidsprosessar. Eksempel er tilrettelegging av nye kartprodukt, innmeldingsløysing for naturfareutredningar, både for ekstern og intern bruk, og tekniske løysingar for å kunne overvake fleire ustabile fjellparti framover. Vi bruker også i aukande grad KI til meir effektiv rapportering og svar på hendingar.

Innanfor energi og konsesjonsbehandling har vi også prosessar som legg til rette for kontinuerleg forbetring. Innføring av kort konseptfase og tydeleg mandat før oppdrag og utgreiingar har gitt betre avgrensing og riktigare innretning av arbeidet tidleg. Dette har bidratt til meir effektiv bruk av ressursane. Faste møtearenaer innan analyse- og konsesjonsområdet har auka graden av standardisering, gjenbruk og læring. Arenaene bidrar også til raskare avklaring av hindringar og betre flyt i sakene. Etablering av nye roller, som fagleiarar, har motvirka sårbarheit knytt til færre tilgjengelege seniorressursar. Det gjer raskare opplæring, enklare faglege avklaringar og mindre avhengigheit av nøkkelpersonar, noko som styrker kapasitet og kvalitet over tid.

Sjå også avsnitt 3.5.1 og 3.5.2 med omtale av fleire tiltak, blant anna innan digitalisering, og kva slags gevinstar dei har bidratt med.

Internrevisjon

Vi etablerte ein avtale med eit eksternt revisorfirma i desember 2024, og i 2025 har vi etablert ein instruks som gir rammer for internrevisjonen. I 2025 har vi også gjennomført ein internrevisjon knytt til IKT-sikkerheit og i tillegg utarbeidd ein årsrapport for arbeidet. IKT-sikkerheit er eit sentralt område i den overordna risikovurderinga i NVE. Hovudintrykket til internrevisjonen er at leiinga har god forståing for ansvaret dei har for risikostyring og internkontroll, men at kvaliteten på styringa og kontrollen bør styrkjast. Det er ikkje identifisert vesentlege eller alvorlege avvik, men den gjennomførte revisjonen tilrår forbetringar knytte til tilgangskontroll, rettsstyring og sikring av sensitiv informasjon.

Internrevisjonen er eit viktig verktøy for leiaren av verksemda for å sikre intern kontroll, og skal fremje og verne verdiane i NVE gjennom å gi risikobaserte og objektive stadfestingar, råd og innsikt. Internrevisjonen har heile verksemda som arbeidsfelt. Den årlege revisjonsplanen blir fastsett med bakgrunn i risikovurdering av verksemda. Eventuelle funn gir punkt til forbetring og læring for organisasjonen, og blir også rapporterte til Riksrevisjonen.

Sikringstiltak

NVE arbeider kontinuerleg med kvalitet og dokumentasjon av arbeidet knytt til planlegging og utføring av sikrings- og miljøtiltak. I 2025 har det vore lagt særleg vekt på å setje NVE i stand til å gjennomføre større sikringstiltak, også etter statens prosjektmodell. I denne samanhengen har vi arbeidd for å få til samarbeid med andre statlege aktørar som har gode innarbeidde prosedyrar. På bakgrunn av dette har vi begynt å innføre endringar i kvalitetssystemet vårt. For å få betre oversikt over avtalar, endringar og økonomi i sikrings- og miljøtiltak implementerer vi eit særskilt prosjektstyringsverktøy, som vi tar fullt ut i bruk i 2026. Systemet gjer informasjonen meir tilgjengeleg, gir betre innsikt, gjer rapporteringa enklare og bidrar til betre styring og kontroll i prosjekta og for leiinga.

Nye leigekontraktar

NVE har inngått ein ny leigekontrakt for Oslo-kontoret etter fullmakt frå Energidepartementet og innanfor budsjetttrammene som er gitt. Kontoret skal framleis vere i Middelthunsgate 29 (M29), og den nye leigekontrakten gjeld for ti år, med opsjon på forlenging i fem + fem år. I 2025 har utleigaren begynt arbeidet med å byggje om lokala i tråd med den nye leigeavtalen. Vi flytter inn i dei nye lokala stegvis etter kvart som dei er klare, fram til alle er ferdige etter sommaren 2026.

Vi har i 2025 også inngått ein ny leigekontrakt for lokala våre i Tønsberg. Lokala skal vere klare til innflytting etter sommaren 2026. I samband med at dei nye lokala blir tatt i bruk, innfører vi eit nytt arbeidsplasskonsept. Også her gjeld avtalen for ti år, med opsjon på fem + fem år.

Vi har brukt Statsbygg som samarbeidspartnar og støtte i kontraktsprosessane.

NVE tar i bruk eit aktivitetsbasert arbeidsplasskonsept i dei nye leigeavtalane. Konseptet blir innført både ved Oslo-kontoret og ved regionkontora når dei nye lokala er ferdig tilpassa. Konseptet skal gi meir effektive lokale når det gjeld både arbeidsform og areal.

4.2 OVERORDNA RISIKO OG KOR VESENTLEGE FORHOLDA ER

NVE vurderer årleg den overordna risikoen for forhold som kan påverke evna til å nå måla våre, og kor vesentlege forholda er. Forholda blir vurderte både etter kva konsekvensar dei kan ha, og etter kor sannsynleg det er at dei skal inntreffe. Vi omtaler også dei viktigaste tiltaka vi vurderer som nødvendig å setje i gang eller føre vidare for å redusere risikoen til eit akseptabelt nivå. Slike tiltak blir konkretiserte og høgt prioriterte i planar og budsjettprosessar for neste år.

Risikovurderinga for 2026 sende vi til Energidepartementet 15. oktober 2025.

Dei mest vesentlege endringane i risikobildet for 2026 samanlikna med 2025 finn vi på områda som gjeld sikkerheit og beredskap i energisystemet, og innanfor IKT og sikkerheit. Endringane i trusselbildet har ført til at vi har styrkt prioriteringa av det interne sikkerheits- og beredskapsarbeidet vårt. Behovet for å styrkje sikkerheita og beredskapen gjeld alle ledd i kraftforsyninga, og også for aktivitetane våre som gjeld førebygging og handtering av naturfarer. Det er viktig at NVE klarer å ta omsyn til den auka vektlegginga av sikkerheit og beredskap i heile verksemda.

På flaum- og skredområdet legg risikovurderingane for 2026 i større grad vekt på risiko som blir påverka av verkemiddel og rammer som NVE rår over, og fleire av risikoane på flaum- og skredområdet er no vurderte lågare, det vil seie at dei er reduserte frå kritisk til høg. NVE har dei siste åra fått styrkt ressursane på flaum- og skredområdet, slik at vi kan forsere arbeidet med førebyggjande tiltak mot flaum og skred noko. Men gitt behova knytte til oppfølging av hendingar og førebyggjande oppgåver er det behov for ei ytterlegare styrking. For samfunnet samla vil risikobildet famne vidare og innebere høgare risiko enn dei risikoane vi no omtaler, med bakgrunn i eksterne forhold som NVE ikkje rår over.

Risikoen for at det går eit stort fjellskred som NVE ikkje har overvaka eller varsla, er framleis på eit høgt nivå i 2026. Fjellpartia med høgast risiko blir kontinuerleg overvaka, men det vil alltid vere ein risiko for at det går eit stort fjellskred som NVE ikkje varslar i tide, i område som enno ikkje er kartlagde, eller der det ikkje er vedtatt å overvake.

Risikoen for NVEs flaum- og skredvarsling er framleis kritisk, på same nivå som i fjor. Det kjem av svært alvorlege konsekvensar i form av at liv kan gå tapt. Moglegheita for at utydelege eller mangelfulle varslar frå NVE fører til dødsfall, er likevel lita.

4.3 FØREBYGGJANDE SIKKERHEITSARBEID – SIKKERHEITSSTYRING

Endringar i den sikkerheitspolitiske situasjonen, eit uoversiktleg trusselbilde og eit meir sårbart samfunn har medverka til å styrkje innsatsen på det interne førebyggjande sikkerheitsarbeidet i verksemda i 2025.

Vi har tatt i bruk eit nytt styringssystem for sikkerheit som omfattar styrande, utøvande og kontrollerande dokument. Dei styrande dokumenta består av ein felles sikkerheitspolicy og grundokument for sikkerheitsdomena sikkerheitsstyring, nasjonal sikkerheit, informasjonssikkerheit og beredskap og krisehandtering. Den felles sikkerheitspolicyen set fast overordna mål for sikkerheitsarbeidet, og grundokument set fast krav og framgangsmåtar som grunnlag for meir heilskapleg styring, leiing, utøving og kontroll av sikkerheitsarbeidet. Arbeidet med utøvande og kontrollerande dokument blir vidareført neste år. Styringssystemet for sikkerheit skal bidra til at vi på sikt oppnår eit forsvarleg sikkerheitsnivå for dei skjermingsverdige verdiane våre, i samsvar med eksterne krav og interne forventningar.

Styringssystemet for sikkerheit har ei heilskapleg tilnærming på tvers av sikkerheitsdomena og fagområda som inngår i sikkerheitsstyringa. Vi har samordna sikkerheitsstyringa betre med verksemdsstyringa, blant anna gjennom innspel til den overordna risiko- og vesentlegvurderinga, strategiske prioriteringar og innspel til prioriterte tiltak og utviklingsoppgåver i verksemdsplanen. Vidare har vi etablert ein styringskalender for sikkerheitsarbeidet der dei mest sentrale aktivitetane gjennom året er innarbeidde, blant anna oppfølging av sikkerheitsarbeidet og den årlege gjennomgangen til leiinga.

For å vareta at sikkerheitsarbeidet fungerer på tvers av avdelingar og involverer alle nivåa i verksemda, er det sett i gang eit arbeid for vurdere den framtidige organiseringa av sikkerheits- og beredskapsarbeidet.

I løpet av året har vi også fokusert på sikkerheitskultur og opplæring, og vi gjennomfører grunnopplæring i førebyggjande sikkerheitsarbeid for alle nye medarbeidarar. Vidare gir vi medarbeidarane regelmessig informasjon om digitale sikkerhetskendingar for å auke forståinga og viktigheita av sikkerheitstiltak. Vi har også øvd på å handtere digitale angrep mot våre informasjonssystem. NVE deltok dessutan med fleire informasjons- og opplæringstiltak i den årlege nasjonale sikkerheitsmånaden.

Det er gjennomført modnadsevalueringar for etterleving av NSMs grunnprinsipp for sikkerheit og internrevisjonar for utvalde fagområde i 2025. Året blei avslutta med at leiinga hadde sin årlege gjennomgang av sikkerheitsarbeidet. Her blei status, oppnådde mål, avvik og forbettringspunkt evaluerte. Prioriterte tiltak frå gjennomgangen er tatt inn som utviklingsoppgåver i verksemdsplanen for 2026 og omfattar blant anna:

- å halde fram med implementering av styringssystemet for sikkerheit
- å følgje opp at sikkerheitsnivået på lokasjonane våre blir etablert og halde
- å gjennomføre internrevisjon av utvalde fagområde og følgje opp avvik og forbettringspunkt
- å oppnå overordna målsetjingar for sikkerheitsarbeidet

4.4 BRUK AV RESSURSAR OG UTVIKLING I TALET PÅ ÅRSVERK

Utvikling i talet på tilsette og årsverk i NVE:

Tilsette og årsverk	2023	2024	2025
Talet på tilsette i alt	664	734	803
Talet på utførte årsverk	607	665	719

Talet på tilsette er henta frå statistikken til SSB. Tala er eit gjennomsnitt av alle månadene i året.

Talet på utførte årsverk er årsverkstal som er justerte for ulike former for meirarbeid eller fråvær.

Talet på tilsette er henta frå statistikken til SSB. Tala er eit gjennomsnitt av alle månadene i året.

Talet på utførte årsverk er årsverkstal som er justerte for ulike former for meirarbeid eller fråvær.

Årsverk fordelte på hovudmåla i 2025

NVE har i 2025 utført 649 årsverk fordelt på dei fire hovudmåla. I tillegg har RME utført 69 årsverk, slik at det totale talet på årsverk er 719.

Fordeling av årsverk på dei fire hovudmåla til NVE er omtrentleg, og hovudmåla overlappar til dels. I «ikkje målsett» inngår fellesfunksjonar og drift- og stabsfunksjonar.

Hovudmål	Tal på årsverk
Ikkje målsett.	125
NVE skal sikre ei samla og miljøvennleg forvaltning av vassdraga.	128
NVE skal fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv produksjon, overføring, omsetning og bruk av energi.	140
NVE skal fremje ei sikker kraftforsyning.	47
NVE skal setje samfunnet betre i stand til å handtere risiko for flaum og skred.	210
RME skal fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem.	69
Sum	719

4.5 BEMANNING OG PERSONALFORVALTNING

4.5.1 Bemannings-, kapasitets- og kompetansesituasjonen i verksemda

NVE er ein organisasjon med høg tverrfagleg kompetanse. Om lag 77 prosent av dei tilsette har utdanning på masternivå eller høgare grad, om lag 9 prosent har doktorgrad. I NVE har hovudvekta av dei tilsette teknisk eller naturfagleg bakgrunn. Vi har også mange med bakgrunn innanfor juss, økonomi og samfunnsfag.

Nedanfor er ei oversikt over fast og midlertidig tilsette per 31. desember 2025. Tilsette i permisjon med og utan lønn er inkluderte i tala. Leiarar er inkluderte i tala for fast tilsette.

Fast tilsette					
	2021	2022	2023	2024	2025
Totalt	585	601	647	732	757
Kvinner	45 %	45 %	48 %	48 %	48 %
Menn	55 %	55 %	52 %	52 %	52 %

Midlertidig tilsette					
	2021	2022	2023	2024	2025
Totalt	17	21	13	14	22
Kvinner	53 %	52 %	62 %	57 %	55 %
Menn	47 %	48 %	38 %	43 %	45 %

Leiarar					
	2021	2022	2023	2024	2025
Totalt	44	49	49	48	48
Kvinner	45 %	47 %	43 %	44 %	44 %
Menn	55 %	53 %	57 %	56 %	56 %

Oversikt over gjennomstrøyming

Vi har hatt lågare gjennomstrøyming i 2025 enn på mange år.

År	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Gjennomstrøymingsprosent	7,10 %	6,89 %	7,04 %	9,15 %	8,75 %	6,22 %	5,21 %

Tala er frå 31. desember det enkelte året og gjeld fast tilsette.

Sjukefråvær

Totalt sjukefråvær			
År	Totalt	Kvinner	Menn
2025	4,1 %	5,1 %	3,2 %
2024	3,7 %	4,0 %	3,5 %
2023	3,9 %	4,0 %	3,8 %

2022	4,2 %	4,6 %	3,9 %
2021	3,8 %	4,3 %	3,4 %
2020	3,2 %	4,0 %	2,6 %
2019	3,8 %	5,1 %	2,9 %
2018	2,9 %	3,5 %	2,5 %
2017	3,7 %	4,1 %	3,4 %
2016	4,1 %	4,8 %	3,6 %

Tal per 31. desember 2025

Tabellen viser at NVE har eit lågt sjukefråvær. Vi vil halde fram med å følgje opp tilsette ved sjukefråvær. Å førebyggje og følgje opp fråvær er tiltak i handlingsplanen for IA-arbeid i NVE.

Organisasjon og bemanning

NVE har hatt ei moderat rekrutteringstakt i 2025 og har tilsett 47 faste og 19 midlertidige nye medarbeidarar. Det har vore særleg utfordrande å få tak i kompetanse innanfor skredsikring og digital sikkerheit, som er kritiske fagområde for verksemda vår. For enkelte stillingar har det det siste året vore meir krevjande enn tidlegare å rekruttere erfarne kandidatar med relevant kompetanse, spesielt for stillingar innanfor IKT, som løysingsarkitekt og innanfor drift. Vi vil framleis ha behov for spesialisert kompetanse på energi- og naturfareområda framover.

Desentralisert arbeid

NVE har kontor i Oslo og på sju andre lokasjonar rundt i landet. Hovudregelen er at medarbeidarane våre skal ha kontorstad på ein av lokasjonane til NVE. Vi ønskjer å vere fleksible og legg ofte til rette for at medarbeidarar kan byte til ein av dei andre lokasjonane etter eige ønske, uavhengig av kvar dei sjølve høyrer til i organisasjonen.

Vi har eit fåtal tilsette som har kontorstad utanfor lokasjonane til NVE. Dei som har det, har da kontorstaden sin i lokala til ei verksemd vi har eit fagleg samarbeid med.

4.5.2 Vesentlege forhold når det gjeld personale, arbeidsmiljø, ytre miljø med meir

Systematisk utvikling av organisasjonskulturen og leiinga

NVE arbeider systematisk med å utvikle organisasjonskulturen og leiinga i verksemda, og vi har fokusert på tillitsbasert leiing over tid. Vi nyttar dei faste møtearenaene våre både til å byggje tillit og til å auke kunnskapen og bevisstheita om temaet. I 2025 har vi gjennomført følgjande:

- o Vi har lagt ekstra vekt på å vidareutvikle leiarar utan personalansvar i leiarrolla. NVE har mange fag-, team- og prosjektleiarar. 51 deltakarar har gjennomført eit utviklingsprogram gjennom tre samlingar der tema som leiing, leiarrolla, tillitsbasert leiing, coachande leiarstil, team og teamleiing, korleis setje og følgje opp mål og dessutan motivasjon har stått sentralt.
- o Vi har bygd tillit mellom fagforeiningane og leiarane i NVE gjennom eit godt løpande samarbeid, med fleire månadlege møte om ulike tema. Vidare har vi bygd eit tillitsfullt

samarbeid gjennom dei årlege strategisamlingane og samarbeidskonferansane våre. Her har vi tatt opp sentrale tema som skal styrkje den vidare utviklinga av organisasjonen, som endringsleiing og det å stå stødig i endringsprosessar, særleg i samband med at vi innfører eit nytt arbeidsplasskonsept.

- o Alle avdelingar, seksjonar og leiargrupper har gjennom året fått tilbod om og gjennomført fleire workshopar rundt tema som sjølvleiing, kommunikasjon og åtferd. Dette er eit tiltak for å betre det psykososiale arbeidsmiljøet i ein digital arbeidskvardag.

4.6 BRUK AV LÆRLINGAR OG STUDENTAR

Lærlingar

NVE har dei siste åra hatt lærlingar innanfor anleggsmaskinførarfaget, kontorfaget og dataelektronikarfaget. Per 31. desember 2025 har vi to lærlingar i dataelektronikarfaget.

Studentar

NVE har i ei årrekke vore representert ved jobbmesser og ulike aktivitetar ved universitet og høgskular. Blant anna bidrar medarbeidarane våre som forelesarar, og vi har studentar og skuleungdom på besøk. Vi er bevisste på at vi må vere synlege og interessante for å kunne rekruttere nødvendig kompetanse, både på kort og på lang sikt.

NVE får førespurnader frå studentar om oppgåveskriving, og det bidrar vi til så langt det lar seg gjere. Elles har NVE lang tradisjon for å ta inn studentar på sommarjobb og sommarprosjekt; om lag 20–30 studentar får praksis på denne måten kvart år.

4.7 Likestillingsutgreiinga

Vi jobbar for likestilling og mot diskriminering. Vi har som mål å ha eit arbeidsmiljø som sikrar at vi rekrutterer og held på dei beste tilsette uavhengig av kjønn, alder, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, og kombinasjonar av desse grunnlaga.

Vi har fleire mekanismar for å avdekkje og følgje opp eventuelle avvik, for eksempel årlege utviklingssamtalar, regelmessige medarbeidarundersøkingar, sjukefråværsoppfølging, nært samarbeid med fagforeiningane og vernetenesta, opplæring av leiarar, og rutinar for å avdekkje og handtere mobbing og trakassering.

Vi har ei klar haldning mot trakassering og diskriminering. Vi har ei eiga retningslinje for handtering av mobbing, trakassering og andre konflikhtar på arbeidsplassen.

Eit personalpolitisk mål er å tilby alle medarbeidarar praktisk og teoretisk opplæring i ergonomi slik at vi kan førebyggje sjukefråvær og bidra til god arbeidshelse.

Arbeidet med likestilling og mangfald er forankra i det interne regelverket til NVE – i dei personalpolitiske retningslinjene våre, i etiske retningslinjer, i lønnspolitikken, i instruksen for IKT-sikkerheit og dessutan i *Likestillingsplan for NVE*.

Vedlegg 1 til årsrapporten inneheld detaljert statistikk på rapporteringskrava i likestillingsutgreiinga.

Slik arbeider vi for å sikre likestilling og ikkje-diskriminering i praksis

Rekruttering:

- o Vi kunngjer i fleire ulike medium, har ei mangfaldserklæring i utlysingsteksten og sikrar likeverdig behandling i intervju. Vi legg vekt på å vere bevisste på å inkludere menneske med redusert funksjonsnivå.
- o Vi stiller ikkje krav til fysikk med mindre det er heilt nødvendig ut frå arbeidsoppgåvene i stillinga.
- o Underlagsdokument for rekruttering i NVE (stillingsanalyse og innstilling) er tilpassa for å vektleggje inkludering. Rekrutterande leiarar blir rettleidde og tett følgde opp av HR-eininga i NVE.
- o Dersom det er kvalifiserte søkjarar som har kryssa av for nedsett funksjonsevne, kallar vi alltid minst éin av desse inn til intervju. Det same gjer vi om det er kvalifiserte søkjarar som har kryssa av for innvandrarakgrunn, og om det er kvalifiserte søkjarar som har «hol» i CV-en.
- o I handlingsplanen for IA-arbeid i NVE er eit av måla å bidra til at menneske med utfordringar i arbeidslivet får sjansen til reell arbeidspraksis, med tanke på at dei skal ut i eller tilbake i ordinært arbeid.
- o I 2025 har NVE hatt sju personar i arbeidspraksis eller arbeidstrening. Leiarar og medarbeidarar er positive til å ta imot kandidatar, og vi kan derfor leggje til rette for fleire enn tidlegare. Dette krev eit godt samarbeid mellom partane for å lykkast. NVE har god dialog med Nav og andre tiltaksarrangørar om praksisplassar. Målet er å bidra til relevant praksis slik at dei kan nå opp i konkurransen på arbeidsmarknaden. Nokre av desse personane har kvalifisert seg slik at dei har blitt tilsette i utlyste stillingar i NVE.

Inkludering og tilrettelegging:

- o Ifølgje NVEs strategi for 2022–2026 skal vi vere kjenneteikna av sterke fagmiljø og eit godt arbeidsmiljø. Vi skal vere ein attraktiv arbeidsplass med høg fagleg kompetanse, sterkt engasjement og høg trivsel blant medarbeidarane.
- o Vi legg vekt på å ha ei bevisst haldning til å inkludere menneske med nedsett funksjonsevne. Alle behov for tilrettelegging blir raskt tatt hand om ved oppstart eller undervegs i arbeidsforholdet.
- o Vi praktiserer ein livsfaseorientert personalpolitikk der vi er merksame på behova til kvar enkelt, og tilbyr oppfølging og tilrettelegging for medarbeidarar som av ymse grunnar treng dette. I slike tilfelle kan for eksempel utvida bruk av heimekontor vere eit godt verkemiddel for å leggje til rette for at medarbeidaren kan utføre arbeid trass i svekt mobilitet eller liknande.
- o For å leggje til rette for at arbeidstakarar kan stå lenger i arbeid og ikkje blir utstøytte frå arbeidslivet, og for å sikre at erfaring og kompetanse blir vidareført, har NVE seniorpolitiske tiltak utover det som er regulert i ferielova og Hovudtariffavtalen. I desember 2025 var andelen medarbeidarar som høyrer til seniorgruppa i NVE (tilsette som er 60 år eller eldre), 14,9 prosent (i 2024 var andelen 13,4 prosent, i 2023 15,2 prosent, i 2022 14,6 prosent, i 2021

15,3 prosent, i 2020 14,4 prosent og i 2019 13,4 prosent). NVE held i samarbeid med Statens pensjonskasse kurs om pensjon for dei som nærmar seg pensjonsalder.

- o Dei årlege FoU-dagane viste også i 2025 at det var om lag like mange kvinner og menn som var prosjektleiarar for FoU-prosjekta.
- o Vi ønskjer å jobbe målretta og systematisk med utviklinga av NVE og med godt medarbeidar- og leiarskap.

Om andre tiltak og målingar:

- o NVE legg vekt på å arbeide systematisk med HMS i samband med at vi har inngått nye leigeavtalar, byggjer om og tilpassar til nye lokale og innfører eit nytt arbeidsplasskonsept. Fleire forhold ved dette arbeidet bidrar til inkludering og tilrettelegging.
- o Det er stilt strenge krav til blant anna belysning og akustikk i dei nye lokala.
- o Arbeidsplasskonseptet skal bidra til inkludering gjennom fleksibilitet og godt tilrettelagde lokale.
- o Ei evaluering i ombyggingsfasen i M29 i Oslo hausten 2025 viste at medarbeidarane i NVE trivst med kollegaer rundt seg, og at den generelle trivselen under ombygginga held seg godt, tatt i betraktning dei arbeidsmiljømessige belastningane ombygginga fører med seg. Innspel til forbetringar er følgde opp med tiltak.

4.8 OPPFØLGING AV REVISJONSMERKNADER

4.8.1 Energieffektivisering

Riksrevisjonen varsla i 2025 oppstart av forvaltningsrevisjon om energieffektivisering.

Riksrevisjonen undersøker arbeidet myndigheitene gjer med energieffektivisering, og undersøker i kva grad verkemidla har bidratt til positive verknader. Utgreiinga skal i hovudsak sjå på perioden 2015–2024. Riksrevisjonen ser på desse problemområda: Kva er status for energieffektiviseringa, korleis har utviklinga vore sidan 2015, kva er dei viktigaste barrierane for energieffektivisering, og i kor stor grad er verkemidla innretta for å redusere barrierane for energieffektivisering?

Riksrevisjonen har opplyst at dei reknar med å offentleggjere utgreiinga sommaren 2026. NVE har i 2025 bidratt med informasjon som Riksrevisjonen har etterspurt.

4.8.2 Arbeid med å tilpasse infrastruktur og busetnad til eit klima i endring

I tildelingsbrevet for 2025 blei NVE bede om å gi ei kort beskriving av oppfølginga av Dokument 3:6 (2021–2022) og Innst. 399 S (2021–2022) om arbeidet til myndigheitene med å tilpasse infrastruktur og busetnad til eit klima i endring.

NVE har i 2025 vidareført arbeidet med å følgje opp tilrådingane frå Riksrevisjonen som gjeld NVE sine roller og ansvarsområde. Status for oppfølginga vår av Riksrevisjonens tilrådingar blei rapportert til Energidepartementet 19. april 2025, som innspel til departementet si tilbakemelding til Riksrevisjonen 30. april 2025.

Riksrevisjonen sende 27. november 2025 sitt *Dok. 3:1 (2025–2026) Oppfølging av forvaltningsrevisjonar 2025* til Stortinget for behandling, der *Dok. 3:6 (2021–2022)* var ein av forvaltningsrevisjonane som var omhandla. Hovudkonklusjonen til Riksrevisjonen med omsyn til *Dok. 3:6 (2021–2022)* var: «I 2022 ga vi de ansvarlige departementene syv anbefalinger. De har fulgt opp mange av anbefalingene på en god måte.» Samtidig vil Riksrevisjonen følgje saka vidare når det

gjeld ei av tilrådingane frå Dok. 3:6 (2021–2022), som blant anna gjaldt ansvarsområdet til NVE: «Vi vil også følge opp anbefalingen til Justis- og beredskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet og Energidepartementet om å vurdere tiltak for å bedre kartlegging av naturfare både i statlig og i kommunal regi, samt å følge opp at kartleggingene i større grad tar høyde for de framtidige klimaendringene.»

NVE vil på bakgrunn av dette i 2026 vurdere nærmare korleis vi kan styrkje kartleggingsarbeidet ytterlegare i lys av Riksrevisjonens kritikk.

5 DEL V VURDERING AV FRAMTIDA

Dei siste åra har store endringar verka inn på oppgaveområda til NVE, og vi ventar at endringane har stor betydning også framover. Elektrifisering og endringar i kraftsituasjonen både innanlands og internasjonalt har betydning. Det same har klimaendringar og auka risiko for naturfarehendingar. Ny teknologi og auka digitalisering i samfunnet spelar ei vesentleg rolle, saman med ein meir spent sikkerheitssituasjon. Vidare har regjeringa høge ambisjonar på områda våre for å skape tryggleik for framtida.

I NVEs strategi for 2022–2026 er det sett mål og prioriteringar for å møte utfordringane. NVE jobbar med utvikling på dei fleste områda innanfor oppgaveporteføljen. No arbeider vi vidare med strategien for tida framover frå 2027. Der blir det viktig å peike ut ei retning som gir god utvikling og fleksibilitet for å møte endringar i omgivnadene og overordna prioriteringar framover.

Kraftforsyning og elektrifisering

Kraftproduksjonen i Europa blir stadig meir variabel, og det blir viktig å ha ei god forståing av korleis kraftsystemet handterer ein varierende produksjon. NVE har i 2025 utarbeidd rapportane «Tilstanden i kraftsystemet» og «Langsiktig kraftmarkedsanalyse for 2025». I desse rapportane belyser vi status og vidare utvikling.

Utviklinga i den sikkerheitspolitiske situasjonen krev auka merksemd frå NVE. Overvaking av kraftsituasjonen og arbeid med forsyningsikkerheit er oppgåver som vil krevje meir framover.

Investering i nettutvikling og i ny kraftproduksjon gir ein auke i talet på saker som NVE skal konsesjonsbehandle. Vi forventar at veksten held fram, og at andelen store nett- og produksjonssaker aukar.

Dei siste åra har det vore ein kraftig auke i talet på søknader om konsesjon til nettutbygging. Dette er eit resultat av auka elektrifisering og av reinvesteringsbehov i mange eksisterande kraftleidningar. NVE må handtere denne volumveksten og samtidig sørgje for ei god og effektiv saksbehandling med gode prosessar overfor lokalsamfunn. Det vil bli behov for enda meir nettkapasitet i tida som kjem. Statnett og mange av dei regionale nettselskapa varslar framleis mange søknader dei neste åra. Elektrifiseringa av samfunnet gir større behov for elektriske anlegg innanfor fleire område. Stadig meir forbruk blir elektrifisert, for eksempel med lading, i oppdretts- og petroleumsnæringa og i ny industrisatsing. I tillegg kjem behovet for nettkapasitet til nye produksjonsformer som havvind og solkraft.

Prosjektutvikling av vindkraftanlegg er i gang i mange kommunar, og det er mange aktørar som viser stor interesse for å byggje nye vindkraftverk. Dette inneber at NVE må vere førebudd på å få fleire meldingar og søknader om vindkraftanlegg i åra som kjem.

Kraft- og industriløftet regjeringa har sett i gang i Finnmark, inneber for NVE at søknader om konsesjon til kraftproduksjon i dette området er noko vi prioriterer og ser i samanheng med

søknader om nettanlegg i same område. Dette vil mest sannsynleg bli ressurskrevjande arbeid for oss også i åra framover.

Saksmengda innanfor ny vasskraft, opprustings- og utvidingsprosjekt og konsesjonspliktvrderingar har auka dei siste åra. Fleire aktørar har no søkt om prosjekt som kan bidra med fleksibilitet og/eller effekt. Det kan dreie seg om auka effektinstalleringar, men også ulike pumper eller pumpekraftverk. Det er grunn til å tru at tilfanget av nye saker på området held fram. Solkraftanlegg forventar vi framleis ei rekkje søknader om. Fleire stader er det begrensa nettkapasitet som gjer at vi ikkje kan realisere desse prosjekta i nærmaste framtid.

Energieffektivisering er ein viktig og relevant del av energiomstillinga. Å avlaste kraftsystemet blir stadig nemnt som eit eige ønske i utviklinga av ulike verkemiddel. Energibruk kjem framover til å vere tett knytt til lokal energiproduksjon, bruk av overskotsvarme og fjernvarme, lagringsløyser og fleksibilitet.

Fjernvarmebransjen opplever endringar i marknadsføresetnadane. NVE har ansvaret for prisreguleringa, og forvaltninga av ordninga blir meir kompleks og krev auka kapasitet og kompetanse. Gjennomføring av energiregelverk frå EU gir også behov for fleire vurderingar av regelverket for varme- og kjøling i Noreg. Reguleringa av fjernvarme er basert på eit regelverk som ikkje er oppdatert og gjennomgått på mange år. Framover ser NVE behov for utarbeiding og gjennomgang av regelverk, meir oppdatert kunnskapsgrunnlag og utredningar av fjernvarmens rolle i kraftsystemet og i beredskap.

Klimaendringane fører til at vi får fleire tørke- og flaumhendigar. Etterarbeidet omfattar ofte tiltak som krev konsesjonspliktvrdering eller konsesjonsbehandling hos NVE. Akvakulturnæringa planlegg å femdoble produksjonen innan 2050. Det er ønskjeleg å ha fisken lenger på land for at han skal bli større og meir robust før han blir sett i merd på sjøen. Meir fisk og større smolt gir behov for større vassuttak. Dette er eksempel på trendar som gir ein auke i NVEs konsesjonsbehandling. Både det fysiske og det digitale trusselbildet er i endring. Det siste året har merksemda dreidd meir mot om kraftsystemet er robust nok fysisk, mens digital risiko har vore noko mindre i søkjelyset som følgje av hendigar i nærmiljøet vårt og krigen i Ukraina. Vi opplever ei større vektlegging av å sikre den fysiske infrastrukturen, både mot etterretning (som dronar) og mot angrep, slik vi ser i Ukraina, men også slik vi ser mot undersjøisk infrastruktur. Vi opplever også at det er eit ønske om å setje kraftforsyninga meir i samanheng med andre sektorar, samfunnskritiske funksjonar og grunnleggjande nasjonale funksjonar, og at det blir viktigare korleis ein prioriterer på tvers av sektorane.

Verksemder i kraftforsyninga aukar sikringa både digitalt og fysisk. Kraftforsyninga må vere sikker i dette endra trusselbildet og møte utfordringane knytte til digitalisering og etterretning med høg kompetanse og gode tiltak. Dette krev innsats frå NVE både når det gjeld regelverk, rettleiing og tilsyn, og når det gjeld samarbeid med andre myndigheiter og med aktørane i kraftforsyninga. Den sikkerheitspolitiske utviklinga bidrar til at overvaking av forsyningssikkerheit er meir aktuelt. Situasjonen kan også føre til at vi må setje inn tiltak for å halde forsyningssikkerheita oppe på dagens nivå og stille større krav til verksemdene for eksempel når det gjeld fysisk sikring og leverandør oppfølging. Digitalisering gjer kraftforsyninga meir effektiv, men også meir sårbar, og kraftsystemet blir drifta med mindre marginar, noko som over tid vil påverke kor sikker kraftforsyninga er. Digitalisering for å møte framtidige driftsutfordringar fører også til større digital sårbarheit.

Klimaendringar og ein mogleg endra bruk av kraftmagasina kan utgjere ein trussel for dampsikkerheita i framtida. Dei fleste dammane i Noreg er bygde i det førre hundreåret. Det er viktig

at regelverket til kvar tid er tilpassa bruken av dammane. Av samfunnsøkonomiske omsyn er det også viktig at regelverket opnar for bruk av ny teknologi.

Førebyggje skadar frå flaum og skred

Flaum, skred og overvatn kan føre til skadar på liv, helse, eigedom, infrastruktur og miljø. NVE hjelper kommunane med å førebyggje flaum- og skredskadar gjennom kartlegging, arealplanlegging, sikringstiltak, overvaking, varsling og beredskap. Noreg har dei siste åra opplevd fleire flaum- og skredhendingar med omfattande skadar. Farekartlegging har avdekt fleire fareområde og gitt ei auka forståing av risiko i samfunnet. Både klimautviklinga og samfunnsutviklinga, med større tettstad- og bykonsentrasjonar, vil auke utfordringane. Utan førebygging og tilpassing til framtidsklimaet vil skadeomfanget vekse. For å møte framtida må vi dreie vekk frå tradisjonell rettleiing og over på digitale tenester og eksternt samarbeid.

Rapporten *Flom og skred – sikringsbehov for eksisterende bebyggelse* (FOSS-rapporten) viser at det vil koste rundt 85 mrd. kroner om alle bygg som er utsette for skred i bratt terreng, flaum, erosjon og kvikkleireskred, skal sikrast. Metodikken blir utvikla vidare, i takt med utgreiing av nye faresoner, vidareutvikling av aktsemdskart og etablering av nye sikringstiltak. Framtidige analysar med oppdatert kunnskapsgrunnlag vil gi meir presise tal for det totale behovet for sikring mot flaum og skred for eksisterande busetnad i Noreg. Kor store samfunnsressursar som skal og bør nyttast på å sikre busetnad i tiåra framover, vil avhenge av mange forhold, blant anna økonomisk utvikling, klimaendringar, haldninga vår til risiko og politiske prioriteringar.

Stortingsmeldinga om flaum og skred som blei lagd fram i 2024, Meld. St. 27 (2023–2024) *Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred*, legg premissar for NVE sitt arbeid med flaum og skred, og varslar ei rad med tiltak frå regjeringa si side. NVE har i 2025 starta arbeidet med oppfølging av tiltak som ligg til NVE. Meir komplekse og omfattande sikringstiltak set krav til endra prosedyrar og prosessar. Blant anna arbeider vi med sikringstiltak som skal handterast etter Statens prosjektmodell. Tilpassinga til dette regimet er omfattande, og dette er eit arbeid som går vidare også i 2026.

NVE arbeider for at kommunane skal ta større ansvar for førebygging og risikoreduserande tiltak. Vi jobbar særleg for at kommunane skal ta større ansvar for flaum- og skredsikring, og at den private marknaden skal ta ein større del av planlegginga, prosjekteringa og bygginga av nye tiltak. NVE har på denne bakgrunnen lansert ein digital rettleiar – *Sikringshåndboka*².

Sikringstiltaka blir stadig meir omfattande, med omsyn til både kostnader og kompleksitet. Kommunane dekkjer ein distriktsandel (eigenandel) for alle tiltaka som NVE bidrar med. I statsbudsjettet for 2025 blei distriktsandelen sett ned til normalt 10 prosent av kostnadene ved gjennomføring av sikringstiltaket, frå normalt 20 prosent tidlegare.

I strategien til NVE (2022–2026) har vi tatt omsyn til behovet for klimatilpassing. Klimaendringane tilseier meir skadar frå overvatn og eit større behov for nye metodar og tiltak for ei trygg handtering av vatn i byar og tettstader. Vi får stadig fleire hendingar med ekstremvêr og kortvarig intens nedbør som det er vanskeleg å varsle, og som gjer flaum- og skredvarslinga meir utfordrande.

Erfaringar etter ekstremvêret «Hans» i 2023 viser at verdikjeda i varslingstenesta er sårbar. Publikumstenesta varsom.no var nede, og IT-tenester som beredskapsaktørane nyttar til å følgje med på varslingsutviklinga, var i periodar nede eller ustabile. Tenestene og verktoya er utvikla for mange år sidan, og behovet for oppgradering er stort. I 2026 skal vi utføre ein ROS-analyse av verdikjeda til naturfarevarslinga for å identifisere kva tiltak vi kan implementere for å redusere

² [Sikringshåndboka](#)

sårbarheita. I tillegg vil vi dei neste åra oppgradere tenestene og verktøya for å gjere dei meir robuste og for å oppretthalde den høge kvaliteten også framover.

Kort tid frå varsling til hending og større uvisse om kvar hendingane vil ramme, gjer beredskapsarbeidet generelt vanskelegare. Det trengst forskning og utvikling for å finne gode metodar for å varsle slike hendingar, men også for å finne ut korleis vi kan rigge beredskapen for å takle hendingane.

Naturfarevarsling

Det er fleire måtar å gjere varslingsstenestene betre på. Brukarane av NVEs varslingsstenester ønskjer seg konsekvensbaserte eller risikobaserte varsel. Ved å setje søkjelyset på konsekvensar, altså kvar hendingane kjem til å forårsake skadar, og kor store skadane kan bli, kan vi målrette beredskapsinnsatsen og tiltaka mot dei områda der behovet er størst. NVE innfører konsekvensbasert flaumvarsling i to kommunar i perioden 2026–2029. Vi gjer der nytte av resultatane frå FoU-prosjektet FlaumRisk og implementerer konsekvensbasert varsling i praksis. Moglegheita for slik varsling skal integrerast i dei eksisterande varslingsystema, og NVE skal også sjå på moglegheita for nye digitale rammeverk for flaumvarsling. I dette arbeidet held NVE fram samarbeidet med kommunane slik at tenestene blir tilpassa dei behova mottakarane av varsla har.

I utviklinga av varslingsstenestene testar vi også ut om vi kan dra nytte av eigenutvikla KI-modellar eller andre varslingsverktøy for å betre og effektivisere tenestene. Slike modellar blir testa for både flaum-, jordskred- og snøskredvarslinga. På sikt er det også eit potensial for å forbetre den konsekvensbaserte varslinga ved hjelp av KI.

Behovet for naturfarevarsling aukar, og opne, fritt tilgjengelege data og hydrologiske modellar gjer det mogleg for fleire aktørar å utarbeide varsel. Samtidig er det ei kjensgjerning at det kan skape forvirring om det blir varsla ulikt frå ulike aktørar, og det er derfor behov for ein offisiell leverandør av naturfarevarsel. Den internasjonale meteorologiorganisasjonen WMO omtaler dette som «the one-voice principle». For å sikre dette må myndighetene ha meir formalisert kontakt med fleire ulike aktørar, for eksempel fleire vassdragsregulantar og private aktørar som tilbyr varsel. Det er naturleg at NVE tar initiativ til eit samarbeid med slike aktørar og vurderer behovet for både meir strukturert uformelt samarbeid og formelle samarbeidsavtalar. For å oppnå ei best mogleg gevinstrealisering i dette arbeidet vil NVE oppretthalde datapolicyen vår (opne og tilgjengelege data) og oppmode eksterne aktørar til å dele data med NVE. NVE vil også utarbeide rettleiarar for varsling og sørge for koordinering av faglege råd.

Blant dei ulike skredtypane er snøskred den typen som forårsakar flest tap av menneskeliv, og snøskredvarslinga er viktig for å førebyggje ulykker. Det er fleire kommunar som i dag ikkje er dekte av snøskredvarslinga til NVE, og som etterlyser varsel for dei snøskredutsette områda sine. Beredskapsaktørane ønskjer i tillegg at NVE utvidar varslingssesongen viss det er skredfare. I dag er snøskredvarslingssesongen fastsett frå 1. desember til 31. mai.

Hydrologi

Hydrologiske data blir også nytta av mange utanfor NVE, blant anna av beredskapsansvarlege i kommunar og fylke, av dei som utnyttar vassressursar i kraftproduksjon, vassforsyning, irrigasjon, smoltanlegg og liknande, og dessutan av mange private grunneigarar og fritidsbrukarar innanfor fiske og padling. Desse har ei forventning om at presise, komplette og oppdaterte hydrologiske data skal vere tilgjengelege til kvar tid. NVE må derfor halde fram arbeidet med eit eige hydrologisk

målestasjonsnett av høg kvalitet og samtidig leggje til rette for at måledata frå andre offentlege og private aktørar kan lagrast og gjerast tilgjengelege i verktøya til NVE. Sidan slike data er særleg viktige for store delar av verksemda til NVE, inkludert varslings- og magasinstatistikk, vil vi leggje stor vekt på den digitale sikkerheita i samband med hydrologiske data. Kraftregulantane har ansvaret for om lag 40 prosent av det hydrologiske stasjonsnettet og er pålagde å utføre målingar som følgje av gitte vassdragskonsesjonar. Gjennomgangen vår av feil og utfall av målingar viser at feilraten kan auke når eksterne stasjonseigarar sjølve tek over driftsansvaret. NVE ønskjer å styrkje oppfølginga av drifta av «eksterne» målestasjonar i framtida, for å sikre at pålagde data blir leverte til rett tid og med rett kvalitet.

Både utfordringane i tida framover og rolla NVE har som nasjonal faginstitusjon for hydrologi, krev målretta innsats for å byggje ny kunnskap gjennom FoU. Vi treng for eksempel framleis meir kunnskap om korleis klimaendringane påverkar flaum, tørke, brear og snø, om sårbarheita i forvaltningsområda våre og om korleis samfunnet kan tilpasse seg endringane. NVE held derfor fram med FoU-prosjekt knytte til klimaendringar og oppdaterer kontinuerleg grunnlaget for klimatilpassing. Vi held også fram samarbeidet i Norsk klimaservicesenter for ei regelmessig oppdatering av eit grunnlag for klimatilpassing.

Noreg er ein del av Copernicus, som er jordobservasjonsprogrammet til EU. Som ein del av dette utviklar NVE tenester for overvaking innanfor NVEs forvaltningsområde med data frå Sentinel-satellittane i samarbeid med Norsk romsenter, NORCE, Norsk reknesentral, Statens vegvesen og Meteorologisk institutt. Dette arbeidet vil gi oss verdifulle data i åra som kjem.

Digitalisering

NVE skal gå frå å vere ei dokumentdriven til å vere ei datadriven forvaltning. Dette er ei endring som inneber auka automatisering og løysingar som blant anna skal støtte konsesjonsbehandling og bidra til kortare leietider og raskare utbygging av nett- og energiprojekt. Vi er i gang med store prosjekt som vil krevje vidareutvikling og forvaltning også etter at prosjektfasen er ferdig. Deling av data og meir avanserte analysemoglegheiter vil gjere det mogleg for oss å løyse samfunnsoppgåvene våre på nye måtar. Fleire av analysane til NVE og RME baserer seg i dag på avgrensa datasett. Nye, komplette datasett vil gjere analysane meir nøyaktige. Vi vurderer om reguleringa av nettselskapa kan gjerast meir presis med nye datasett som kombinerer forbruk og geografisk plassering.

Med dei to store dataplattformene til NVE, dataplattformen (datavarehus) og GIS-dataplattformen (kart og geodata), får vi eit stadig større og betre datagrunnlag. GIS-plattformen har eit sterkt analyserom der vi utviklar både nye og eksisterande automatiserte analysar som samfunnet har behov for. NVE er part i Norge digitalt-samarbeidet og leverer mykje digitale data ut til samfunnet, og vi samhandlar digitalt med andre offentlege og private samarbeidspartnarar. Under naturhendingsar er kommunane storforbrukarar av dei ulike varslings- og karttenestene til NVE, og mange nyttar datasetta våre for flaum og skredfarekartlegging som input til eigne tenester. NVE samarbeider også med Skatteetaten, som vil bruke grunndataa våre i tenestene sine, blant anna for å avgrense rapporteringsplikta til nettselskapa.

Kunstig intelligens (KI) er viktig teknologi for NVE og skal bidra til effektivisering, innovasjon og kunnskapsdeling. NVE følgjer utviklinga nasjonalt og internasjonalt og har ei tydeleg merksemd på ansvarleg bruk, bygging av kompetanse og gevinstrealisering. Vi nyttar allereie maskinlæring og KI til analyseoppgåver. Vi har etablert retningslinjer og eit forvaltningsregime for bruk av generativ KI. Vi har starta fleire pilotar for å forenkle saksbehandling og arbeidsprosessar og få støtte i arbeidet. Eksempel på dette er bruk av KI i arbeidet med høyringar og i arbeidet med å finne informasjon i

historiske arkiv og andre kjelder. Vi har også tatt i bruk ei KI-løysing for å vurdere og handtere innkommande post i dokumentasjonssenteret.

6 DEL VI ÅRSREKNESKAP

6.1 KOMMENTAR FRÅ LEIAREN

6.1.1 Innleiing

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) blei grunnlagt i 1921 og sorterer under Energidepartementet. NVE er eit bruttobudsjettert forvaltningsorgan.

I årsrapporten for 2025 rapporterer NVE for første gong verksemdsrekneskapen etter dei statlege rekneskapsstandardane. Rapporteringa på løyving og artskonto er etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten, og verksemdsrekneskapen blir rapportert etter dei statlege rekneskapsstandardane, slik det går fram av den andre prinsippnoten. NVE og Reguleringsmyndigheita for energi (RME) rapporterer samla til statsrekneskapen.

6.1.2 Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med reglar om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Energidepartementet i hovudinstruksen. Rekneskapen gir eit dekkjande bilde av NVE sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

6.1.3 Vesentlege forhold når det gjeld årsrekneskapen

6.1.3.1 Rapportering på løyvinga

I 2025 har NVE og RME ei samla løyving på utgiftskapittel på i overkant av 8,2 mrd. kroner. NVE har i tillegg tatt imot belastningsfullmakt på i overkant av 5 mill. kroner frå Justis- og beredskapsdepartementet over Svalbardbudsjettet til skredtiltak i Longyearbyen.

Løyvinga på utgiftskapittel har auka med om lag 1,1 mrd. kroner frå 2024, samla for NVE og RME.

Auken skuldast i hovudsak innføringa av noregspris på straum frå 1. oktober 2025. Det blei anslått at dette skulle koste om lag 800 mill. kroner meir enn berre å føre vidare straumstøtteordninga. Straumstøtteordninga blei midlertidig innført med verknad frå desember 2021. I 2025 blei både noregspris og støtteordninga høgare enn overslagsløyvinga, på til saman 340 mill. kroner. Dette kjem av at dei faktiske prisane og forbruket blei høgare enn berekna. Støtta og noregsprisen som blir utbetalt til nettselskapa, skal gå til frådrag i fakturert nettleige til sluttkunden. Tildelinga er gitt til RME på post 75 Støtte til hushald for ekstraordinære straumutgifter og er ei overslagsløyving.

Frå 1. oktober blei det også innført straumstøtte og noregspris på fjernvarme med ei total tildeling på 104 mill. kroner. Det blei utbetalt om lag 85,9 mill. kroner. Denne ordninga blir forvalta av NVE, og Enova står for utbetalinga til fjernvarmeselskapa etter månadlege overføringar frå NVE.

På post 25 Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar er det ei mindretgift på om lag 106 mill. kroner, som er om lag 68 prosent av tildelinga. Dette kjem i hovudsak av prosjektering som tek lengre tid enn prognosert, anskaffingsprosessar som dreg ut i tid på grunn av klagebehandling, og omtvista sluttoppgjer.

På post 60 Tilskot til flaum- og skredførebygging er det ei mindreutgift på om lag 210,6 mill. kroner, som er om lag 82,4 prosent av løyvinga. Mesteparten av beløpet er bunde opp i gitte tilsegner som kjem til utbetaling seinare år.

6.1.3.2 Verksemdsrekneskapen og rapportering på artskonto

Frå 2025 rapporterer NVE verksemdsrekneskapen i tråd med dei statlege rekneskapsstandardane, og verksemdsrekneskapen for resultatrekneskapen viser derfor ikkje samanlikningstal frå 2024. I verksemdsrekneskapen er det noko utdjupande informasjon under enkelte av notane.

Driftsinntekter

NVE har salsinntekter på 69,5 mill. kroner for 2025. Det er ein nedgang på om lag 5,5 mill. kroner i forhold til innbetalingar i 2024. Det kjem hovudsakleg av at eigendelen til kommunane (distriktsdel) i samband med sikrings- og miljøtiltak blei redusert frå 2024. NVE har vidare pågåande fleire store sikringstiltak under planlegging og prosjektering som det ikkje er distriktsdel på.

Driftskostnader

NVE har 845,6 mill. kroner i lønnskostnader for 2025, som vises i note 3. Dette er ein auke på 98,2 mill. kroner samanlikna med utbetalingar for 2024. Auken kjem i hovudsak av ein auke i tildeling til nye stillingar i 2024, der fleire førstblei tilsetje i 2. halvår og gir ein auke frå 2024 til 2025. Andre kostnader til drift har ein nedgang på 125 mill. kroner frå utbetalingar i 2024. Det kjem i hovudsak av ein nedgang i entreprisar på om lag 114 mill. kroner, og det igjen henger saman med at eit sikringstiltak på Svalbard er avslutta, og at det på post 22 er stor aktivitet innanfor planlegging og prosjektering som gir lågare aktivitet innanfor gjennomføring.

Balansen

I 2025 har NVEs balanse totalt auka med om lag 36 mill. kroner.

NVE har totalt investert i anleggsmiddel for om lag 83 mill. kroner, der investeringar til immaterielle eigedelar utgjorde 61 mill. kroner. Det blei avskrive totalt for om lag 63 mill. kroner for 2025.

Bokførte anleggsmiddel auka som følgje av dette med om lag 20 mill. kroner i 2025.

På gjeldssida i balansen er det ein reduksjon på 9 mill. kroner for 2025. Det kjem i hovudsak av at det blei gjort avsetningar for lønnsoppgjeret 2024 ved inngåande balanse 2025.

6.1.4 Nettoføring av meirverdiavgift for statsforvaltninga

I 2025 utgiftsførte NVE 134,5 mill. kroner på kapittel 1633, post 01. I 2024 var tilsvarande tal 145,3 mill. kroner.


6.1.5 Mellomvære med statskassa

Mellomværet med statskassa utgjorde ved årets slutt 70,5 mill. kroner, mot 61,9 mill. kroner året før.

6.1.6 Revisjon av rekneskapen

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for NVE. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per i dag, men blir gjord offentleg samtidig med at årsrapporten med rekneskap blir gjord offentleg.

Oslo, 1. mai 2026



Kjetil Lund
vassdrags- og energidirektør

6.2 PRINSIPPNOTE – LØYVINGS- OG ARTSKONTORAPPORTERING

Rekneskapen er utarbeidd og avlagd etter retningslinjer i reglar om økonomistyring i staten («reglane»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i reglane punkt 3.4.1, nærmare reglar i rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav fastsette av overordna departement. NVE har ein eigen prinsippnote for verksemdsrekneskapen som blir rapportert i tråd med dei statlege rekneskapsstandardane.

Oppstillinga av rapportering på løyving og artskonto er utarbeidd med grunnlag i reglane punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a. Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b. Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c. Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d. Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp. *)

*) Unntak er nettoføring av inntekter som gjeld tilbakebetalingar av utlegg og utgiftsdeling.

Oppstillinga av rapportering på løyving og artskonto er utarbeidd etter dei same prinsippa, men er gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i reglane punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportere til statsrekneskapen. Summen «Netto rapportert til løyvingerekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

NVE er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i reglane pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen. Ved overgang til nytt år blir saldoen på den enkelte oppgjærskontoen nullstilt.

6.2.1 Rapportering på løyvinga

Oppstillinga av rapportering på løyvinga omfattar ein øvre del med rapportering på løyvinga og ein nedre del som viser behaldninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Rapporteringa på løyvinga viser rekneskapstal som NVE har rapportert til statsrekneskapen. Dette blir stilt opp etter dei kapitla og postane NVE og RME har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva verksemda har fått til disposisjon i tildelingsbrev for kvart enkelt kapittel og post. Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og plikter NVE står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Mottatte fullmakter til å belaste kapittel og post i ei anna verksemd (belastningsfullmakter) viser ikkje i kolonnen for samla tildeling i note A, men er omtalte i note D. Utgiftene til mottatte belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og viser i kolonnen for rekneskap.

6.2.2 Rapportering på artskonto

Oppstillinga av rapportering på artskonto har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser

eigedelar og gjeld som inngår i mellomværet med statskassa. Rapporteringa på artskonto viser tal NVE har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder.

NVE har ein trekkrett på konsernkontoen i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og viser derfor ikkje som inntekt i oppstillinga.

6.3 LØYVINGSREKNESKAPEN (KONTANT)

Oppstilling av rapportering på løyvinga, 31.12.2025							
Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2025	Meirutgift (-) og mindreutgift
1800	Energidepartementet	21	Spesielle driftsutgifter	A	1 050 000	1 050 000	0
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	01	Driftsutgifter	A, B	985 829 000	958 821 528	27 007 472
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	141 359 000	100 125 243	41 233 757
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	22	Flaum- og skredførebygging	A, B	358 983 000	288 688 743	70 294 257
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd	A, B	67 234 000	57 453 054	9 780 946
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	25	Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar	A, B	154 847 000	48 953 899	105 893 101
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	26	Driftsutgifter, Reguleringsmyndigheita for energi	A, B	98 809 000	97 148 201	1 660 799
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	45	Større anskaffingar av utstyr og vedlikehald	A, B	57 585 000	25 174 381	32 410 619
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	60	Tilskot til flaum- og skredførebygging	A, B	255 658 000	45 072 043	210 585 957
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	61	Tilskot til krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhe	A, B	100 000 000	85 567 376	14 432 624
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	62	Tilbakeføring av produksjonsavgift frå landbasert vindkraft	A	332 900 000	332 899 996	4
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	72	Tilskot til flaum- og skredførebygging	A, B	3 761 000	1 000 000	2 761 000
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	73	Tilskot til utjamning av overføringstariffar	A	18 000 000	17 999 999	1
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	74	Tilskot til museums- og kulturminnetiltak	A	9 100 000	9 100 000	0
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	75	Stønad til hushald for ekstraordinære straumutgifter	A	4 300 000 000	4 383 653 300	-83 653 300
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	76	Stønad til hushald av nærvarmeanlegg	A, B	2 000 000	1 066 686	933 314
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	77	Noregspris for straum	A	1 200 000 000	1 456 356 888	-256 356 888
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	78	Noregspris for fjernvarme	A	98 000 000	78 567 641	19 432 359
1820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	79	Straumstøtte for fjernvarme	A	6 000 000	7 300 899	-1 300 899
1825	Energieffektivisering og- omlegging	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	13 433 000	9 820 663	3 612 337
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			134 485 963	
<i>Sum utgiftsfort</i>					8 204 548 000	8 140 306 502	
Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling	Rekneskap 2025	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
4820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	01	Gebyrinntekter		10 000 000	11 279 920	1 279 920
4820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter	B	60 000 000	53 797 228	-6 202 772
4820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	03	Sal av utstyr m.m.	B	0	3 000	3 000
4820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	10	Refusjonar	B	0	5 953 809	5 953 809
4820	Noregs vassdrags- og energidirektorat	40	Flaum- og skredførebygging		20 000 000	8 895 024	-11 104 976
5582	Sektoravgift under Energidepartementet	70	Bidrag til kulturminnevern		18 500 000	4 175 433	-14 324 567
5582	Sektoravgift under Energidepartementet	71	Konsesjonsavgifter frå vasskraftutbygging		198 500 000	208 039 269	9 539 269
5582	Sektoravgift under Energidepartementet	72	Sektoravgift under Noregs vassdrags- og energidirektorat		160 500 000	160 422 782	-77 218
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	14 268 148	
5605	Renter av statskassa av kontantbeholdninga til stat	83	Alminnelege fordringar		0	6 543	
5700	Inntekter folketrygda	72	Arbeidsgivaravgift		0	101 607 220	
<i>Sum inntektsfort</i>					467 500 000	568 448 376	
<i>Netto rapportert til løyvingrekneskapan</i>						7 571 858 126	
Deposita og avsetningar							
845004	Avsetningar i Svalbardrekneskapan			D		1 496 438	-1 496 438
<i>Sum netto rapportert i kapitalrekneskapan (gjennom S-rapport) til Svalbardrekneskapan</i>						1 496 438	
<i>Sum netto rapportert til løyving- og kapitalrekneskapan</i>						7 573 354 565	
Kapitalkontoar							
60088901	Noregs Bank KK / innbetalingar					504 892 836	
60088902	Noregs Bank KK / utbetalingar					-8 069 682 041	
718010	Endring i mellomvære med statskassa					-8 565 360	
<i>Sum rapportert</i>						0	
Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapan (31.12.)							
Konto	Tekst				2025	2024	Endring
718010	Mellomvære med statskassa				-70 459 926	-61 894 566	-8 565 360

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
180021		1 050 000	1 050 000
182001	25 829 000	960 000 000	985 829 000
182021	34 359 000	107 000 000	141 359 000
182022	5 983 000	353 000 000	358 983 000
182023	7 234 000	60 000 000	67 234 000
182025	54 847 000	100 000 000	154 847 000
182026	5 809 000	93 000 000	98 809 000
182045	17 585 000	40 000 000	57 585 000
182060	155 658 000	100 000 000	255 658 000
182061		100 000 000	100 000 000
182062		332 900 000	332 900 000
182072	3 761 000	0	3 761 000
182073		18 000 000	18 000 000
182074		9 100 000	9 100 000
182075		4 300 000 000	4 300 000 000
182076	1 000 000	1 000 000	2 000 000
182077		1 200 000 000	1 200 000 000
182078		98 000 000	98 000 000
182079		6 000 000	6 000 000
182521	3 433 000	10 000 000	13 433 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg beløp som kan overførast til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre i samsvar med gitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift(-)/ mindreutgift etter gitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) i medhald av meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå løyvinga neste år	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. beløp til overføring**	Mogleg beløp til overføring berekna av verksemda
182001		27 007 000		27 007 000	5 954 000			32 961 000	48 000 000	32 961 000
182021	«kan overførast»	41 234 000		41 234 000				41 234 000	216 500 000	41 234 000
182022	«kan overførast, kan nyttast under post 45 og 60»	70 294 000		70 294 000				70 294 000	685 000 000	70 294 000
182023	«kan overførast»	9 781 000		9 781 000	-6 203 000			3 578 000	119 000 000	3 578 000
182025	«kan overførast, kan nyttast under post 61»	105 893 000		105 893 000				105 893 000	200 000 000	105 893 000
182026		1 661 000		1 661 000				1 661 000	4 650 000	1 661 000
182045	«kan overførast, kan nyttast under post 22»	32 411 000		32 411 000	3 000			32 414 000	69 000 000	32 414 000
182060	«kan overførast, kan nyttast under post 22»	210 586 000		210 586 000				210 586 000	205 000 000	205 000 000
182061	«kan overførast, kan nyttast under post 25»	14 433 000		14 433 000				14 433 000	200 000 000	14 433 000
182072	«kan overførast, kan nyttast under post 22 og 60»	2 761 000		2 761 000				2 761 000	6 000 000	2 761 000
182076	«kan overførast»	933 000		933 000				933 000	9 000 000	933 000
182521	«kan overførast»	3 612 000		3 612 000				3 612 000	20 000 000	3 612 000

**Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 prosent av årets løyving på driftspostane 01 og 26. For løyvingar på postar med stikkordet «kan overførast», er maksimalt beløp summen av løyvingane for 2024 og 2025. Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukne løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottatte belastningsfullmakter

NVE har fått belastningsfullmakt frå Justis- og beredskapsdepartementet på 5,038 mill. kroner. Sjå note D.

Fullmakt til å overskride gitte løyvingar mot tilsvarande meirinntekter

NVE har fullmakt til å overskride løyvinga på kapittel/post 1820/01, 1820/21, 1820/22 og 1820/26 mot tilsvarande meirinntekt på kapittel/post 4820/10. Meirinntekta utgjer 5,954 mill. kroner. I tillegg har NVE fullmakt til å overskride løyvinga på kapittel/post 1820/45 mot tilsvarande meirinntekt på kapittel/post 4820/03. Meirinntekta utgjer 3 000 kroner.

Stikkordet «kan overførast»

Løyvinga til NVE på kapittel/post 1820/21, 1820/22, 1820/23, 1820/25, 1820/45, 1820/60, 1820/61, 1820/72, 1820/76 og 1825/21 er gitt stikkordet «kan overførast». Beløpa kjem frå tildelingar dei to siste budsjettåra, og NVE lar beløpa gå inn som ein del av mogleg beløp som kan overførast.

Mogleg beløp til overføring

Den ubrukte løyvinga til NVE på kapittel/post 1820/01 og 1820/26 (inkl. meirinntekt på kapittel/post 4820/10) utgjer høvesvis 32,961 mill. kroner og 1,661 mill. kroner. Dei unytta beløpa som står på kapitla/postane, kan overførast, sidan dei er under grensa for overføring, som er 5 prosent av løyvinga. Heile det unytta beløpet som står på kapittel/post 1820/21, 1820/22, 1820/23, 1820/25, 1820/45, 1820/72, 1820/76 og 1825/21, kan overførast, sidan kapitla/postane har stikkordet «kan overførast».

Kapittel 1820/60 har også stikkordet «kan overførast», men restbeløpet overstig grensa for overføringsbeløp. Mogleg overføringsbeløp blir da summen av løyvingane dei to siste åra. På kapittel/post 1820/23 har NVE fullmakt til å overskride løyvinga mot tilsvarande meirinntekt på kapittel/post 4820/02. Eventuell mindreinntekt skal takast med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år. Mindreinntekta utgjer 6,203 mill. kroner. I tillegg har NVE fullmakt til å overskride løyvinga på kapittel/post 1820/45 mot tilsvarande meirinntekt på kapittel/post 4820/03. Meirinntekta utgjer 3 000 kroner.

Beløpa inngår i berekninga av mogleg beløp som kan overførast til neste år. Mogleg overføring til neste år er ei berekning, og NVE får tilbakemelding frå Energidepartementet om det endelege beløpet som blir overført til neste år.

Note C Oversikt over binding på framtidige års løyvingar

Avtalar om leige av kontorlokale*

Gjenverande varigheit per 31.12.	Årleg leigebeløp	Av løyvinga neste år	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varigheit inntil 1 år	48 196 574	12 542 795		12 542 795
Varigheit 1–5 år	6 431 548	6 431 548	8 075 126	14 506 674
Varigheit over 5 år	5 289 303	37 953 242	85 286 728	123 239 971
Totalt	59 917 425	56 927 586	93 361 854	150 289 440

Andre vesentlege leigeavtalar**

Gjenverande varigheit per 31.12.	Årleg leigebeløp	Av løyvinga neste år	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varigheit inntil 1 år	40 690 500	28 420 189		28 420 189
Varigheit 1–5 år	14 491 687	14 491 687	29 663 814	44 155 501
Varigheit over 5 år				
Totalt	55 182 187	42 911 876	29 663 814	72 575 690

Vesentlege avtalar om kjøp av tenester

Gjenverande varigheit per 31.12.	Årleg beløp	Av løyvinga neste år	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varigheit inntil 1 år	359 191 375	101 809 286		101 809 286
Varigheit 1–5 år	13 867 735	13 867 735	3 466 934	17 334 669
Varigheit over 5 år				
Totalt	373 059 111	115 677 021	3 466 934	119 143 955

*NVE har sju kontorleigeavtalar som løper, med bindingstid frå 3 til 12 månader. For desse lokala er leigeperioden i rapporteringa basert på den kontraktsfesta oppseiingstida, og ikkje på venta faktisk bruk. Vidare har NVE to kontorleigeavtalar som går ut i 2026, og der nye avtalar allereie er inngåtte for dei same lokala. I rapporteringa er desse avtalane difor delte i to kategoriar. Avtalane som går ut i 2026, er klassifiserte som avtalar med varigheit inntil eitt år. Dei nye avtalane som trer i kraft i 2026, er klassifiserte som avtalar med varigheit over fem år. Denne inndelinga inneber at det årlege leigebeløpet som kjem fram under avtalar med varigheit over fem år, framstår som vesentleg lågare enn beløpet som er oppgitt i kolonnen «Av neste års løyving», sidan beløpa er fordelte på ulike varigheitkategoriar.

** Andre vesentlege leigeavtalar gjeld lisensavtalar samt leige av bilar og maskiner.

Note D del I Spesifisering av netto rapportert direkte i kapitalrekneskapen (gjennom S-rapport) til Svalbardrekneskapen etter kapittel og post

Utgiftskapittel i Svalbardrekneskapen	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Rekneskap 2025
0007	Tilfeldige utgifter	30	Skred- og bustadtiltak	1 496 438
<i>Sum utgiftsfort i Svalbardrekneskapen</i>				1 496 438
<i>Sum netto rapportert direkte i kapitalrekneskapen (gjennom S-rapport) til Svalbardrekneskapen</i>				1 496 438

Note D del II Spesifisering av netto rapportert direkte i kapitalrekneskapen (gjennom S-rapport) til Svalbardrekneskapen etter art

Driftsutgifter rapporterte til Svalbardrekneskapen	2025	2024
Andre utbetalingar til drift	1 496 438	54 017 730
<i>Sum utbetalingar til drift</i>	1 496 438	54 017 730
<i>Netto rapporterte driftsutgifter</i>	1 496 438	54 017 730
<i>Sum netto rapportert direkte i kapitalrekneskapen (gjennom S-rapport) til Svalbardrekneskapen etter art</i>	1 496 438	54 017 730

Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2025		
	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter rapporterte til løyingsrekneskapen		
Innbetalinger frå gebyr	11 279 920	8 775 348
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	2 968 097	7 010 131
Sals- og leigeinnbetalningar	65 447 989	74 988 401
Andre innbetalningar	295 779	106 311
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>	<i>79 991 785</i>	<i>90 880 191</i>
Driftsutgifter rapporterte til løyingsrekneskapen		
Utbetalningar til lønn	845 639 779	747 428 320
Andre utbetalningar til drift	659 932 563	831 919 231
<i>Sum utbetalningar til drift</i>	<i>1 505 572 341</i>	<i>1 579 347 551</i>
Netto rapporterte driftsutgifter	1 425 580 556	1 488 467 360
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyingsrekneskapen		
Innbetaling av finansinntekter	2 905	52 964
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>	<i>2 905</i>	<i>52 964</i>
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyingsrekneskapen		
Utbetaling til investeringar	83 153 500	44 189 935
Utbetaling av finansutgifter	104 917	41 739
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>	<i>83 258 418</i>	<i>44 231 674</i>
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	83 255 512	44 178 710
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		
Innbetaling av sektoravgifter, tvangsmulkt, straffegebyr m.m.	385 528 576	376 257 964
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</i>	<i>385 528 576</i>	<i>376 257 964</i>
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		
Utbetalningar av tilskot og støtte	6 418 551 928	4 146 595 198
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>	<i>6 418 551 928</i>	<i>4 146 595 198</i>
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel		
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	1 383 599	1 232 586
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	101 607 220	92 075 718
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	134 485 963	145 308 599
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>	<i>31 495 144</i>	<i>52 000 295</i>
Netto rapportert til løyingsrekneskapen	7 573 354 565	5 354 983 599

Oversikt over mellomverande med statskassa

	31.12.2025	31.12.2024
Egedelar og gjeld		
Fordringar på tilsette	647 635	386 971
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-36 002 973	-29 136 698
Skuldige offentlege avgifter	-3 344 514	-3 298 686
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse *	-28 629 439	-26 788 928
Mottekne forskotsbetalningar	-3 207 634	-2 980 893
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn m.m.)	78 475	107 152
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalningar	-1 475	-183 484
Sum mellomverande med statskassa	-70 459 926	-61 894 566

* Pensjonstrekket i lønna til dei tilsette (2%) på konto 263 inngår også på denne linja.

6.4 PRINSIPPNOTE – VERKSEMDSREKNESKAP

NVEs verksemdsrekneskap er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). NVE gjekk over til å rapportere verksemdsrekneskapen etter SRS frå og med 2025 slik at det er ikkje samanlikningstal frå førre år under resultatrekneskapen.

6.4.1 Opningsbalanse

Ved utarbeiding av opningsbalansen er immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar verdsette til verkeleg verdi eller gjenanskaffingsverdi justert for ukurans. Eigeninnsats knytt til utvikling av immaterielle eigedelar inngår ikkje i verdisetjinga av desse.

Gjenanskaffingsverdi for ein eigedel er beløpet det vil koste dersom ein skulle skaffe eigedelen i dag, vurdert til same kvalitet, standard og funksjonalitet som den eksisterande eigedelen.

Dei ulike typane målestasjonar som NVE har, er klassifiserte som infrastruktur, og i opningsbalansen er dei sette til ein verdi per stasjon.

Det er ikkje lagt inn avskrivingsbeløp i opningsbalansen.

Omløpsmidlar er verdsette til gjenanskaffingsverdien eller den verkeleg verdien. Kortsiktig gjeld er verdsett til pålydande.

6.4.2 Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når ho er opptent. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet der risiko og kontroll er overført til kjøparen. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

6.4.3 Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatførte etter prinsippet om motsett samanstilling. Det inneber at vi resultatfører inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar i takt med at vi utfører aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene, det vil seie i same periode som kostnadene kjem (motsett samanstilling).

Bruttobudsjetterte verksemder har ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir berekna som differansen mellom kostnadene i perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null.

6.4.4 Kostnader

Kostnader som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som tilhøyrande inntekt.

Kostnader som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

6.4.5 Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemdar skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK).

Verksemda resultatfører arbeidsgivardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemdar. Frå 1. januar 2022 betaler verksemda ein verksemdsspesifikk hendingsbasert arbeidsgivardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, betyr at han blir berekna ut frå forholda i kvar enkelt verksemd, ikkje for grupper av verksemdar samla. At han er hendingsbasert, betyr at han tar omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden i verksemda, slik at premiereserven er à jour med oppteninga til medlemmen. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

6.4.6 Leigeavtalar

Verksemda har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

6.4.7 Klassifisering og vurdering av anleggsmidlar

Anleggsmidlar er varige og store eigedelar som blir disponerte av verksemda. Med varige eigedelar siktar ein til eigedelar med utnyttbar levetid på tre år eller meir. Med store eigedelar er det meint eigedelar med ein anskaffingskost på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmidlane er balanseførte til anskaffingskost fråtrekt avskrivningar.

Kontorinventar, møteromsinventar og PC-ar med tilhøyrande skjerm og dokkingstasjon med utnyttbar levetid på tre år eller meir er balanseførte som egne grupper.

Målestasjonane til NVE er sette til ei levetid på 50 år. Alle kjøp av komponentar til vedlikehald blir kostnadsførte.

Varige driftsmidlar blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting, dersom den verkelege verdien er lågare enn den balanseførte verdien.

6.4.8 Eigenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Kostnader som gjeld bruk av egne tilsette i samband med applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare, er ikkje balanseførte.

6.4.9 Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar / langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

6.4.10 Behaldning av varer og driftsmateriell

Behaldningar omfattar driftsmateriell som blir nytta i eller utgjer ein integrert del av den offentlege tenesteytinga for verksemda. Behaldningar av driftsmateriell er verdsette til anskaffingskost.

6.4.11 Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av kvar enkelt fordring.

6.4.12 Kapitalen til staten

Kapitalen til staten utgjer nettobeløpet av egedelane og gjelda for verksemda, og kjem fram i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemder presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja avrekna med statskassa.

6.4.13 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten blir presenterte etter kontantprinsippet.

6.4.14 Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten blir presenterte etter kontantprinsippet.

6.4.15 Statlege rammevilkår

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er følgeleg ikkje inkludert postar i balanse eller resultatrekneskap som skal reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Konsernkontoordninga i staten

Statlege verksemder er omfatta av konsernkontoordninga i staten. Konsernkontoordninga inneber at alle daglege innbetalingar og utbetalingar blir gjorde opp mot oppgjerskontoane for verksemda i Noregs Bank.

Verksemda får ikkje tilført likvidar gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen. For bruttobudsjetterte verksemder blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto i Noregs Bank nullstilt ved overgang til nytt rekneskapsår.

6.5 VERKSEMDSREKNESKAPEN

Resultatrekneskap		
	Note	31.12.2025
Driftsinntekter		
Inntekt frå løyvingar	1	1 469 701 165
Inntekt frå tilskot og overføringar	1	2 697 097
Inntekt frå gebyr	1	10 444 920
Sals- og leigeinntekter	1	69 476 839
Andre driftsinntekter	1	214 390
<i>Sum driftsinntekter</i>		<i>1 552 534 412</i>
Driftskostnader		
Varekostnader	2	67 517 269
Lønnskostnader	3	845 611 628
Avskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	4,5	63 472 119
Nedskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar*	4,5	0
Andre driftskostnader	6	575 831 376
<i>Sum driftskostnader</i>		<i>1 552 432 392</i>
Driftsresultat		102 020
Finansinntekter og finanskostnader		
Finansinntekter	7	2 905
Finanskostnader	7	104 925
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		<i>-102 020</i>
Resultat av aktivitetane i perioden		0
Avrekningar og disponeringar		
Avrekning med statskassa (bruttobudsjetterte)	8A	0
<i>Sum avrekningar og disponeringar</i>		<i>0</i>
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		
Avgifter og gebyr direkte til statskassa	9	385 528 576
Avrekning med statskassa innkrevjingsverksemd		385 528 576
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		<i>0</i>
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		
Tilskot til andre	10	6 418 551 928
Avrekning med statskassa tilskotsforvaltning		6 418 551 928
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		<i>0</i>

Sidan det er første året NVE rapporterer etter SRS, er nedskrivningar ikkje vurdert.

Balanse			
	Note	31.12.2025	01.01.2025
EIGEDLAR			
A. Anleggsmidlar			
I Immaterielle egedelar			
Programvare og liknande rettar	4	148 054 775	121 102 448
<i>Sum immaterielle egedelar</i>		<i>148 054 775</i>	<i>121 102 448</i>
II Varige driftsmidlar			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	5	48 114 472	48 278 528
Maskiner og transportmiddel	5	41 947 313	44 332 198
Drifts lausøyre, inventar, verktoy og liknande	5	45 783 274	48 284 182
Infrastrukturegedelar	5	89 381 880	91 206 000
<i>Sum varige driftsmidlar</i>		<i>225 226 939</i>	<i>232 100 908</i>
Sum anleggsmidlar		373 281 714	353 203 356
B. Omløpsmidlar			
I Behaldning av varer og driftsmateriell			
Behaldning av varer og driftsmateriell	11	1 423 500	1 423 500
<i>Sum behaldning av varer og driftsmateriell</i>		<i>1 423 500</i>	<i>1 423 500</i>
II Fordringar			
Kundefordringar	12	2 891 197	2 718 917
Opprente, ikkje fakurerte inntekter	13	11 685 224	7 542 000
Andre fordringar	14	29 545 795	17 231 007
<i>Sum fordringar</i>		<i>44 122 217</i>	<i>27 491 924</i>
Sum omløpsmidlar		45 545 717	28 915 424
Sum egedelar drift		418 827 431	382 118 780
IV Fordringar som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringar			
Fordringar som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	9	-330 281	486 285
<i>Sum fordringar som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringar</i>		<i>-330 281</i>	<i>486 285</i>
Sum egedelar		418 497 149	382 605 065

Balanse			
	Note	31.12.2025	01.01.2025
KAPITALEN TIL STATEN OG GJELD			
C. Kapitalen til staten			
I Verksemdskapital			
<i>Sum verksemdskapital</i>		<i>0</i>	<i>0</i>
II Avrekningar			
Avrekna med statskassa (bruttobudsjetteterte)	8A	174 236 816	142 108 602
<i>Sum avrekningar</i>		<i>174 236 816</i>	<i>142 108 602</i>
Sum kapitalen til staten		174 236 816	142 108 602
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktingar			
Avsetningar langsiktige forpliktingar			
<i>Sum avsetningar for langsiktige forpliktingar</i>		<i>0</i>	<i>0</i>
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		35 977 455	43 874 386
Skuldig skattetrekk		36 002 973	29 135 149
Skuldige offentlege avgifter		18 470 966	18 558 110
Avsette feriepengar		76 962 420	64 710 445
Motteken forsoktsbetaling	13	3 207 634	2 980 893
Anna kortsiktig gjeld	15	73 638 886	94 224 170
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>		<i>244 260 333</i>	<i>253 483 154</i>
Sum gjeld		244 260 333	253 483 154
Sum kapitalen til staten og gjeld		418 497 149	395 591 756
IV Gjeld som gjeld tilskotsforvaltning og andre overføringar			
Gjeld som gjeld tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	10	0	-133 691
<i>Sum gjeld som gjeld tilskotsforvaltning og andre overføringar</i>		<i>0</i>	<i>-133 691</i>
Sum kapitalen til staten og gjeld		418 497 149	395 458 065

Note 1 Driftsinntekter	
	31.12.2025
Inntekt frå løyvingar*	
Inntekt frå løyvingar	1 469 701 165
Sum inntekt frå løyvingar	1 469 701 165
<p>*Etter dei statlege rekneskapsstandardane blir inntekt frå løyvingar for bruttobudsjetterte verksemdar berekna som differansen mellom kostnadene i perioden og dei opptente transaksjonsbaserte inntektene og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null. Sjå oppstillinga av løyvingsrapporteringa for å få meir informasjon om mottatte løyvingar.</p>	
Inntekt frå tilskot og overføringar	
Tilskot frå Noregs forskingsråd	394 286
Tilskot frå andre statlege verksemdar	2 291 372
Tilskot frå EU	11 439
Sum inntekt frå tilskot og overføringar	2 697 097
Inntekt frå gebyr	
Hydrologiske målingar og tilsyn med utanlandskonsesjonar	10 444 920
Sum inntekt frå gebyr	10 444 920
Sals- og leigeinntekter	
Salsinntekt, avgiftspliktig	23 743 532
Salsinntekt, avgifts fri	45 161 357
Salsinntekt, unnateke avgiftsplikt	557 551
Leigeinntekter	14 400
Sum sals- og leigeinntekter	69 476 839
Andre driftsinntekter	
Gevinst ved avgang av anleggsmidlar	49 790
Anna driftsrelatert inntekt	164 600
Sum andre driftsinntekter	214 390
Sum driftsinntekter	1 552 534 412

Note 2 Varekostnader	
	31.12.2025
Arbeid utført av entreprenører, sikringstiltak *	56 595 714
Stein og lausmassar, sikringstiltak	9 278 453
Andre varekostnader, sikringstiltak	1 643 102
Sum varekostnader	67 517 269

På grunn av ei pågåande tvistesak er det tatt imot fakturaer på om lag 18 mill. kroner som ikkje er bokførte i rekneskapen.

Note 3 Lønnskostnader, årsverk og andre ytingar	
	31.12.2025
Lønn	632 688 283
Feriepengar	77 700 601
Arbeidsgivaravgift	101 599 625
Pensjonskostnader*	54 755 922
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-30 183 137
Andre ytingar	9 050 335
Sum lønnskostnader**	845 611 628

Mengd utførte årsverk hittil i år:	719
---	------------

Lønn og andre ytingar til verksemdsleiar***	
	2025
Fast lønn	2 138 108
Andre ytingar	9 918
Sum utbetalingar	2 148 026

* Premiesatsen for arbeidsgivardelen utgjorde i 2025 8,1 prosent (arbeidsgivardel av pensjonspremie på artskonto 542 / pensjonsgrunnlaget i 2025 rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2024 (kontant) utgjorde premiesatsen 10,4 prosent.

**Frå lønnsystemet er det berekna om lag 0,87 mill. kroner for mykje i avsetning for reise- og overtid. Dette beløpet blir ikkje rekna som vesentleg for verksemdsrekneskapen.

***Beløpa i tabellen viser lønn og ytingar til verksemdsleiaren i rekneskapsåret. Verksemdsleiaren har elles berre tatt imot avtalt fastlønn, og det ligg ikkje føre særlege avtalar som kan føre til framtidige utbetalingar utover ordinært regelverk og avtaleverk.

Note 4 Immaterielle egedelar		
	Programvare og liknande rettar	Sum
Anskaffingskost 01.01.	121 102 448	121 102 448
Tilgang i året	61 300 138	61 300 138
<i>Anskaffingskost</i>	182 402 586	182 402 586
Akkumulerte avskrivningar 01.01. *	0	0
Ordinære avskrivningar i året	34 347 811	34 347 811
Balansført verdi 31.12.2025	148 054 775	148 054 775
Avskrivningssatsar (levetider)	5 år lineært	

* NVE valde ved opningsbalansen å ikkje leggje inn beløp for avskrivningar.

Note 5 Varige driftsmidlar						
	Tomter	Bygningar og annan fast eigedom	Maskiner og transportmiddel	Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	Infrastruktur-eigedelar *	Sum
Anskaffingskost 01.01.	10 100 000	38 178 528	44 332 198	48 284 182	91 206 000	232 100 908
Tilgang i året	0	1 128 302	8 430 786	13 197 625	0	22 756 714
Avgang anskaffingskost i året (-)	0	0	-370 807	-256 764	0	-627 571
<i>Anskaffingskost</i>	10 100 000	39 306 831	52 392 177	61 225 044	91 206 000	254 230 051
Akkumulerte avskrivningar 01.01. **	0	0	0	0	0	0
Ordinære avskrivningar i året	0	1 292 359	10 501 869	15 505 960	1 824 120	29 124 308
Akkumulerte avskrivningar avgang i året (-)	0	0	-57 005	-64 191	0	-121 196
Balansført verdi 31.12.2025	10 100 000	38 014 472	41 947 313	45 783 274	89 381 880	225 226 939
Avskrivningssatsar (levetider)	Inga avskrivning	15-60 år lineært	8-10 år lineært	3-15 år lineært	50 år	
Avhending av varige driftsmidlar i 2025:						
Salssum ved avgang anleggsmidlar	0	0	120 000	0	0	120 000
- Bokført verdi avhenda anleggsmiddel	0	0	-313 802	-192 573	0	-506 375
= Rekneskapsmessig gevinst/tap	0	0	-193 802	-192 573	0	-386 375

* NVEs ulike typar målestasjonar blir klassifiserte som infrastruktur, og ved opningsbalansen pr 01.01.25 blei det sett ein verdi per stasjon. Alt kjøp av komponentar til vedlikehald av målestasjonane gjennom året blir kostnadsført.

** NVE valde ved opningsbalansen å ikkje leggje inn beløp for avskrivningar.

Note 6 Andre driftskostnader	
	31.12.2025
Husleige	73 603 620
Vedlikehold av egne bygg og anlegg	565 653
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	872 813
Andre kostnader til drift av eiendom og lokale	6 256 240
Leige maskiner, inventar og liknande	63 120 008
Mindre utstyrsanskaffingar	28 447 452
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	5 915 856
Kjøp av konsulenttenester*	310 480 777
Kjøp av andre framande tenester	13 819 065
Reiser og diett	33 594 521
Tap og liknande**	1 352 486
Andre driftskostnader	37 802 885
Sum andre driftskostnader	575 831 376

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leigeavtaler ***

Gjenverande varigheit	Type eigedel					Sum
	Immaterielle eigedelar	Tomter, bygningar og annan fast eiendom	Maskiner og transportmiddel	Driftslausøyre, inventar, verktoy og liknande	Infrastruktur-eigedelar	
Varigheit inntil 1 år	30 801 880	54 063 794	8 758 580			93 624 254
Varigheit 1–5 år	7 086 326	8 179 564	7 405 361			22 671 251
Varigheit over 5 år		8 390 640				8 390 640
Kostnadsført leigebetaling for perioden	37 888 206	70 633 998	16 163 941	0	0	124 686 145

* Kostnad på 3,987 mill. kroner til Statsbygg i samband med nye kontraktar for hovudkontoret i Oslo og regionkontoret i Tønsberg. Av kostnaden gjeld 190 000 kroner tenester frå Statsbygg. Det resterande gjeld vidarefakturering av tenester frå arkitektane og rådgiving til organisasjonsutvikling.

** Tap og liknande gjeld sakskostnader i samband med overføring av konsesjonar frå Statnett til Linja, og dessutan vasskade på to servere m.m.

*** Grunna eit stort tal leverandørar og avtalar knytte til immaterielle eigedelar, og dessutan maskiner og transportmiddel, blei det berre rapportert kostnader til avtalar som utgjer 80 prosent av den samla kostnadsmassen.

Verksemda har 19 husleigeavtalar. Av desse har 4 avtalar ei varigheit på 1–5 år, 4 avtalar ei varigheit på over 5 år, og dei resterande avtalane har ei varigheit på

Note 7 Finansinntekter og finanskostnader	
	31.12.2025
Finansinntekter	
Valutagevinst (agio)	2 905
Sum finansinntekter	2 905
Finanskostnader	
Rentekostnad	104 925
Sum finanskostnader	104 925

Note 8A Samanheng mellom avrekna med statskassa og mellomvære med statskassa (bruttobudsjetterte verksemdar)

A) Forklaring til at resultatet i perioden ikkje er lik endring i avrekna med statskassa i balansen (kongruens avvik)

	31.12.2025	01.01.2025	Endring*
Avrekna med statskassa i balansen	174 236 816	142 108 602	32 128 213
<p>Bakgrunnen for at resultatet i perioden ikkje er lik endring i avrekna med statskassa i balansen for bruttobudsjetterte verks emder, er at konsernkontoane i Noregs Bank inngår som ein del av avrekna med statskassa i balansen. I tillegg blir enkelte transaksjonart att i betraktning som ikkje er knytte til drifta og transaksjonane for verksemda som ikkje medfører ut- eller innbetaling. Nedanfor viser vi dei ulike postane som er grunnen til at endring i avrekna med statskassa i balansen ikkje er lik resultatet i perioden.</p>			
Endring i avrekna med statskassa			
<i>Konsernkontoar i Noregs Bank</i>			
Konsernkonto utbetaling			-8 069 682 041
Konsernkonto innbetaling			504 892 836
Netto trekk konsernkonto			-7 564 789 205
<i>Innbetalningar og utbetalingar som ikkje inngår i verksemda drift (er gjennomstrøymingspostar)</i>			
- Innbetaling innkrevjingsverksemd og andre overføringar			-385 528 576
+ Utbetaling tilskotsforvaltning og andre overføringar			6 418 551 928
<i>Bokføringar som ikkje går over bankkonto, men direkte mot avrekning med statskassa</i>			
+ Inntektsført frå løyving (underkonto 1991)			1 469 701 165
- Gruppeliv/arbeidsgivaravgift (underkonto 1985 og 1986)			-102 990 819
+ Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)			132 927 293
<i>Andre avstemmingspostar</i>			
Spesifikasjon av andre avstemmingspostar			0
<i>Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto</i>			-32 128 213
Resultat av aktivitetane i perioden før avrekning mot statskassa			0
Sum endring i avrekna med statskassa *			-32 128 213

*Sum endring i avrekna med statskassa skal stemme med endringa i perioden ovanfor.

Note 8B Samanheng mellom avrekna med statskassa og mellomvære med statskassa (bruttobudsjetterte verksemdar)

B) Forskjellen mellom avrekna med statskassa og mellomvære med statskassa

	31.12.2025 Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassa	31.12.2025 Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomvære med statskassa	Forskjell
Immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar			
Immaterielle eigedelar	148 054 775	0	148 054 775
Varige driftsmidlar	225 226 939	0	225 226 939
Sum	373 281 714	0	373 281 714
Omløpsmidlar			
Beholdningar av varer og driftsmateriell	1 423 500	0	1 423 500
Kundefordringar	2 891 197	0	2 891 197
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	11 685 224	0	11 685 224
Andre fordringar	29 545 795	647 635	28 898 161
Fordringar som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	-330 281	0	-330 281
Sum	45 215 435	647 635	44 567 801
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-35 977 455	0	-35 977 455
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-36 002 973	-38 447 091	2 444 118
Skuldige offentlege avgifter	-18 470 966	-3 344 514	-15 126 451
Avsette feriepengar	-76 962 420	0	-76 962 420
Mottatt forskotsbetaling	-3 207 634	-3 207 634	0
Anna gjeld til tilsette	-38 266 587	0	-38 266 587
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgivarandel	0	-26 185 321	26 185 321
Anna kortsiktig gjeld	-35 372 299	77 000	-35 449 298
Gjeld som gjeld tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	0	0	0
Sum	-244 260 333	-71 107 560	-173 152 773
Sum	174 236 816	-70 459 926	244 696 742

Mellomvære med statskassa består av kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsrekneskapen (S-rapport). Avrekna med statskassa viser finansieringa av dei netto eigedelane for verksemda og gjeld.

Note 9 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	
	31.12.2025
Innkrevjing av sektoravgifter, tvangsmulkt, straffegebyr m.m.	385 528 576
Skattar og avgifter, renteinntekter og utbytte m.m.	385 528 576
Sum avgifter og gebyr direkte til statskassa	
Fordringar som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringer	31.12.2025
Differanse innkrevjing *	-330 281
Avsett til forventa tap (-)	-330 281

* Dette gjeld tap frå tidlegare år og blir korrigert i rekneskapen for 2026.

Note 10 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	
	31.12.2025
Kap. 1820 post 60 Tilskot til flaum- og skredførebygging (til kommunar)	46 246 206
Kap. 1820 post 61 Tilskot til krise- og hastetiltak	84 393 213
Kap. 1820 post 62 Tilbakeføring av produksjonsavgift frå landbasert vindkraft	332 899 996
Kap. 1820 post 72 Tilskot til flaum- og skredførebygging (til private)	1 000 000
Kap. 1820 post 73 Tilskot til utjamning av overføringstariffar	17 999 999
Kap. 1820 post 74 Tilskot til museums- og kulturminnetiltak	9 100 000
Kap. 1820 post 75 Støtte til hushald for ekstraordinære straumutgifter	4 369 451 170
Kap. 1820 post 76 Støtte til hushald av nærvarmeanlegg	1 033 786
Kap. 1820 post 77 Noregspris for straum	1 470 559 018
Kap. 1820 post 78 Noregspris for fjemvarme	78 567 641
Kap. 1820 post 79 Straumstøtte fjemvarme	7 300 899
Sum tilskot til andre	6 418 551 928

Note 11 Behaldning av varer og driftsmateriell		
	31.12.2025	01.01.2025
Behaldning av driftsmateriell	1 423 500	1 423 500
Sum behaldning av varer og driftsmateriell	1 423 500	1 423 500

Note 12 Kundefordringar		
	31.12.2025	01.01.2025
Kundefordringar til pålydande	2 891 197	2 718 917
Avsett til forventa tap (-)	0	0
Sum kundefordringar	2 891 197	2 718 917

Note 13 Opptente, ikkje fakturerte inntekter / Mottatt forskotsbetaling		
Opptente, ikkje fakturerte inntekter (fordring)		
	31.12.2025	01.01.2025
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	11 685 224	7 542 000
Sum opptente, ikkje fakturerte inntekter	11 685 224	7 542 000
Mottatt forskotsbetaling (gjeld)		
	31.12.2025	01.01.2025
Mottatt forskotsbetaling	3 207 634	2 980 893
Sum mottatt forskotsbetaling	3 207 634	2 980 893

Note 14 Andre kortsiktige fordringar		
	31.12.2025	01.01.2025
Forskotsbetalt lønn	507 552	30 000
Reiseforskot	73 512	68 197
Personallån	66 571	288 774
Forskotsbetalt leige	21 716 056	3 578 063
Andre forskotsbetalte kostnader	781 086	10 954 000
Andre fordringar	6 401 019	2 311 973
Sum andre kortsiktige fordringar	29 545 795	17 231 007

Note 15 Anna kortsiktig gjeld		
	31.12.2025	01.01.2025
Skuldig lønn	-78 475	-107 152
Anna gjeld til tilsette	38 266 587	45 999 738
Avsetning for lønnsoppgjjer*	0	12 853 000
Tillagde kostnader	35 450 773	32 572 000
Anna kortsiktig gjeld	0	2 906 584
Sum anna kortsiktig gjeld	73 638 886	94 224 170

* På bakgrunn av at lønnsoppgjjeret i staten for 2024 ikkje blei ferdigstilt før i slutten av november 2024, fekk ikkje verksemda utbetalt resultatet av lønnsoppgjjeret i 2024. Verksemda gjorde derfor eit estimat for lønnsavsetninga for det sentrale lønnsoppgjjeret (lokale og eventuelt sentrale tillegg) per 31.12.24. Avsetninga inkluderte også verksemda sitt eige bidrag til lønnsforhandlingar utover det som vart forhandla fram sentralt.

6.6 PROSJEKTRKESKAP

6.6.1 Digitaliseringsprogram og delprosjekt innanfor utviklingsporteføljen

Oppstillinga viser budsjett og rekneskap på delprosjekt under NVEs digitaliseringsprogram og utviklingsportefølje på kapittel 1820, post 21 og post 01:

Kap.	Post		Rekneskap 2023-2025	Rekneskap 2025	Budsjett 2026
1820	21	Digitalisering av KSU og av konsesjonsprosess, kontroll og tilsyn	117 197	53 679	86 203
1820	21	Kraftmarknadsmodellar og -utgreiingar, kraftsystem og nettanalysar	40 829	21 852	28 870
1820	21	Havvind – konsekvensutgreiing mv.	24 910	5 918	10 189
1820	21	IKT-utvikling	15 283	0	0
Sum			198 219	81 449	125 262

Sjå nærmare omtale av prosjekta på post 21 i delkapittel 3.5.2.

Kap.	Post		Rekneskap 2023–2025	Rekneskap 2025	Budsjett 2026
1820	01	IKT-utvikling	36 576	8 097	8 570
Sum			36 576	8 097	8 570

I 2025 bidrog midlane til å vidareutvikle og effektivisere eksisterande løysingar innanfor geodata og varslingsystem for naturfarar. NVEs digitale grunnmur, som består av kritiske system som krev eit akseptabelt sikkerheitsnivå, blei betydeleg styrkt. NVE jobbar kontinuerleg med å styrkje den digitale sikkerheita.

I tillegg blei ressursane nytta til å utvikle nye løysingar som kan gjenbrukast på fleire område i NVE. Ved gjenbruk av løysingar legg vi vekt på effektiviteten i både utvikling og forvaltning.

6.6.2 Havvind – strategisk konsekvensutgreiing og førebuing av havvindareal

I 2025 har NVE brukt totalt 5,9 mill. kroner til strategisk konsekvensutgreiing (SKU) av nye havvindområde og bestilling av fagutgreiingar. Arbeidet er ein del av førebuinga av opnings- og utlysingsprosessar for havvindareal. Ein stor del av midlane har gått til innkjøp av prosjektleiing og prosjektstøtte i arbeidet med SKU-en, fagrapportar, arbeidssamlingar for prosjektgruppa og reiser i samband med internasjonalt arbeid som støttar opp under førebuinga av opnings- og utlysingsprosessar for havvindareal.

6.6.3 Utgreiingar og utvikling av nye kraftmarknadsmodellar mv.

I 2025 har NVE brukt totalt 17,4 mill. kroner på utgreiingar og utvikling av nye kraftmarknadsmodellar. Det meste av midlane har gått til ekstra utviklingskapasitet gjennom kjøp av konsulentar som jobbar i prosjektgrupper saman med våre eigne faste tilsette. Prosjektgruppene har levert JULES, som er ein fritt tilgjengeleg kraftmarknadsmodell i open kjeldekode, modellrammeverket til ei automatisering av modellarbeid og resultatvisning, og EBM, som er ein modell for å framskrive framtidig energietterspurnad i bygg. Denne modellen blir også brukt til å rapportere om måloppnåing på energieffektivisering, og ytterlegare 0,86 mill. kroner av kostnadene ved utviklinga av EBM er førte på energieffektivisering.

6.7 SÆRSKILDE REKNESKAPSOVERSIKTER

6.7.1 Særskilt rekneskapsversikt kapittel 1825, post 21

NVE fekk 10 mill. kroner på kapittel 1825.21 til å styrkje det eksisterande arbeidet med energieffektivisering og til å hjelpe departementet med å følgje opp regjeringa sin handlingsplan for energieffektivisering. I tildelingsbrevet står det at tildelinga skal resultere i eit høgare aktivitetsnivå på området samanlikna med tidlegare år og dekkje tiltak for styrkt kompetanse og kapasitet (årsverk) innanfor energibruk og energieffektivisering. Tildelinga skal bidra til å styrkje datagrunnlaget og rapporteringa om energieffektivisering og også dekkje informasjons- og kompetansehevingstiltak retta mot kommunar og frivillig sektor.

Rekneskapa for 2025 viser at 9,8 mill. kroner er brukte til høgare aktivitet og til å styrkje arbeidet med energieffektivisering. Av dette er 4,8 mill. kroner brukte til lønn til årsverk som jobbar med energieffektivisering og energibruk, og 5 mill. kroner er summen for varer og tenester. Av desse har

0,86 mill. kroner gått til utvikling av energibruksmodellen som blir brukt til å rapportere på måloppnåing innanfor energieffektivisering. Underforbruket kjem av at det var planlagt fleire aktivitetar i 2025 som er blitt utsette for å kunne gjennomføre andre prioriterte oppdrag frå Energidepartementet. Aktiviteten er meir omfattande omtalt under delmål 2.8 og 3.2.

6.7.2 Særskilde rekneskapsversikter kapittel 1820, post 23

6.7.2.1 Internasjonal oppdragsverksemd

(tal i tusen - kontantrekneskap)

Kap. 1820, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemda – internasjonal verksemd						
Programnummer	Programnamn	Eksterne kostnader			Timekostnad ¹⁾	Sum 2025
		Reiser	Konsulentar	Andre kostnader		
32001	General assistance, Norad	4 514	1 527	562	9 175	15 778
32578	Uganda, ERA – NVE Technical Assistance Program	627	5 765	204	2 132	8 728
32579	Mosambik, Institutional Cooperation – fase 2	1 989	4 070	1 786	4 919	12 764
33039	Romania, EØS Energy	72	4	21	164	261
33040	Slovakia, EØS Climate Change	34	48	-	37	119
33041	Bulgaria, EØS Energy	23	2	-	147	172
33042	Polen, EØS Energy/Climate	19	1	8	61	89
33044	Kroatia, EØS Energy/Climate				27	27
33047	EØS-FMO, Other activities	18	26		69	113
33051	Romania Green Transition	1			64	65
33052	Slovakia Smart Adaptation	28		20	585	633
33053	Bulgaria Clean Energy Transition	33	10	10	78	131
33054	Poland Green Transition	103	11	9	568	691
33055	Croatia Renewable Energy	24			117	141
33056	Other activites				166	166
	Differanse med timar jobba og lønnskostnad					- 390
	Sum	7 485	11 464	2 620	18 309	39 488

1) Unntak er lønnskostnad til to utstasjonerte medarbeidarar i Mosambik (prosjekt 32579) for juli/august i 2025.

I 2025 blei ei rammeavtale for EØS-midlane avslutta og ei ny påbegynt. Vi rapporterer derfor for både nye og gamle aktivitetar. Timar på gammal rammeavtale er til og med april og timar for ny rammeavtale frå og med mai.

6.7.2.2 Hydrologisk oppdragsverksemd

(tal i tusen – kontantrekneskap)

Kap. 1820, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd - hydrologisk oppdragsverksemd					
Område	Eksterne kostnader			Interne lønnskostnader til områda	Sum 2025
	Reiser	Konsulentar	Andre kostnader		
Bremålingar, is og vassstemperatur	548	135	1 377	1 823	3 883
Stasjonsnett	240	71	2 486	5 581	8 378
Analysar/flaumberekningar/abonnement	74	62	216	1 459	1 811
FoU	374	5	195	3 319	3 893
Sum	1 236	273	4 274	12 182	17 965

Kontantrekneskapan for hydrologisk oppdragsverksemd viser 18 mill. kroner for 2025. Avvik mellom kontantrekneskapan og oppsettet ovanfor skuldast at indirekte kostnader er ein del av den interne lønnskostnaden.

6.8 TILSKOT OG TILSKOTSORDNINGAR

6.8.1.1 Kapittel 1820, post 60 Tilskot til flaum- og skredførebygging

NVE har i 2025 utbetalt tilskot på 45 mill. kroner. Dei største tilskota var til tiltak i Lillestrøm, Hå, Lindesnes, Trondheim og Ål kommunar. Fleire av utbetalingane var delutbetalingar til tiltak under utføring, og blir ferdige neste år. Utbetalingane er lågare enn forventta. Nedgangen i utbetalingane kjem av at ein del tiltak har fått utsett frist, og at fleire tiltak ikkje har blitt gjennomførte, slik at dei aktuelle kommunane har mista tilskotet.

6.8.1.2 Kapittel 1820, post 61 Tilskot til krise- og hastetiltak

NVE har i 2025 utbetalt tilskot til krise- og hastetiltak på 85,6 mill. kroner. Tilskota er i hovudsak knytte til krise- og hastetiltak i Innlandet og Buskerud fylke etter ekstremvêret «Hans» i 2023 og uvêret i september 2024, og tiltak på Vestlandet etter ekstremvêret «Jakob» i 2024.

6.8.1.3 Kapittel 1820, post 62 Fordeling av inntekt frå avgift på vindkraft

Skatteetaten krev inn ei særavgift for landbasert vindkraft på 2,37 øre per produsert kWh frå 1. januar 2025, endra frå 2,3 øre per kWh i 2024. Inntekta frå denne produksjonsavgifta blir tilbakeført gjennom utbetaling frå NVE til vertskommunane året etter avgiftsåret. I 2025 utbetalte NVE 333 mill. kroner i produksjonsavgift til vertskommunane for krafta som blei produsert i 2024. Den totale produksjonen av vindkraft i 2025 var 13,9TWh, om lag 0,6 TWh lågare enn i 2024.

6.8.1.4 Kapittel 1820, post 74 Tilskot til museums- og kulturminnetiltak

NVE har i 2025 utbetalt tilskot på 9,1 mill. kroner. Av totalen har 5,5 mill. kroner gått til å sikre nødvendig vedlikehald av freda anlegg. Desse midlane er fordelte med 5 mill. kroner til Telemarkskanalen og 0,5 mill. kroner til Kraftmuseet for kraftanlegget Tysso I. Museumstiltak har fått 3,6 mill. kroner fordelte på 1,8 mill. kroner til Skogmuseet og 1,8 mill. kroner til Kraftmuseet. Desse midlane går til eit årsverk, til formidling og dokumentasjon på kvart museum og dessutan til koordinering, utvikling og innhaldsproduksjon på nettstaden [Kraftlandet](#).

6.8.1.5 Kapittel 1820, post 75 Støtte til hushald for ekstraordinære straumutgifter

Straumstøtteordninga for hushald starta i desember 2021 for å redusere dei økonomiske konsekvensane av svært høge straumprisar. Reguleringsmyndigheita for energi (RME) forvaltar og fører tilsyn med ordninga, mens nettselskapa identifiserer kven som har krav på støtte, og betaler ut støtta. Hushalda får delar av straumutgiftene sine tilbake gjennom nettleiga. I 2025 utbetalte RME 4,38 mrd. kroner i straumstøtte, og sidan desember 2021 er det totalt utbetalt 50,88 mrd. kroner i straumstøtte. Vi har i 2025 behandla mange spørsmål og tvistar knytte til ordninga, og fører tilsyn med utbetalingane. I 2025 har RME engasjert eit revisjonsselskap for å kontrollere at utbetalingane er riktige, og at nettselskapa handterer ordningane på ein god måte.

6.8.1.6 Kapittel 1820, post 76 Støtte til hushaldskundar av nærvarmeanlegg

Talet på nye husstandar som har fått nærvarmestøtte i 2025, er 697. I tillegg var det 3 278 husstandar som søkte i 2023 og 2024, og som også har fått nærvarmestøtte i 2025. Samla nærvarmestøtte i 2025 var ca. 1,6 mill. kroner, og av dette beløpet blir 0,7 mill. kroner utbetalte i

januar for 4. kvartal 2025. Administrasjonskostnadene til Enova var på 32 900 kroner i 2025. I tillegg har NVE avsett om lag 0,5 årsverk til drift av ordninga.

6.8.1.7 Kapittel 1820, post 77 Noregspris for straum

I juni 2025 vedtok Stortinget den nye «lov om Norgespris og strømstønad til husholdninger». Lova tredde i kraft 1. oktober 2025 og gjeld for både straumstøtte og noregspris og skal vare ut 2029. Noregspris er ei frivillig ordning som gir ein fast straumpris på 40 øre/kWh (utan mva.) for hushald og fritidsbustader. Staten betaler differansen dersom spotprisen er høgare, mens kunden betaler dersom spotprisen er lågare. Avtalen er bindande ut 2026. Det er eit maksforbruk på 5 000 kWh for hushald og 1 000 kWh for fritidsbustader per måned. Støtte- eller prissikringsbeløpet blir trekt frå eller lagt til nettleiga eller eventuelt utbetalt dersom det overstig rekninga. Under ordninga med noregspris blei det utbetalt 1,46 mrd. kroner i 2025.

6.8.1.8 Kapittel 1820, post 78 Noregspris for fjernvarme (NY)

Straumstøtte og noregspris for fjernvarme er forvalta av NVE, og Enova er ansvarleg for inn- og utbetalingar til hushalda via dei enkelte fjernvarmeselskapa. I 2025 har NVE via Enova utbetalt 78,6 mill. kroner i prissikringsbeløp for noregspris for fjernvarme til 4 271 fjernvarmekundar, som tilsvara 118 677 husstandar. Dersom straumprisen er lågare enn 40 øre + mva, må hushalda betale inn mellomlegget. Dette har vi hatt berre eit tilfelle av. NVE har i denne samanhengen, via Enova, fått innbetalt 268 kroner og 55 øre i samband med Noregspris for fjernvarme i 2025.

6.8.1.9 Kapittel 1820 post 79 Straumstøtte for fjernvarme (NY)

Straumstøtte og Norgespris for fjernvarme er forvalta av NVE, og Enova er ansvarleg for utbetalingar til hushalda via dei enkelte fjernvarmeselskapa. I 2025 har NVE via Enova utbetalt 7,3 mill. kroner i straumstøtte for fjernvarme.

7 VEDLEGG TIL ÅRSRAPPORT 2025

7.1 VEDLEGG 1 RAPPORTERING PÅ LIKESTILLINGSUTGREIINGA

Registreringsskjema for tilstandsrapportering (kjønn) i Noregs vassdrags- og energidirektorat per 31. desember 2025 samanlikna med tal per 31. desember 2024.

		Kjønnsbalanse			Menn	Kvinner
		Menn %	Kvinner %	Total (N)		
Totalt i NVE	2025	52	48	779	73 262	71 223
	2024	52	48	746	70 237	68 380
Direktør	2025	57	43	7	130 349	131 028
	2024	57	43	7	125 349	125 889
Seksjonssjef	2025	51	49	35	98 514	96 783
	2024	52	48	35	93 307	93 381
Sjefingeniør	2025	59	41	44	88 224	80 646
	2024	69	31	29	88 001	82 298
Spesialrådgivar	2025	56	44	16	97 305	92 258
	2024	56	44	16	94 918	90 994
Forskar	2025	53	47	19	81 093	76 328
	2024	47	53	17	81 267	72 817
Senioringeniør	2025	65	35	203	73 941	73 883
	2024	62	38	171	71 928	71 881
Seniorrådgivar	2025	40	60	222	74 036	73 884
	2024	41	59	194	71 618	71 077
Overingeniør	2025	55	45	67	65 837	62 479
	2024	61	39	71	63 968	62 165
Rådgivar	2025	39	61	74	60 487	59 544
	2024	43	57	63	58 940	59 595
Førstekonsulent	2025	31	69	29	53 617	52 886
	2024	31	69	49	52 037	53 180
Avdelingsingeniør	2025	62	38	42	56 384	56 099
	2024	53	47	47	55 230	53 768
Seniorrådgivar	2025	50	50	4	51 792	56 458
	2024	18	82	11	49 891	51 463
Arbeidsleiar (tidl. formann)	2025	100	0	4	55 938	-

	2024	100	0	5	54 283	-
Fagarbeidar	2025	100	0	7	52 816	-
	2024	100	0	7	50 426	-

Kategoriar med berre éin tilsett er ikkje synleggjorde i oversikta. Det er éin tilsett på leiarlønnskontrakt som ikkje er synleggjord i denne oversikta.

		Kjønnsbalanse		
		Menn %	Kvinner %	Total (N)
Deltid	2025	34	66	38
	2024	33	67	39
Ufrivillig deltid	2025	0	0	0
	2024	0	0	0
Midlertidig tilsetjing	2025	45	55	22
	2024	43	57	14
Foreldrefråvær	2025	40	60	40
	2024	53	47	36

7.2 VEDLEGG 2 ÅRSRAPPORT FOR RME 2025



Reguleringsmyndigheten
for energi

Vedlegg 2

ÅRSRAPPORT 2025 Reguleringsmyndigheita for energi (RME)

Innhald

1. Del I: Melding frå leiaren.....	3
2. Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal	5
3. Del III: Aktivitetar og resultat i 2025	7
3.0 Hovudmål 1 RME skal fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem	7
3.1 Delmål 1 Ha god oversikt over utviklingstrekk i det europeiske energisystemet og politikk- og regelverksutviklinga i EU og korleis dette påverkar den norske energimarknaden.....	7
3.2 Delmål 2 Ha oppsyn med elektrisitetsmarknadene og bidra til effektive marknader gjennom utvikling og handheving av reguleringa	8
3.3 Delmål 3 Bidra til effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet gjennom utvikling og handheving av reguleringa	10
3.4 Delmål 4 Følgje opp den systemansvarlege gjennom utvikling og handheving av reguleringa	12
3.5 Delmål 5 Bidra til å sikre at innanlands distribusjonsnett for naturgass blir drifta på ein samfunnsmessig rasjonell måte	12
3.6 Særskilde oppgåver	13
3.7 Støtte til hushald for høge straumutgifter og innføring av Noregspris.....	14
3.8 Omtale av ressursbruk	15
4. Del IV: Styring og kontroll.....	15
5. Del V: Vurdering av framtida	16
6. Publikasjonslister.....	17

1. Del I: Melding frå leiaren

I årsrapporten for 2025 presenterer vi korleis Reguleringsmyndigheita for energi (RME) har arbeidd for å nå hovudmålet om å fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem, i tråd med tildelingsbrevet frå Energidepartementet. Samla sett viser resultatane våre god måloppnåing og effektiv bruk av ressursar.

RME har ansvar for å sikre at aktørane følgjer regelverket som gir like konkurransevilkår i kraftmarknaden og effektiv drift av straumnett. Som ei uavhengig eining i Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), med eige budsjett fastsett av Stortinget, har RME levert ein eigen årsrapport som supplerer årsrapporten til NVE, og som gir ei oversikt over aktivitetane og resultatane våre i 2025. Rekneskapen for RME er inkludert i årsrekneskapen for NVE.

Utvalde hendingar og utviklingstrekk i 2025

Auka systemdriftskostnader – og høgare og meir volatile ubalanseprisar

Dei nordiske systemansvarlege har gjort fleire større endringar i prosessane for systemdrifta i 2024 og 2025. Dette omfattar blant anna innføring av flytbasert kapasitetsberekning i døgnmarknaden, automatisert balansering og endringar i prosessen for å dimensjonere reservar. Endringane ser samla ut til å ha ført til høgare og meir volatile ubalanseprisar, og ein betydeleg auke i kostnadene for systemdrift. Systemansvarleg har derfor gjennomført ei rekkje tilpassingar i eigne prosedyrar, og det er venta at tiltaka vil redusere konsekvensane noko. Vi følgjer utviklinga tett og har løpande dialog med systemansvarlege i dei andre reguleringsmyndigheitene i Norden.

Raskare nettilknytning

Det kan ta lang tid å knyte nye kundar til straumnettet fordi kapasiteten er avgrensa. I 2024 sende vi fleire tilrådingar for betre utnytting av nettet og raskare tilknytning. Desse er no forskriftsfesta av Energidepartementet. RME har òg sendt ei tilråding til ED 31. oktober 2025 om utgreiing av betaling for kostnader i tilknytingsprosessen og justering av regelverket for anleggsbidrag. Dette kan bidra til å effektivisere tilknytingsprosessen og gi meir effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet.

Vidare har vi i 2025 samla inn data om kor mange modne kundar som ventar på tilknytning på ulike nettnivå. I 2026 vil vi arbeide vidare med metodar for å verdsetje kostnadene ved å la kundar stå i kø. Vi vil òg samle inn data om tidsbruk for tilknytning for kundar under 1 MW og publisere dette på nettsidene våre.

Tiltak for å styrkje reguleringa i sluttbrukarmarknaden

Energidepartementet har vedtatt fleire tiltak for å styrkje reguleringa i sluttbrukarmarknaden dei siste åra. Ei viktig oppgåve for RME i 2025 har vore å følgje opp både gjeldande og nytt regelverk. I 2024 gjennomførte vi eit tematisyn med alle kraftleverandørane som sel straum til hushaldskundar, og varsla brot på regelverket hos 68 av 69 leverandørar. Alle leverandørane har retta brota.

Nye krav til sikkert samtykke ved leverandørskifte og overtaking av anlegg tredde i kraft 1. juni 2025. Kraftleverandørane pliktar no å autentisere kunden med ei sikker innloggingsløyising og innhente eit elektronisk, dokumenterbart samtykke før kraftleveringsavtalen blir inngått. Hausten 2025 starta vi eit tilsyn for å kontrollere at leverandørane følgjer krava til sikkert samtykke, og at avtalane deira er samanhengande og oppfyller forskriftskrava.

Kompensasjonsordning for høge straumprisar og innføring av Noregspris

RME administrerer ordningane for straumstønad og Noregspris som blei innførte 1. oktober 2025. I 2025 utbetalte vi 4,38 mrd. kroner i straumstønad, og sidan desember 2021 er det totalt utbetalt 50,88 mrd. kroner. Under ordninga med Noregspris blei det utbetalt 1,46 mrd. kroner i 2025.


2. Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

RMEs oppgåver og ansvar følgjer av energilova og tilhøyrande forskrifter, blant anna forskrifta om netregulering og energimarknaden (NEM). RME skal òg utføre oppgåvene som reguleringsmyndigheit for gassmarknaden i Noreg i tråd med naturgasslova og naturgassforskrifta. RME er, i samsvar med vedtatte lov- og forskriftsendringar, organisert som ei eiga og uavhengig eining i NVE. Eininga har sitt eige budsjett fastsett av Stortinget gjennom løyvingsvedtak, jf. kap. 1820, post 26.

Vi skal bidra til å nå hovudmålet om å «fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem». Under hovudmålet har vi fem delmål:

RME skal

1. ha god oversikt over utviklingstrekk i det europeiske energisystemet og politikk- og regelverksutviklinga i EU og korleis dette påverkar den norske energimarknaden
2. ha oppsyn med elektrisitetsmarknadene og bidra til effektive marknader gjennom utvikling og handheving av reguleringa
3. bidra til effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet gjennom utvikling og handheving av reguleringa
4. følgje opp systemansvarleg gjennom å utvikle og handheve reguleringa
5. bidra til å sikre at innanlands distribusjonsnett for naturgass blir drifta på ein samfunnsmessig rasjonell måte



Figur 1: Organisasjonskart per 31. desember 2025

Oversikt over utvikling i talet på tilsette og årsverk

Tilsette og årsverk	2022	2023	2024	2025
Talet på tilsette i alt	67	68	72	73
Talet på utførte årsverk	59	61	65	69

Vi har 74 stillingsheimlar og har i 2025 utført 69 årsverk. Talet på tilsette er henta frå statistikken til SSB og er eit gjennomsnitt av alle månadene i året. Talet på utførte årsverk er årsverkstal som er justerte for ulike former for meirarbeid eller fråvær. Vi har i tillegg hatt fleire personar på

engasjement for å handtere auken i saksbehandling som følge av straumstønad og Noregspris. Engasjementa utgjorde om lag 3,8 utførte årsverk i 2025.

Utvalde volumtal og nøkkeltal

Vi omtaler volumtala nærmare under dei ulike hovudmåla og delmåla i del III Aktivitetar og resultat.

	2022	2023	2024	2025	Kommentar
Leverandørskifte hushald	610 874	281 260	264 675	256 880	Tala viser leverandørskifte per målepunkt, ikkje leverandørskifte per straukunde. Ein person eller organisasjon kan ha fleire målepunkt.
Leverandørskifte næringskundar	57 388	70 810	33 673	26 670	
Inntektsrammer inkl. Statnett	39,8 mrd.	42,1 mrd.	41,8 mrd.	41,4 mrd.	
Nettselskapas investeringar	15,9 mrd.	18,7 mrd.	18,6 mrd.		Sum aktiverte eigen- og bidragsfinansierte investeringar
Tariffar (øre/kWh)	34,89	34,13	38,62	38,04	Gjennomsnittleg nettleige ekskl. avgifter for hushalda i Noreg. Tal i øre/kWh.
Leveringspålitelegheit	99,989 %	99,974 %	99,985 %	99,985 %	
Forbruk elektrisitet	131,57 TWh	134,49 TWh	136,83 TWh	136,84 TWh	
Produksjon elektrisitet	144,11 TWh	152,26 TWh	155,31 TWh	159,25 TWh	
Døgnmarknad – totalt kjøp	122,42 TWh	130,19 TWh	130,45 TWh	131,89 TWh	Volumet som er handla i døgnmarknaden på Nord Pool eller EPEX, utan omsyn til om einingane har blitt handla bilateralt først.
Døgnmarknad – totalt sal	134,76 TWh	141,26 TWh	141,08 TWh	146,11 TWh	
Kjøp og sal av elektrisitet fordelt på primære handelsplassar i TWh					
Bilaterale avtalar – kjøp	61,92 TWh	66,72 TWh	65,97 TWh	71,54 TWh	
Bilaterale avtalar – sal	61,91 TWh	66,72 TWh	65,97 TWh	71,54 TWh	
Døgnmarknaden – kjøp	68,72 TWh	76,52 TWh	81,54 TWh	83,65 TWh	Kjelde: Statnett. Tala for «døgnmarknaden – kjøp» og «døgnmarknaden – sal» representerer volumet som stammar frå døgnmarknaden. Det vil seie at volumet som først er handla bilateralt, ikkje er inkludert i tala.
Døgnmarknaden – sal	81,08 TWh	88,15 TWh	91,67 TWh	98,08 TWh	
Intradagmarknaden – kjøp	1,55 TWh	1,49 TWh	1,55 TWh	1,56 TWh	I intradagauksjonane blei det selt 0,66 TWh og kjøpt 0,50 TWh.
Intradagmarknaden – sal	1,44 TWh	1,80 TWh	2,22 TWh	1,84 TWh	
NSL døgnmarknadsauksjon – kjøp	2,29 TWh	0,96 TWh	1,12 TWh	1,93 TWh	
NSL døgnmarknadsauksjon – sal ¹	5,32 TWh	9,31 TWh	11,14 TWh	11,30 TWh	

¹ NSL døgnmarknadsauksjon

3. Del III: Aktivitetar og resultat i 2025

3.0 Hovudmål 1 RME skal fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem

Det norske kraftsystemet er tett integrert med Norden og Europa, og energi- og klimapolitikken i EU påverkar oss. Vi jobbar aktivt med å påverke utviklinga av regelverk for å sikre norske interesser. Vi har også utvikla nasjonale reglar for kraftmarknaden gjennom forskriftsendringar og involvert bransjen gjennom høyringar, seminar og forum.

Året 2025 har vore prega av mange samtidige endringar i kraftmarknadene, men det norske marknadsdesignet har fungert godt. Vi har prioritert tilsynsaktivitet på utvalde område, som tilsyn med straumleverandørane, Elhub og AMS (avanserte måle- og styringssystem). Vi har også brukt reaksjonar og sanksjonar for å sikre at aktørane i kraftsystemet følgjer reglane, og har varsla fleire vedtak om gebyr for regelbrot.

Vi har sett inn tiltak for meir effektiv drift og utvikling av kraftsystemet, slik at investeringane i nettinfrastruktur ikkje blir for høge eller låge, og at nettet blir drifta kostnadseffektivt. Aktivitetane våre har bidratt til at brukarane får riktigare prissignal og kan gjere meir aktive val, for eksempel når det gjeld kva tid dei vil lade elbilen. Samtidig påverkar straumstønadsordninga og Noregspris (omtalt i kapittel 3.7) desse prissignala.

Effektar som elektrifisering og at brukarane ikkje må betale unødvendig høge kostnader for straumoverføring, er viktige resultat av aktivitetane våre.

3.1 Delmål 1 Ha god oversikt over utviklingstrekk i det europeiske energisystemet og politikk- og regelverksutviklinga i EU og korleis dette påverkar den norske energimarknaden

Det skjer store endringar i det nordiske og europeiske energisystemet, og kraftsystemet blir modernisert med nye reglar og metodar for å handtere elektrifisering, ny fornybar kraftproduksjon og meir effektkrevjande forbruk.

Kommisjonsforordningane under den tredje energimarknadspakka blei innlemma i EØS-avtalen og tok til å gjelde i Noreg 1. august 2021. Sein innlemming av EØS-relevant regelverk i norsk rett og kompleksiteten i regelverket gjer denne oppgåva krevjande. Dei andre europeiske reguleringsmyndigheitene følgjer no reglane i marknadsdesigndelen av «rein energi»-pakka, som er ei vidareutvikling og ein revisjon av dei opphavlege reglane.

Reguleringsmyndigheitene må bli einige om konkrete løysingar som systemansvarlege og kraftbørsar skal bruke i drifta av kraftsystemet, og som reguleringsmyndigheitene skal handheve. Dette er viktige løysingar for utviklinga av det framtidige energisystemet, inkludert utnytting av mellomlandskablar, verdiskaping i norsk regulerbar vasskraft og driftssikkerheit i Norden. Det er ressurskrevjande å komme fram til felles syn og vedtak blant reguleringsmyndigheitene, og det krev eit sterkt fagmiljø som kan delta aktivt i nordisk og europeisk samarbeid over tid.

Arbeidet med å følgje opp politikk- og regelverksutviklinga i EU har i 2025 vore prega av høgt tempo og ekstraordinære tiltak. Vi har følgd arbeidet gjennom europeisk og nordisk samarbeid og deltatt i arbeidsgrupper for å sikre gode løysingar.

3.2 Delmål 2 Ha oppsyn med elektrisitetsmarknadene og bidra til effektive marknader gjennom utvikling og handheving av reguleringa

RME har bidratt til effektive og transparente kraftmarknader på fleire måtar i 2025. Vi har arbeidd med å gjennomføre og implementere kommisjonsforordningar, foreslått forskriftsendringar og gjennomført tilsyn for å sikre at dei eksisterande regelverka blir følgde. Alt dette er med og bidrar til meir effektive kraftmarknader.

Å implementere kommisjonsforordningane med tilhøyrande vilkår og metodar har vore arbeidskrevjande dei siste åra. Forordningane om marknadsdesign, kapasitetsfastsetjing og systemdrift inneber at systemansvarlege og kraftbørsar har utvikla rundt 75 metodeforslag som er relevante for Noreg. Ved utgangen av 2025 var 65 av desse godkjende.

I tillegg har vi gjort eit omfattande arbeid med å utvikle nye og endre eksisterande vilkår og metodar knytte til system og marknad. Statnett og dei andre nordiske systemansvarlege har blant anna også førebudd ein ny nordisk balanseringsmodell med automatisering, finare tidsoppløysing og nye marknader for balansekapasitet (kap. 3.4). I denne samanhengen har vi samarbeidd tett med systemansvarlege og dei andre nordiske reguleringsmyndigheitene.

Vi fører tilsyn med marknads plassane i samarbeid med europeiske reguleringsmyndigheiter gjennom ACER. I tillegg har RME i 2025 hatt to oppfølgingsmøte direkte med Nord Pool. Koordinering og oppfølging er også gjennomført i møte mellom reguleringsmyndigheitene, børsane og systemoperatørane på europeisk nivå.

Vi har gjort fire vedtak om marknadsmanipulasjon i døgnmarknaden i 2025. To av desse vedtaka omfatta òg brot på plikta til å offentleggjere innsideinformasjon. I tillegg har vi gjort eit vedtak om brot på plikta til å offentleggjere innsideinformasjon, der vi gav eit brotgebyr på 1,5 mill. kroner. Vi har også gjort om lag tjuefem vedtak om tvangsmulkt. Regelbrota som har danna grunnlaget for vedtaka om tvangsmulkt, blei i hovudsak retta før mulkta tok til å gjelde. RME har tatt initiativ overfor ED til å starte opp forskriftsarbeid knytt til utmåling av straffegebyr, inkludert å fastsetje ei øvre ramme for slike gebyr. I mangel av ei slik forskrift er det no i ferd med å danne seg praksis for utmåling av lovbrotsgebyr.

Etter RMEs vedtak om endringar i vilkåra for Statnetts konsesjon for North Sea Link (NSL) har RME i 2025 vurdert relevante avtalar for den nye handelsløysinga og godkjent at Statnett kunne inngå desse. RME bad også Statnett om å sende forslag til oppdaterte vilkår for sambandet.

Nord Pool European Market Coupling Operator (NP EMCO) har konsesjon for drift av handelsløysinga på NSL. RME varsla vedtak overfor NP EMCO om å endre tiltaksplanen for reduksjon av fortjenestemargin. Dette blei gjort for å sikre at fortjenesta ikkje overstig rimeleg avkastning. NP EMCO endra tiltaksplanen slik at det ikkje blei nødvendig å gjere vedtak i saka.

Alle selskap som produserer eller sel straum, eller som eig og driv overføringsnett, må ha omsetningskonsesjon. Ved utgangen av 2025 hadde 813 selskap gyldig omsetningskonsesjon.

Konsesjonane gir oss oppdatert informasjon om selskapa i kraftbransjen og gjer det mogleg å føre kontroll med dei. Det blei innført nye vilkår for reine kraftleverandørar frå 2025 i samband med den nye konsesjonsperioden frå 2025 til og med 2028.

Energidepartementet har vedtatt fleire tiltak for å styrkje reguleringa i sluttbrukarmarknaden dei siste åra. Ei viktig oppgåve for oss har vore å følgje opp både nytt og eksisterande regelverk. Vi har samarbeidd tett med Forbrukartilsynet om reaksjonar overfor kraftleverandørar. I 2024 gjennomførte vi eit tematisyn med alle kraftleverandørane som sel straum til hushaldskundar, og varsla brot på regelverket hos 68 av 69 leverandørar. I 2025 har alle straumleverandørane retta brota.

Saksbehandlingstida for usemjesaker mellom kundar og kraft- og nettselskap er for lang på grunn av avgrensa ressursar. Dei fleste av oppdraga vi har fått frå departementet i 2024 og 2025, har vore nødvendig å løyse ved hjelp av erfarne medarbeidarar som vi heilt eller delvis har måtta trekkje ut av saksbehandlinga i periodar. Vi tilset stadig nye medarbeidarar på dette området, men det har samtidig vore relativt stor gjennomstrøyming. Vi har sett i verk tiltak for å effektivisere saksbehandlinga ved hjelp av meir einsarta saksbehandling, malar og standardtekstar. Vi jobbar iherdig med å få ned saksbehandlingstidene og har i 2025 lukka 1 692 saker og behandla 3.416 innsynskrav. Dei siste to åra har vi til saman lukka 3 906 saker og behandla 6 560 innsynskrav.

Frå 1. juni 2025 gjeld nye krav til sikkert samtykke ved leverandørskifte og overtaking av anlegg. Kraftleverandørane skal no autentisere kunden med ei trygg innloggingsløyising og hente inn eit elektronisk, dokumenterbart samtykke før avtalen blir inngått. For å bidra til ein trygg og oversiktleg sluttbrukarmarknad starta RME hausten 2025 eit tilsyn med kraftleverandørane. Dei må hindre at feilaktige bytte skjer, og sørge for at kraftleveringsavtalen er eitt samla dokument med nok informasjon.

Saman med bransjen har vi også starta eit prosjekt for å tilrå nye funksjonskrav for AMS 2.0 og greie ut bruk av sanntidsdata og innhenting av måledata. Målet er å foreslå oppdaterte krav som er tilpassa den teknologiske utviklinga og behova kundane og kraftsystemet har for fleksibilitet. Dette omfattar blant anna betre tilgang til eigne sanntidsdata for kundane, betre nettplanlegging, nettovervaking og meir effektiv drift av nettet, noko som kan gjere det enklare for forbrukarane å vere fleksible.

I 2025 har vi halde fram med ein tilsynsmethodikk som omfattar teknisk sikkerheitskontroll. Ved å basere tilsyna ikkje berre på intervju og dokumentanalyse, men også på teknisk kontroll, får vi eit betre inntrykk av den faktiske sikkerheitstilstanden. Vi har ført tilsyn med sikkerheta i AMS hos to nettselskap. Det generelle inntrykket er at sikkerheta er god, men den tekniske kontrollen har identifisert viktige manglar. Det viser at denne kontrollen er ein viktig del av tilsyna våre.

Som ei følge av store prisforskjellar mellom det nordlege og sørlege Noreg hadde Statnett ekstraordinært høge flaskehalsinntekter i 2025. Flaskehalsinntektene kjem kundane til gode ved at dei reduserer beløpet som Statnett hentar inn gjennom transmisjonsnettariffen. I tillegg innførte Energidepartementet ei ny ordning i 2022 der ein del av flaskehalsinntektene blir fordelt til nettselskap i distribusjons- og regionalnettet. Gjennom denne ordninga kjem flaskehalsinntektene kundane raskare til gode, og ordninga rettar seg mot område med høge straumprisar. Totalt har 1,3 mrd. kroner av flaskehalsinntektene blitt fordelte til underliggjande nettselskap i 2025, og dei har dekt selskapa sine nett-tapskostnader over 35 øre/kWh.

3.3 Delmål 3 Bidra til effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet gjennom utvikling og handheving av reguleringa

RME har i 2025 lagt til rette for større fleksibilitet for både produksjon og etterspurnad for å fremje effektiv drift og utvikling av kraftnettet. Vi har utvikla det nasjonale regelverket for energimarknaden gjennom å foreslå og vedta forskriftsendringar.

RME regulerer nettselskapa, som har monopol på å levere nettenester, og fastset årlege inntektsrammer for å sikre at elektrisk kraft blir overført med riktig kvalitet og til riktig pris. Varsla inntektsramme for 2026 er 44 mrd. kroner, og verdien av det samla straumnettet er nær 200 mrd. kroner. Vårt viktigaste verktøy for å fastsetje inntektsrammer på eit korrekt grunnlag er den elektroniske innrapporteringsløyisinga eRapp, som vi bruker til å samle inn data frå nettselskapa. Vi bruker òg eRapp til å hente inn informasjon frå om lag 600 andre omsetningskonsesjonærar med kraftsal eller kraftproduksjon som hovudaktivitet. Dataa er avgjerande for at vi kan ta hand om samfunnsoppdraget vårt gjennom tilsyn med aktørane i kraftbransjen og ved å leggje til rette for ein velfungerande energimarknad.

Vi har over tid arbeidd for å få til betre digital samhandling mellom nettselskapa. I 2023 etablerte dei største nettselskapa aksjeselskapet ElBits som ei permanent satsing på dette. Betre digital samhandling er viktig for å kunne drifte eksisterande nett meir effektivt og utvikle nettet raskare. Vi følgjer arbeidet til nettselskapa tett og bidrar strategisk og koordinerande i digitaliseringsforumet med ElBits, Statnett, NVE og RME. I 2024 innvilga vi nettselskapa eit samla tillegg til inntektsramma på 220 mill. kroner over perioden 2026–2027 for kostnader knytte til aktivitet og utvikling i ElBits. I 2025 har ElBits utvikla eit tiltak for raskare tilknytning ved å lage ei oversikt over kor det er ledig kapasitet i nettet. Det er utvikla kapasitetskart i WattApp som skal vise nettområda med ledig kapasitet (TILKO). Appen blir utvikla fortløpande.

RME har gitt Energidepartementet tilrådingar om moglege forskriftsendringar som skal bidra til kortare tilknytingskøar og raskare tilknytningar til nettet. Vi har tilrådd at nettselskapa skal bruke prosjektmodning som eit kriterium når dei vurderer førespurnader om ny eller auka nettkapasitet frå kundar. Vi har også tilrådd at nettselskapa må rapportere kor lang tid dei bruker på å knyte til nye kundar. Forskriftsendringane tredde i kraft 1. januar 2025. Vi har òg foreslått at nettselskapa skal setje av kapasitet til kundar med forbruk under 1 MW i regionalnettet og under 5 MW og mindre enn 20 GWh forbruk per år i transmisjonsnettet. Tiltaket blei lagt til i forskrift 17. juni og tredde i kraft 1. juli 2025 og skal sikre at vanleg forbruk ikkje blir ståande i kø på grunn av manglande kapasitet. Hushald og mindre næringskundar vil liggje under desse grensene. Det same gjeld også mange samfunnskritiske funksjonar.

Vi anbefalte òg at nettselskapa offentleggjer prinsippa for å vurdere om det er ledig kapasitet i nettet, eller om det først må gjerast investeringar (vurderingar av driftsmessig forsvarlegheit). Desse vurderingane er viktige for kor lenge kundane må vente på tilknytning, og kva kostnader som kan komme. Vi foreslo òg at ubrukt kapasitet kan takast tilbake i særlege tilfelle, men at terskelen for dette skal vere høg. Desse to tiltaka blei forskriftsfesta av ED med verknad frå 1. januar 2026.

Etter § 3-12 i forskrift om kraftomsetning og nettenester kan overskotsproduksjon av elektrisk energi frå fornybare energikjelder delast mellom målepunkt innanfor same eigedom. Energidepartementet sende i desember 2024 på høyring eit forslag til ny § 3-13 i forskrift om kraftomsetning og nettenester. Forskrift om kraftomsetning og nettenester § 3-13 opnar for deling av overskotsproduksjon mellom målepunkt innanfor eit næringsområde. I mars 2025 leverte vi ei

oppsummering av høyringsinnspela og ei fagleg tilråding. Forslaget blei vedtatt i juli 2025 og tredde i kraft januar 2026. Hausten 2025 hjelpte vi Energidepartementet med rettleiing knytt til det tredje leddet til føresegna, og vi fekk i desember 2025 i oppdrag å utarbeide og publisere ein rettleiar for delingsløyisingane.

Tema	§ 3-12 Deling innanfor same eigedom	§ 3-13 Deling innanfor same næringsområde
Geografisk avgrensing	Same gards-, bruks- og festenummer	Same næringsområde, som kan omfatte fleire eigedommar
Kven kan delta	Målepunkt tilknytte same eigedom	Målepunkt på same eller nærliggjande eigedommar i eit næringsområde
Krav til område	Ingen særskilde krav utover same eigedom	Avgrensa næringsområde med samlokalisert næringsverksemd, fellesfunksjonar og delt infrastruktur
Omfatta område	Alle typar eigedommar	Nærings- og industriparkar osv., ikkje generell næringsbusefnad i by- og sentrumsområde
Produksjonstype	Fornybar kraftproduksjon	Fornybar kraftproduksjon
Plassering av produksjonsanlegg	Ikkje regulert	På utbygd areal i næringsområdet
Effektgrense	Samla installert effekt avgrensa til 1 MW (AC) innanfor eigdommen	Samla installert effekt avgrensa til 5 MW (AC) innanfor næringsområdet

Nøytralitetsreglane skal hindre at selskap utnyttar omdømmet til nettselskapa gjennom eigarforhold. I 2025 førte vi tilsyn for å sikre at nettselskapa bruker eigne namn og kjenneteikn, og vi følgde opp vedtak om endring av føretaksnamn. Nøytralitet skal òg sikre uavhengige avgjerder i investeringar og drift. Nettføretak med over 100 000 kundar kan ikkje ha dei same leiarane som andre selskap i konsernet. I 2025 tydeleggjorde vi regelverket og gav rettleiing om korleis leiing og administrative tenester kan organiserast. Dette arbeidet held fram i 2026.

Talet på avbrot i kraftleveringa blir årleg rapportert til RME. Tala for 2025 viser at leveringskvaliteten har vore god – på 99,985 prosent. Vi har ført tilsyn med nettselskapa for å sjå korleis dei følgjer opp kundeklager som gjeld leveringskvalitet og saksbehandling. I tillegg har vi gjort vedtak i saker der konsesjonæren ikkje har overhalde plikter etter forskrift om systemansvaret i kraftsystemet. Dette er i all hovudsak saker om ikraftsetjing av anlegg utan vedtak frå den systemansvarlege (brot på § 14 i systemansvarsforskrifta). For å følgje utviklinga i bransjen når det gjeld leveringskvalitet, deltar vi blant anna på fagkonferansar og er medlem i fire nasjonale NEK-komitear (Norsk Elektroteknisk Komite). Vi er også fast medlem i ei referansegruppe for feil og avbrot.

I 2024 vedtok departementet endringar i leveringskvalitetsforskrifta, og endringane tok til å gjelde 1. januar 2025. Noko av det som blei endra, var reglane for korleis nettselskapa skal behandle saker der kundar er misfornøgdde med leveringskvaliteten. I tillegg vurderte vi om grenseverdiane for spenningskvalitetsparametrane burde endrast i tråd med grenseverdiane i europnorma for spenningskvalitet. For dei aller fleste grenseverdiane beheld vi strengare krav enn dei som er anbefalte i europnorma.

3.4 Delmål 4 Følgje opp den systemansvarlege gjennom utvikling og handheving av reguleringa

Auka elektrifisering, meir variabel fornybar energiproduksjon og tettare integrasjon av kraftsystema fører til store endringar i det norske og nordiske kraftsystemet. Det blir vanskelegare å halde balansen i systemet, og det trengst nye tiltak for å sikre effektiv drift. Statnett og dei andre nordiske systemansvarlege arbeider med å modernisere systemdrifta. Dette inkluderer ein ny balanseringsmodell med automatisering, finare tidsoppløysing og nye marknader for balansekapasitet. RME har i 2025 følgd dette arbeidet tett saman med dei andre nordiske reguleringsmyndigheitene.

I 2022 godkjende vi tre søknader frå Statnett om dispensasjon frå fristane for å implementere 15 minutt balanseavrekning og tilknytning til dei europeiske balanseplattformene MARI og PICASSO på grunn av forseinkingar i gjennomføringa av ein automatisert balansemarknad på nordisk og europeisk nivå. Vi utsette fristane til april og juli 2024, men seinare har det oppstått nye forseinkingar, og Statnett har ikkje nådd fristane. Hausten 2024 påla vi Statnett å implementere 15 minutt balanseavrekning innan 11. mars 2025, med varsel om tvangsmulkt.

Vi har i 2025 bygd opp kompetanse på kapasitetsberekning og nettmodellar for å følgje opp den systemansvarlege og ha effektiv marknadsovervaking. Kapasitetsfastsetjing er viktig for å optimalisere utnyttinga av transmisjonsnett og mellomlandssamband utan å gå på akkord med driftssikkerheita. Vi har følgd opp arbeidet med flytbasert kapasitetsberekning i Norden, som blei implementert i oktober 2024.

RME godkjenner også oppdateringar i Statnetts retningslinjer for systemansvaret. I 2025 har vi godkjent fleire oppdateringar.

RME arbeider med ein nasjonal metode for datautveksling mellom systemansvarleg, nettselskap og store nettbrukarar i samsvar med forordninga om systemdrift (SOGL) artikkel 40.5 (KORRR²). Statnett har ikkje levert metodeforslag til godkjenning enno, men vi rettleier dei i prosessen.

Vi sende rapporten *Driften av kraftsystemet 2024* til Energidepartementet i juni 2025. Rapporten gir oversikt over forhold som påverkar forsyningssikkerheita, slik som energisikkerheit, driftsutfordringar og spenningskvalitet. Vi har også halvårlege oppfølgingsmøte med Statnett om driftsplanlegging og marknadsutvikling.

I 2025 godkjende vi Statnetts bruk av flaskehalsinntekter for 2024 på mellomlandssambanda i EØS. Inntektene kom på 5 mrd. kroner.

3.5 Delmål 5 Bidra til å sikre at innanlands distribusjonsnett for naturgass blir drifta på ein samfunnsmessig rasjonell måte

RME er reguleringsmyndigheit for innanlandsk gassdistribusjon i Noreg, og Gasnor AS og Lyse Neo AS er utpeikte som systemoperatørar for sine respektive distribusjonsnett for gass. Naturgassmarknaden i Noreg er liten samanlikna med gassmarknaden i andre europeiske land, og reguleringa skal i størst mogleg grad tilpassast norske forhold.

I 2022 sende vi ut to vedtak: eitt om godkjenning av vilkår for tilgang til distribusjonsnett til Gasnor AS og balansenestene deira og eitt om fastsetjing av tariffar for tredjepartstilgang til

² [KORRR](#)

distribusjonsnettet til Gasnor AS. Vedtaka gav rammene for kva vilkår og metodar tredjepartar må rette seg etter for å få tilgang til distribusjonsnettet til Gasnor og balansenestene deira i 2023 og 2024. Vedtaka er i 2024 forlengde til ut 2025. Lyse Neo AS har hatt unntak frå tredjepartstilgang, og RME har forlengt dette unntaket ut 2025 med atterhald om godkjenning av EFTAs overvåkingsorgan (ESA).

3.6 Særskilde oppgåver

Gi tilskot til utjamning av overføringstariffar (kap. 1820, post 73)

Til saman seks nettselskap³ har i 2025 fått ei samla tariffstøtte på 18 mill. kroner, og 33 082 kundar har fått redusert nettleiga si med mellom 1,3 og 6,4 øre/kWh. Til saman 69 selskap hadde meir enn 300 kundar ved utgangen av 2025, og høgaste nettkostnad som ikkje fekk tariffstøtte, var på 89,89 øre/kWh⁴.

Støtte til hushald for høge straumutgifter og innføring av Noregspris

Se kapittel 3.7

Hjelpe departementet i arbeidet med å følgje opp *Regjeringens handlingsplan for raskere nettutbygging og bedre utnyttelse av nettet* og bidra til at nettselskapa skal kunne gi raskare tilknytning

På oppdrag frå Energidepartementet har vi vurdert regelverket for anleggsbidrag og sett på moglege løysingar for å forenkle regelverket og tilknytingsprosessen. Vi foreslår å avvikle anleggsbidrag i regional- og transmisjonsnett og innføre eit tilknytingsbidrag med standardsatsar som er like for heile landet. Det vil gi føreseielegheit både for næringslivet og for nettselskapa. Tiltådinga blei send til Energidepartementet 30. oktober 2025.

RME har i 2023 og 2024 også greidd ut, anbefalt og følgt opp bestillingar frå Energidepartementet på fleire tiltak som er omtalte i handlingsplanen til regjeringa, blant anna

- krav om at prosjektmodning skal vere eit kriterium når nettselskapa vurderer spørsmål om tilknytning
- føringar for kva forbruk som skal definerast som «vanleg forbruk»
- reglar som gir nettselskapa moglegheit til å redusere det maksimalt tillatne effektuttaket for kundane i særlege tilfelle
- krav til nettselskapa om å offentleggjere prinsipp og vurderingar om kva som er driftsmessig forsvarleg

Føre vidare arbeidet med digital samhandling i kraftsektoren

RME jobbar for å auke nettselskapas evne til å samhandle digitalt med kvarandre og med myndigheitene. I 2023 etablerte dei største nettselskapa ElBits AS som ei permanent satsing for å

³ DE Nett AS, Uvdal Kraftforsyning SA, Sør-Aurdal Energi AS, Bømlo Kraftnett AS, Modalen Kraftlag SA, Indre Hordaland Kraftnett AS og Sandøy Nett AS (som no er fusjonerte). Tilskotet går til selskap med høgast nettleige, når vi har tatt omsyn til avgifter. For å vere kvalifisert for tilskot må selskapet ha meir enn 300 kundar i lokalt distribusjonsnett.

⁴ Sør-Aurdal Energi AS hadde den høgaste nettkostnaden som ikkje fekk tariffstøtte.

betre den digitale samhandlinga. Det blei også etablert eit digitaliseringsforum med deltakarar frå ElBits, Statnett, NVE og RME for å sikre god dialog og erfaringsutveksling på eit strategisk nivå.

I 2023 innvilga RME nettselskapa eit tillegg til inntektsramma på 150 mill. kroner for perioden 2023–2024 for kostnader knytte til aktivitet og utvikling i ElBits. I 2024 innvilga vi ytterlegare 220 mill. kroner for perioden 2026–2027. ElBits har no 34 medeigarar, som dekkjer 89 prosent av nettkundane i Noreg. Produkta og infrastrukturen dei utviklar, skal bidra til nasjonale løysingar og standardisering av data og prosessar på tvers av nettselskap og nettnivå.

Hjelpe departementet i arbeidet med å utvikle regulering av nettet og marknaden til havs

RME har ikkje hatt nokon oppdrag frå ED som gjeld havvind i 2025. RME følgjer utviklinga av relevante forhold for det regulatoriske rammeverket for havvind i Noreg.

Forvalte og administrere den midlertidige ordninga der Statnett overfører delar av flaskehalsinntektene for 2025 til underliggjande nettselskap

RME har vedtatt at totalt 1,3 mrd. kroner skal betalast frå Statnett til underliggjande nettselskap i løpet av 2025. Formålet med ordninga var at kundar ikkje skulle få høgare nettleige som følgje av høge kraftprisar. Ordninga har sørgt for dette ved at flaskehalsinntektene har dekt kraftprisar over 35 øre/kWh for alle nettselskapa i heile landet.

3.7 Støtte til hushald for høge straumutgifter og innføring av Noregspris

Straumstønadsordninga for hushald starta i desember 2021 for å redusere dei økonomiske konsekvensane av svært høge straumprisar. RME forvaltar og fører tilsyn med ordninga, mens nettselskapa identifiserer kven som har krav på støtte, og betaler ut støtta. Hushalda får delar av straumutgiftene sine tilbake gjennom nettleiga.

Ordninga er forlengd med innslagspunkt på 75 øre/kWh (utan mva.) frå 1. januar 2025. Det var budsjettert med 4,8 mrd. kroner til støtta i 2025. Hushalda får kompensasjon i timar der spotprisen er over 75 øre/kWh, og dei får dekt 90 prosent av prisen over dette nivået.

I juni 2025 vedtok Stortinget den nye «lov om Noregspris og strømsønad til husholdninger». Lova trede i kraft 1. oktober 2025 og gjeld for både strømsønad og Noregspris, og skal vare ut 2029.

Noregspris er ei frivillig ordning som gir ein fast straumpris på 40 øre/kWh (utan mva.) for hushald og fritidsbustader. Staten betaler differansen dersom spotprisen er høgare, mens kunden betaler dersom spotprisen er lågare. Avtalen er bindande ut 2026.

For begge ordningane blir det tatt omsyn til meirverdiavgift i dei områda der kundane betaler det. Det er eit maksforbruk på 5 000 kWh for hushald og 1 000 kWh for fritidsbustader per måned. Støtte- eller prissikringsbeløpet blir trekt frå eller lagt til nettleiga eller eventuelt utbetalt dersom det overstig rekninga.

I 2025 utbetalte vi 4,38 mrd. kroner i straumstønad, og sidan desember 2021 er det totalt utbetalt 50,88 mrd. kroner i straumstønad. Under ordninga med Noregspris blei det utbetalt 1,46 mrd. kroner i 2025.

Vi har i 2025 behandla mange spørsmål og tvistar knytte til ordningane, og fører tilsyn med utbetalingane. I 2025 har RME engasjert eit revisjonsselskap for å kontrollere at utbetalingane er riktige, og at nettselskapa handterer ordningane på ein god måte. Sluttrapporten kjem i januar 2026.

3.8 Omtale av ressursbruk

Vi har i fleire år gjennomført tiltak for å bruke ressursane meir effektivt, blant anna gjennom omfordeling, digitalisering og betre arbeidsprosessar. Dette gjer vi for å vere godt rusta til å møte nye behov i eit kraftsystem som er i rask endring.

RME har hatt for lite kapasitet til å behandle usemjesaker raskt nok. Derfor har vi tilsett fleire, effektivisert saksbehandlninga og tatt i bruk nye system. Samtidig er etterspurnaden etter rettleiing og reguleringskompetanse stor, særleg i ei tid med mykje merksemd rundt kraftsystemet og nettilknytning. I 2025 har RME hatt ansvar for å forvalte ordningane med kompensasjon for høge straumprisar og Noregspris for straum. Vi står for tildeling av støtte gjennom kvart enkelt nettselskap og for tilsyn med ordningane, inkludert oppfølging og kontroll. Dette arbeidet har vore ressurskrevjande og har gjort at vi har måtta omprioritere.

Vi må framleis prioritere kjerneoppgåvene våre, som å fastsetje inntektsrammer, behandle klagesaker og føre tilsyn. Det betyr òg at vi må avgrense kva område vi fører tilsyn med.

Vi arbeider ikkje med oppgåver under den tredje energimarknadspakka, der fagkompetansen og ressursane i dag ligg i andre avdelingar i NVE. Det gjeld for eksempel vurderinga av Statnetts nettutviklingsplan slik tredje energimarknadspakke krev. Vi har òg nedprioritert arbeid knytt til hydrogen, gass og sektorkopling – område som dei andre reguleringsmyndigheitene i Norden og Europa arbeider aktivt med no.

4. Del IV: Styring og kontroll

Vi viser til årsrapporten til NVE for informasjon om styring og kontroll.

5. Del V: Vurdering av framtida

Energipolitikken i Noreg og Europa legg særleg vekt på elektrifisering, auka produksjon av fornybar energi og behovet for meir nett og raskare tilknytning. Den grøne omstillinga gjer kraftsystemet meir avhengig av vêrbaserte energikjelder, noko som aukar sårbarheita i kraftforsyninga. Samtidig har den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa blitt meir uroleg, med auka global konflikt og truslar som påverkar den kritiske infrastrukturen i samfunnet – inkludert kraft- og energisektoren. Vern mot cyberangrep, sabotasje og datalekkasjar er derfor viktigare enn nokon gong. I denne samanhengen er det viktig å modernisere drifta og utviklinga av kraftsystemet for å handtere konsekvensane av utviklinga.

Dei nordiske systemansvarlege har gjennomført fleire større endringar i prosessane for systemdrifta i 2024 og i 2025. Dette gjeld blant anna innføring av flytbasert kapasitetsberekning i døgnmarknaden, automatisert balansering og endringar i prosessen for dimensjoneringa av reservar. Endringane ser samla sett ut til å ha ført til høgare og meir volatile ubalanseprisar og ein stor auke i systemdriftskostnadene. Systemansvarleg har derfor gjennomført ei rekkje tilpassingar i prosedyrane sine, og det er forventa at tiltaka vil redusere konsekvensane noko. Vi følgjer utviklinga av dette tett og har løpande dialog med systemansvarleg. Vi har også tett informasjonsutveksling og dialog med dei andre reguleringsmyndigheitene i Norden.

I europeisk samanheng er ei rekkje ekstraordinære tiltak sette i verk for å avhjelpe situasjonen. Eit av prinsippa i dagens marknadsdesign er at prissignala skal reflektere dei underleggjande fysiske eigenskapane i kraftsystemet. Det er derfor viktig at tiltak som blir satt i verk for å avhjelpe situasjonen i størst mogeleg grad bevarer prissignala. I tillegg til kortsiktige tiltak blir det på europeisk nivå diskutert om ein skal sjå nærmare på behovet for meir langsiktige og strukturelle endringar i marknadsdesignet. Om slike endringar blir gjennomførte utan gode nok vurderingar i forkant, kan det innebere negative konsekvensar for korleis kraftmarknaden fungerer. Eit viktig tiltak for oss er derfor å følgje diskusjonane i denne samanhengen tett, i Noreg, Norden og Europa, og å vurdere konsekvensar av eventuelle endringar.

Det norske kraftsystemet er tett integrert med Norden og Europa, og moderniseringa av kraftsystemet skjer ved at det blir utarbeidd og implementert forordningar med harmoniserte regelverk og metodar. Prosessane har mykje å seie for utnyttinga av mellomlandssambanda våre, for verdiskapinga i norsk regulerbar vasskraft og for driftssikkerheita i Noreg og Europa elles. Reguleringsmyndigheitene må bli einige om konkrete løysingar som systemansvarlege og kraftbørssar skal følgje i drifta av kraftsystemet, og som reguleringsmyndigheitene skal handheve. Eit sterkt fagmiljø og aktiv deltaking i nordisk og europeisk regulatorsamarbeid er viktig for at reguleringsmyndigheitene skal komme fram til felles syn og vedtak.

RME regulerer nettselskapa, som har monopol på å levere nettenester, og fastset årlege inntektsrammer for å sikre at elektrisk kraft blir overført til rett kvalitet og pris. For 2026 er inntektsramma varsla til 44 mrd. kroner, og i perioden 2024–2030 vil nettselskapa investere om lag 170 mrd. kroner i straumnett. Straumnett er brukarfinansiert, og heile kostnaden blir velta over på norske hushald og bedrifter. Målet med den økonomiske reguleringa er å bidra til effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnett. Det er behov for å knyte til fleire og store nettkundar framover, og nettselskapa må gjere store investeringar og utnytte eksisterande kapasitet i nettet optimalt for å dekkje etterspurnaden etter straum og effekt. Det er viktig at nivået på investeringane i nettinfrastruktur verken blir for høgt eller for lågt, og at nettet blir drifta kostnadseffektivt. Auka elektrifisering og endring i bruken av kraftsystemet gjer at det trengst meir avanserte modellar for

at reguleringa framleis skal ha nødvendig tillit. Nettselskapa etterspør i aukande grad modellar og metodar som tar omsyn til kva avstandar energi og effekt skal transporterast over i nettet, og at selskapa har knytt til kundar med ulike behov for leveringspålitelegheit utan ugrunna opphald.

I dag tar det lang tid å få nettilknytning for nye kundar på grunn av avgrensa nettkapasitet. Nettselskapa har fått høve til å knyte til kundar med vilkår, og til å reservere kapasitet til vanleg forbruk. Som vi også har omtalt i kapittel 3.3 ovanfor, har vi dei siste åra arbeidd med fleire tiltak for raskare tilknytning, blant anna krav om at nettselskapa skal rapportere kor lang tid dei bruker på å knyte kundar til nettet, og kriterium for å vurdere modning for tilknytingsførespurnadene. Dette tiltaket vil gjere reglane for tilknytingsprosessen tydelegare. Vi har også endra delar av inntektsreguleringa slik at ho gir sterkare insentiv til å knyte til kundar raskare. Samla vil desse tiltaka venteleg redusere faren for at ny tilknytning ikkje går raskt nok, men det vil framleis vere stor fare for at det tar lang tid, spesielt for store kundar. At nettselskapa ikkje får knytt til nytt forbruk i tilstrekkeleg grad, har alvorlege konsekvensar. Det fører til store kostnader for samfunnet, og vi vil arbeide vidare med tiltak for raskare tilknytningar.

Det skjer ei rask og omfattande teknologiutvikling i den kundenære delen av kraftsektoren. Ein stor del av den nye kraftproduksjonen blir koplå til distribusjonsnettet, og elektrifisering av transport med meir vil også bli koplå til det same nettnivået. Samtidig opnar ny teknologi for å utvikle lokale energiløysingar og eit meir fleksibelt straumforbruk. Dette skaper fleire utfordringar som gir behov for å vidareutvikle reguleringa.

Vi vil utvikle reguleringa slik at ho styrkjer insentiva for effektiv drift, utnytting og utvikling av nettet. Dette omfattar eit sett av tiltak, blant anna endringar i inntektsreguleringa og auka tilgang til å teste ut nye løysingar. Vidare vil vi blant anna arbeide med reguleringa for å leggje til rette for fleksibilitetstenester, elektrifisering av transportsektoren og ein meir velfungerande sluttbrukarmarknad.

Det er behov for tettare oppfølging av kostnadene til Statnett og måten dei utøver systemansvaret på, og for god forståing av alle forhold knytte til plikt om tilknytning og systemdrift. Dette er spesielt viktig no når det er høg investeringstakt og auka nettkostnader, samtidig som det er behov for tettare oppfølging av verkemiddel i driftsfasen. Framover vil vi arbeide for å sikre ei effektiv driftskoordinering av kraftsystemet, blant anna gjennom auka digitalisering.


I planane til EU er det venta omfattande utbygging av vindkraft til havs. I Noreg er to område i Nordsjøen opna for slik verksemd. Ei storstilt utbygging av havvind kan også kombinerast med ulike former for kraftforbruk til havs. Desse framtidsutsiktene kan gjere det nødvendig å utvikle regulering for kraftnett til havs som legg til rette for andre nettløysingar enn radialar frå produksjons- eller forbrukspunkt og til land. Vi vil derfor følgje utviklinga i Europa på dette området. Vi vil også hjelpe Energidepartementet med å utvikle reguleringa av nettet og marknaden til havs.

6. Publikasjonslister

Publikasjonar i seriane til RME i 2025 er å finne på [nettsidene våre](#).



NVE



Middelthuns gate 29
Pb. 5091 Majorstuen
0301 Oslo
Telefon: + 47 22 95 95 95
www.nve.no